

## Oppsummering av innkomne merknader, med kommentar frå kommunen, datert 20.02.2025.

I kolonnen for avsendar er det vist til ein dokumentID for kvar merknad. Merknaden kan ein finne via kommunen si heimeside <https://bremanger.kommune.no>, under fana «Innsyn». I søkefeltet skriv ein inn dokumentID-en, og får då opp merknadsdokumentet og kan lese det i sin heilskap.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
	<b>Offentlege mynde</b>		
1	Statsforvaltaren i Vestland DokID 24/11810	<p>Førebels samordna fråsegn datert 07.11.2024.</p> <p>Meinte det var feil og manglar ved KU, mellom anna knytt til naturmiljø på land, klimagass og påverknad på Tennøyane naturreservat.</p> <p>Stiller spørsmål ved om det faktisk er mulig å unngå negativ påverknad på sjøbotn og marine naturtypar i Holmasundet, og om dette området med så store natur- og miljøverdiar er rette staden å etablere eit så arealkrevjande anlegg.</p> <p>Meiner det er feil å bruke reguleringsplanen frå 2010 som null-alternativ som verknadane av planen er vurdert opp mot. Saknar vurderingar av alternativ der ein unngår nedbygging av svært verdifulle areal, og stiller spørsmål ved om det er lagt stor nok vekt på transformasjon og gjenbruk av areal, og samlokalisering med annan næring ved vurdering av mogleg lokalisering.</p> <p>Understrekar at det må sikrast at området ikkje skal kunne nyttast til andre føremål dersom det vert opna for nedbygging av verdifull natur for å oppnå svært stor samfunnsnytte. Det må vere rekkefølgekrav som ikkje opnar for inngrep før alle avklaringar er gjort og endeleg avklara at tiltaket vert realisert.</p> <p>Viser til at massehandtering, støy og andre tema det er stilt krav om dokumentasjon før rammeløyve, er vesentlege plantema som skulle vore avklara på siste plannivå. Det er viktig at planen set tydelege grenser og rammer for m.a. massehandtering, støy (også i anleggsfasen) og andre nærmiljøtema</p>	Endringar i plankart, føresegner, KU og oppdatering av planomtale for å imøtekomme merknaden.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
2	Vestland fylkeskommune DokID 24/11562	<p>1 Regionale planar – viser til at regionale planar skal leggjast til grunn for kommunal planlegging, og saknar synleggjering av føringar i m.a: -Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 -Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion -Regional plan for klima 2022-2025 Spesielt den siste har relevante plantema for planarbeidet med områdereguleringa.</p> <p>2 Planfagleg – vanskeleg å sjå korleis avbøtande tiltak i KU er oppfølgt i føresegnene, bør synleggjerast i føresegnene.</p> <p>3 Klima og energi - påpeikar at planen i større grad må vurdere bruk av overskotsvarme framfor å sleppe det ut i fjorden. Dei stiller spørsmål ved om det er sett av nok areal til at denne ressursen kan utnyttast.</p> <p>4 Næringsutvikling - planlegginga for industriarealet Holmaneset i Bremanger kommune stør opp om Vestlandet sine overordna målsetjingar og planar for regional utvikling. Fabrikken på Holmaneset vil bidra med grønt hydrogen og ammoniakk for grønt skipsfart i Vestland. Viser til at Vestland har verdas leiande fagmiljø innan grønt skipsfart, og energien frå Holmaneset er sentral i verdikjeda for å kunne utvikle meir miljøvenlege skip frå rederia.</p> <p>5 Samferdsel – Motsegn til planen pga. manglande frisiktlinjer i beredskapsavkøyrsla i planalternativ 2b. Må vere løysing i samsvar med vegnormalane eller godkjent fråvik på manglande frisiktlinjer i beredskapsavkøyrsla for at motsegna</p>	<p>1 Innspel om at forholdet til nemnde regionale planar blir gjort greie for, blir innarbeidd i planen kap 4.</p> <p>2 Merknaden er teken til følgje ved at det i kap 7 er omtala for kvart KU-tema korleis fråsegna har påverka planforslaget, og kva avbøtande tiltak som er innarbeidde i planforslaget.</p> <p>3 3MW varme skal gjenvinnast internt på anlegget i ein dampturbin og det skal installerast ein tilkoplingsmodul (Tie-in) som legg til rette for framtidig utnytting av biprodukta. Tiltakshavar og kommunen vil ha dialog med næringslivsaktørar og andre interessentar for å vurdere mest mulig gjenbruk av biprodukta.</p> <p>4 Merknad om næringsutvikling er teke til vitande.</p> <p>5 Det har vore ein prosess ilagmed fylkeskommunen, om tilpassing av planen og godkjenning av fråvik frå vegnormalane. Motsegn er trekt.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>vert trekt. Føresegna om at avkøyrsløse frå fv. 614 skal utformast i tråd med krav i handbok N100 «Veg og gateutforming» må supplerast med at dei også skal vere utforma i tråd med dei fråvika som er gjeve.</p> <p>6 Kulturminne/-miljø Det er registrert fem busettings- og lokalitetsområde frå steinalder, som er automatisk freda etter kulturminnelova. Aktivitets- og busettingsområde id 317534 ligg midt inne i regulert næringsføremål, og har fått føresegningsområde #4. Universitetsmuseet i Bergen peikar på at det lokaliteten id 317534 framstår som godt bevart. Vidare skriv dei at det er påvist få lokalitetar frå steinalder i landskapet mellom Skatestraumen/Vingen i nord og Florelandet i sør. Derfor meiner dei det vil vere interessant å undersøke omsøkte kulturminne for å auke kunnskapen om steinalder i dette området. Samla sett tilrår Universitetsmuseet i Bergen, Fornminneseksjonen, at det blir gitt dispensasjon frå lov om kulturminner § 8, fjerde ledd for Askeladden ID 317534, med vilkår om at det først blir gjennomført arkeologiske undersøkingar. Ynskjer at heile Storholmen skal vere omsynssone bevaring kulturmiljø.</p>	<p>6 Dei konkrete føringane for ivaretaking av kulturminna i plankart og føresegner, er innarbeidde i planen i samsvar med merknaden frå fylkeskommunen.</p>
3	Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) DokID 24/11479	<p>1 DMF meiner det bør planleggast for å minimere mengda overskotsmasser. Påpeikar at mindre overskotsmasser medfører mindre behov for transport og areal til handtering av massane.</p> <p>2 Dei gjer merksam på at planen råkar pukkforekomsten på Holmaneset, som NGU (Norges geologiske undersøking) har vurdert som muleg framtidig uttaksområde (oppdatert 2007). DMF prioriterte ikkje å spele inn dette til varsel om oppstart, men bed kommunen vurdere om dette skal omtalast i planomtalen for å sikre at saka er tilstrekkeleg opplyst.</p>	<p>1 FFI viser til at massebalansen skal optimaliserast vidare i detaljprosjekteringa. Det skal liggje føre massehandteringsplan ved rammesøknad, og alle eigna masser skal gjenbrukast.</p> <p>2 Merknad vedkomande pukkressurs er teken til følge og omtala i planen.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
4	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) DokID 24/11344	<p>1 DSB er nøgde med at deira merknader til varsel om oppstart er følgde opp i planforslaget. Dette gjaldt etablering av omsynssoner basert på bereikna risikokonturar i QRA-analysen.</p> <p>2 Dei er og nøgde med at det blir planlagt ein hovudtilkomst og en beredskapstilkost i begge planalternativa, og at det er sikra at det skal liggje føre eit forpliktande samarbeid mellom tiltakshaver og Bremanger kommune om tilrettelegging for tilstrekkeleg brannberedskap.</p>	Merknaden blir teke til vitande.
5	Mattilsynet DokID 24/11563	<p>1 Mattilsynet meiner vasskjelde (Svelgen vassverk eller avsalting av sjøvatn) burde vore avklara ved høyring. Med omsyn til beredskap meiner dei det bør planleggjast fleire UV-anlegg for drikkevatt, uavhengig av vasskjelde. Uavhengig av vasskjelde skal råvasskvaliteten dokumenterast i søknad om godkjenning av plan for vassforsyningsssystem.</p> <p>2 Mattilsynet viser til dyrevelferdslova, som også gjeld akvatiske dyr, og krav om å verne desse mot fare og unødige påkjenningar. Dei viser til at lyd og trykkbølger ved sprenging kan skremme og skade villfisk, og til faren ved partikkelspreiing i sjø, frå sprenging og steinmassar. Dei peikar på at ein må stille krav til entreprenørar og andre relevante verksemdar i anleggsperioden, om vask og desinfeksjon av anleggsmaskinar og anna utstyr, før desse kan brukast i og nært vassdrag og fjordar. Dei nemner og at det under anleggsfasen vil kunne oppstå avrenning av anleggsvann eller utslepp av kjemikaliar og olje frå maskinar, og entreprenør må kunne gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre skade på resipienten. Mattilsynet føreset at det blir sett i verk tilstrekkelege avbøtande tiltak under anleggs- og driftsfase, og sikrar at vassførekosten ikkje blir svekka.</p>	<p>1 Ein vurderer at det ikkje er behov for ny høyring med bakgrunn i uavklara vassforsyning. Vasskjelde vil bli avsalting av sjøvatn. Det vil bli vurdert nærare i detaljprosjektering om det skal etablerast fleire UV-anlegg.</p> <p>2 Krav til arbeid i og ved sjø er ivaretekne i føresegnene til planen. Ein viser til Fiskeridirektoratet si motsegn, og innarbeiding av deira krav til formulering av planføresegner, for å sikre mot ureining til sjø i anleggs- og driftsfase. Dei har etter dette trekt motsegna. Ein plan for miljøoppfølging i anleggsperioden skal utarbeidast, og behandlast av kommunen i samband med søknad om rammeløyve etter plan- og bygningslova.</p>
6	Statens vegvesen (SVV) DokID 24/10586	Vegvesenet meiner deira merknader ved planoppstarvarsel er tilstrekkeleg følgde opp i planframlegget.	Merknaden blir teken til vitande.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
7	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) DokID 24/11143	<p>NVE viser til at planområdet ikkje ligg i aktsemdsområde for flaum, men at overvatn må leiast trygt til resipient for å unngå skade.</p> <p>NVE er nøgde med utgreiingane som er gjorde vedkomande skredfare og områdestabilitet, og tiltaka som er sikra gjennomført ved krav i planframlegget.</p> <p>NVE oppmodar om å registrere rapportar om skredfare i bratt terreng, flaumfare og fare for kvikkleire, på deira farekartleggingsportal. Dei ønskjer vidare at geotekniske rapportar blir sende til Nasjonal database for grunnundersøkingar (NADAG).</p> <p>NVE informerer om at ev vassforsyning frå Svelgen 2 og 4 ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova. Det er vist til at anlegget skal knytast til regionalnettet via 132kV sjø-/jordkabel, frå planområdet til Svelgen trafostasjon. Dette krev konsesjon hos NVE etter energilova, og denne saka pågår.</p> <p>NVE minner om at det er kommunen sitt ansvar at det blir teke nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrags- og energianlegg, i arealplanar, dispensasjonar og byggjesaker.</p>	<p>Merknaden vedkomande overvatn er imøtekomen ved krav i føresegner til overvasssystem der det er fare for avrenning av ureina vatn til sjø.</p> <p>Andre forhold i merknaden blir tekne til orientering.</p>
8	Fiskeridirektoratet DokID 24/11125	<p>Fiskeridirektoratet har motsegn til planen, då den ikkje sikrar mot negativ påverknad på gytesuksessen til kysttorsk. Faren for negativ påverknad gjeld arbeid som sprenging og utfylling i og ved sjø, og støy og avrenning av støv, også kjemikal og olje f eks., i samband med slik arbeid.</p> <p>Dei marine naturtypene ålegraseng og tareskog i planområdet er i KUen vurderte til å ha stor verdi. Basert på registrerte fiskeriinteresser som gytefelt, ålegrassamfunn og større tareskogførekost, er området i Holmaneset av Fiskeridirektoratet vurdert til å vere eit viktig økologisk funksjonsområde for kysttorsk i regionen. Gytefeltet omfattar alle tre Gulenfjordane og strekkjer seg til Frøysjøen, medan to rekefelt (Nordgulen og Brynneset) ligg i Nordgulen. Gytefeltet</p>	<p>Merknaden frå Fiskeridirektoratet er teken til følge ved at deira formulering til planføresegner er innarbeidde i plan, føresegnene pkt 2.6:</p> <p>«Det er tillate med utfylling i sjø innanfor føresegnssområdet #1 i nødvendig omfang for å gjennomføre tiltaket. Tiltak som utfylling i sjø, sprenging i sjø og andre tiltak som kan redusere gytesuksessen til kysttorskbestanden, skal ikkje utførast i perioden 1. januar til og med 15. juni. Alternativt må det iverksetjast avbøtande tiltak for å forhindre vesentleg påverknad på</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>har regional verdi, med høg tilbakehalding av egg. Det er viktig at påverknaden på gytefeltet blir så låg som muleg, for å sikre gyteforholda og dei tidlege livsfasane til kysttorsken.</p> <p>Fiskeridirektoratet bed om at tidsrommet for utfylling i sjø blir endra til å omfatte tida 1. januar til 15. juni. Dersom det skal gjerast unntak frå dette, skal det dokumenterast at avbøtande tiltak vil kunne redusere verknadane av tiltaket til å vere innanfor akseptable tolegrenser for påverknad.</p> <p>I den grad det er risiko for negativ påverknad på kysttorsk i oppvekst, skal det i den grad det er muleg gjerast avbøtande tiltak for å redusere negativ påverknad som følgje av tiltak i sjø.</p>	<p>gytesuksessen i samband med denne typen arbeid. Det skal dokumenterast av fagkunnige at dei avbøtande tiltaka vil føre til at påverknaden vil vere innanfor akseptable tolegrenser. Utfylling i sjø krev løyve frå hamnemynde jf. hamne- og farvasslova §14. Utfylling og tiltak i sjø treng òg løyve frå forureiningsmynde jf. forureiningslova §11. Utfylling i sjø skal skje i samsvar med geotekniske vurderingar og råd utarbeidd av fagperson. Tiltak i sjø skal utførast på ein skånsam måte. Tiltak som kan medføre vesentlege negative konsekvensar for kysttorskbestanden i området kan ikkje setjast i gong før nødvendige avbøtande tiltak er iverksette. Omfanget og innretninga på dei avbøtande tiltaka skal beskrivast i søknad om utfylling og mudring, og godkjennast av Statsforvaltaren i Vestland jf. forureiningslova §11 og forureiningsforskrifta kapittel 22.» Fiskeridirektoratet har trekt motsegna, under føresetnad om denne endringa.</p>
9	Kystverket DokID 24/10647	<p>For å tryggje skipstrafikken er det eit krav at det blir etablert ein navigasjonsinstallasjon på Tretteskjeret. Planområdet bør derfor utvidast til å inkludere dette, ev at det blir sikra i føresegnene til reguleringsplanen. Dei skriv vidare at det ikkje kan etablerast tiltak som skjerme for, eller forstyrre, navigasjonsretteleinga i farvatnet. Dei nemner her f eks flammefårn, tankar, andre høge bygningar, og lyskjelder, og at dette bør sikrast i føresegnene til planen.</p>	<p>Innspelet er teke til følgje. Det er innarbeidd rekkjefølgjekrav i planføresegnene, som sikrar etablering av navigasjonsinstallasjon på Tretteskjeret før det kan gjevast bruksløyve for hamneanlegget. Det er ikkje nødvendig å utvide planområdet for å sikre etableringa. Arealdelen til kommuneplanen tillet nyetablering av navigasjonsinstallasjonar innanfor sjøføremålet (bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsoner).</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		Kystverket minner om at alle tiltak som kan påverke tryggleik, ferdsel eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet, skal handsamast etter hamne- og farvasslova.	Det er og sikra i føresegnene at det ikkje kan etablerast tiltak som kan skjerme for, eller forstyrre navigasjonsrettleiinga i farvatnet.
10	Heimevernet, HV11 DokID 24/10792	Heimevernet har ikkje merknader til planforslaget	Blir teke til orientering
11	Eldrerådet i Bremanger kommune Dok ID 24/10911	<p>1 Eldrerådet meiner Holmaneset må forbli urøyd natur, og er imot prosjektet. Dei meiner at naturkrisa er komen så langt at det er viktig å sette foten ned mot å byggje ned meir natur. Dei meiner all bruk av Holmane og Holmasundet i framtida må vere tilgjengeleg for rekreasjon og friluftsliv. Dei peikar på at prosjektet vil krevje eit enormt energiforbruk og energitap, og meiner straumprisen for yngre og eldre i kommunen truleg vil auke kraftig. Dette vil igjen gjere det vanskelegare å rekruttere helse- og omsorgspersonell i framtida.</p> <p>2 Meiner prosjektet ikkje vil auke bulyst i Bremanger kommune, men gjere framtida for komande generasjonar utrygg og lite lovande.</p> <p>3 Eldrerådet er bekymra for konsekvensane av utslepp av kjølevatn i eit omfang på 11 000-12 000 m3 i timen.</p>	<p>1 Meholmen og Littleholmen ligg utanfor planområdet for reguleringsplanen. Storeholmen og Holmasundet blir regulert til naturområde der det ikkje er lov å gjere inngrep. Det er frå DSB signalisert at ferdsel utan opphald vil kunne skje i småbåtleia Holmasundet og på Storeholmen. Dette blir endeleg avklara først når FFI søkjer DSB om godkjenning (samtykke) trin 2, som blir gjort etter at det er gjort vedtak i reguleringsplansaka.</p> <p>2 Det er mange merknader som viser til bekymring for tryggleik og bulyst i Nordgulen, ved etablering av ammoniakfabrikk. Kommunen må vege fordelar og ulemper ved tiltaket opp mot kvarandre ved handsaming av planen, og om risikoen ved anlegget er akseptabel.</p> <p>3 Jfr konsekvensutgreiinga vil temperaturen på kjølevassutslepp vere 12 grader celsius høgare enn vatnet ein tek inn frå fjorden. Kjølevatnet vil raskt bli blanda med sjøvatnet i fjorden, og temperaturforskjellen vil vere mindre enn 3 grader celsius, 7 meter frå utsleppspunktet. Når avstanden er 25 meter, vil temperaturforskjellen vere under 1 grad celsius. Det er teke inn krav i føresegnene</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
			om energigjenvinning og tilrettelegging for framtidig utnytting av overskotsvarme. I samband med utsleppsløyve etter ureiningslova bør det vere krav til miljøundersøkingar i driftsperioden, med tanke på langtidsverknader av t.d. varmtvassutslepp.
12	Folkehelseavdelinga i Bremanger kommune Dokid 24/11191	Folkehelseavdelinga gjev uttale med bakgrunn i Forskrift om miljøretta helsevern. Dei stolar på at utgreiing av beredskap og helsemessige ulemper i planframlegget blir vurdert av DSB, for å sikre at ulempene for befolkninga blir minimert. Folkehelseavdelinga ser det som positivt at det blir gjort tiltak for å minimere risiko for flaum og skred. Dei er positive til at det er klåre føresegner om støy- og lysforureining i anleggs- og driftsfase, og rår til at omfanget av støy og lysforureining frå verksemd og tilhøyrande logistikk, blir utgreidd og følgt opp vidare i planprosessen.	Omfang av støy og lysureining frå verksemd, og tilhøyrande logistikk, blir følgt opp i rammesøknad.
	<b>Lag og organisasjonar, politiske parti</b>		
13	Bremanger Arbeiderparti (AP) DokID 23/6869	1 Viser til at Holmanes-området er friluftsområde for ferdsel, fangst, sanking og rekreasjon, og at området har naturkvalitetar som eldre kystfurskog og ålegrasenger. Meiner det kan gjerast ytterlegare forbetringar for å skjerme Holmane og sundet for inngrep, og at fri ferdsel i dette området må oppretthaldast.  2 Innspel om større skjerm av urørt fjell og furuskog mot vest og nordvest langs Holmesundet, og at den nordlege delen av Holmaneset, Olavika og Olavikneset må stå urørt. Er opptekne av at tryggleik kring anlegget, både som arbeidsplass og for friluftsliv i området.	1 Det er gjennom planarbeidet gjort grep for å redusere fotavtrykket til tiltaket, og sett krav om avbøtande tiltak i anleggs- og driftsfasen. Tiltakshavar foreslår å bruke økologisk kompensasjon (vern av gammalskog andre stedar) for å kompensere for tapet av gammalskog på Holmaneset.  2 Vegetasjonsskjermen mot Holmasundet er utvida med om lag 6 daa, og ei ytterlegare utviding er ikkje foreineleg med industri-etableringa. Å trekkje anlegget lenger mot aust vil medføre større fylling i sjø, og vere problematisk i høve massebalanse då det er svært djupt i dette området (30-50 m).



Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>Ynskjer at anlegget skal flyttast lenger aust mot Djupevika, og utgreiast om deler av anlegget kan leggjast inn i fjell og ammoniakktanken gravast ned.</p> <p>3 Viser til at 0-alternativet som er referanse for verknadane av utbygginga er reguleringsplanen frå 2010, og meiner det gjev eit formilda bilde av konsekvensane. Dei meiner utbyggjar må vurdere utbygginga mot no-situasjonen og kommunisere verknadane tydelegare.</p> <p>4 Viser til at feltarbeid for naturmangfald er gjort i få og avgrensa periodar, og at det kan ha ført til at verknadane på naturmangfaldet kan vere undervurderte. Viser til at transport av vegetasjonsdekke og myr til deponi vil gje ei ekstra belastning på trafikken langs fylkesvegen i anleggsperioden, og at det ikkje går fram kvar massane skal deponerast.</p> <p>5 Kunnskapsgrunnlaget i planen er ikkje tilstrekkeleg med tanke på utslepp, lyd- og lysforureining, og det må veljast tekniske løysingar som gjev minst mulig ulemper, både i anleggsperioden og ved drift.</p>	<p>Tiltakshavar ynskjer å gå vidare med planalternativ 2 B, som ikkje medfører ei større utfylling i Djupevika. Teknologien knytt til konseptet med nedgraving av ammoniakktank er ikkje ferdig utvikla og dokumentert i samsvar med gjeldande standarder og krav. Denne prosessen er vurdert å kunne ta 3-6 år, og dette er såleis ikkje eit relevant alternativ for lagringa på Holmaneset.</p> <p>3 0-alternativet i konsekvensutreiinga er i samsvar med planprogrammet som vart vedteke av formannskapet, der også Arbeiderpartiet var representert. For dei tema konsekvensane i høve til no-situasjonen vil vere større enn i høve til 0-alternativet er det gjort eigne utgreiingar, jf. vedlegg 1 til konsekvensutgreiinga.</p> <p>4 Dei fagkunnige som har gjort konsekvensutreiinga meiner at kartlegginga som er gjennomført gjev eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag naturmangfaldet av floraen i området, sjølv om tidspunktet for undersøkingane ikkje var optimalt. Det vil ikkje vere mulig å garantere at alt naturmangfaldet er kartlagt ved feltundersøkingar nokre få dagar av året, og det vil alltid vere ei viss usikkerheit.</p> <p>5 Føresegnene til planen set krav til at støyutslepp skal haldast innanfor tilrådde grenseverdiar, både i anleggs- og driftsperioden. Ved rammesøknad skal det leggjast fram plan for massehandtering, lyssetjing, anleggsgjennomføring og miljøoppfølging. Føresegnene er foreslått</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>6 Meiner planen ikkje tek høgde for korleis evakuering av forbipasserande trafikk skal skje ved ein alarmsituasjon, og at utbyggjar må planlegge for at trafikken må kunne snu utan å hindre utrykkingskøyretøy. Beredskapen for Elkem må ikkje reduserast.</p> <p>7 Realisering av prosjektet vil skape arbeidsplassar og kan bidra til positiv utvikling av Svelgen og kommunen, og utbyggjar må setje i verk tiltak for å legge til rette for auka busetnad i samarbeid med kommunen. Vurdere tilrettelegging for pendling med båt frå ytre Bremanger. Det bør arbeidast for framskunding av prosjektet Svelgen-Indrehus.</p> <p>8 Forventar at FFI planleggjer for bruk av overskotsvarme, og påpeikar at ein ved å trekkje planområdet lenger mot aust vil kunne legge til rette for næring som kan nytte varmen.</p>	<p>supplert med eit krav om at eigna massar skal gjenbrukast eller gjenvinnast (pkt. 2.12 b). Lysureining skal avgrensast til eit minimum. Utslepp til sjø og luft er regulert gjennom forureiningslova, og krev løyve dersom grenseverdier vert overskridne. Bygging og drift av anlegget krev godkjenning frå DSB, og i samband med søknad om samtykke til drift av anlegget skal det vere ei omfattande plan for handtering av alle sider av beredskapen rundt anlegget. I dette ligger internberedskap og samkøyring med offentlege planar og beredskapsstyrkar.</p> <p>6 I samband med beredskapsplanar må det vurderast behov for snuplassar på kvar side av planlagt anlegg, slik at bilistar kan snu ved ev uhell og stengd fylkesveg.</p> <p>7 Merknaden om tilrettelegging for busetnad, tilrettelegging for pendling, og framskunding av Svelgen-Indrehus, vert teken til orientering.</p> <p>8 Mest mulig av overskotsvarmen vil bli gjenbrukt på anlegget, og det vert sett krav i føresegnene om tilrettelegging for framtidig utnytting. Det har vore gjennomført ei kartlegging av mulig interesse blant lokal næringsliv for gjenbruk av biprodukta frå grøn hydrogen- og ammoniakkproduksjon (Prosjekt CircuS), og FFI har kartlagt mulige bruksområde for biprodukta. Dette vil bli arbeidd med vidare.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
14	Bremanger Industri- og næringsparti (INP) DokID 24/11361	<p>1 Skriv at det er mangelfulle modelleringar av kjølevassutsleppet, og at rapporten skulle vore på norsk.</p> <p>2 Det er feil å bruke elektrisitet til dette formålet fordi det vil føre til at straumoverskotet, som kunne erstatte fossil straumproduksjon i utlandet, vert brukt opp og at straumprisane vil auke. Meiner prosjektet ikkje bør realiserast fordi - «grøn» industri er sterkt misvisande i dette tilfellet - kommunen treng å verne meir verdifull natur - det har negative konsekvensar for viktige naturverdiar</p> <p>3 - friluftsområdet Holmaneset vil bli forringa - visuell forringing av området rundt Svelgen som allereie er utbygd med ymse industri - samla negative konsekvensar vil forringe Svelgen for busetting</p> <p>4 Dei viser til at det ikkje må byggjast ut industri sjølv om området er regulert til det frå gammalt av.</p>	<p>1 Det er gjort grundige modelleringar av mulig påverknad på vassstemperaturen og det marine naturmangfaldet som følgje av kjølevassutsleppet. Desse er utført av tre ulike konsultentselskap og gjev i stor grad samanfallande resultat. Rapporten er oversett til norsk før slutthandsaming av planen.</p> <p>2 Bruk av elektrisitet til hydrogen- og ammoniakkføremål er i samsvar med nasjonale strategiar, og slike prosjekt vil komme, uavhengig av om dette er i Bremanger kommune eller andre stadar.</p> <p>3 Bremanger kommune har store naturverdiar, og det er positivt at det er eit så stort engasjement rundt vern av natur. Det er store naturverdiar i kommunen som ennå ikkje er kartlagt, og det vil vere viktig for kommunen å få gjort ei heilskapleg kartlegging av naturmangfaldet i kommunen (kommunedelplan for naturmangfald) for å ta betre vare på desse verdiane. Det er fleire merknader knytt til forringing av friluftsområdet, visuell forringing av området rundt Svelgen og negative konsekvensar for busetting, ved etablering av ammoniakkfabrikk. Kommunen må vege fordelar og ulemper ved tiltaket opp mot kvarandre ved handsaming av planen.</p> <p>4 Det er lite tilgjengeleg næringsareal i og rundt Svelgen, og elles i kommunen, og arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har vist at det er vanskeleg å få avsett nye</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		5 Viser også til intensjonen til kommunestyret om fri ferdsel i Holmasundet og Holmane.	<p>areal til næringsføremål. Ved å ta ut areal som har vore regulert til industri bør ein ha tankar om erstatningsareal, dersom kommunen skal vere positiv til framtidige næringsetableringar.</p> <p>5 Storeholmen og Holmasundet blir regulert til naturområde der det ikkje er lov å gjere inngrep. Det er frå DSB signalisert at ferdsel utan opphald vil kunne skje i småbåtleia Holmasundet og på del av Storeholmen som er innanfor indre omsynssone. Dette blir endeleg avklara først når FFI søkjer DSB om godkjenning trin 2, som blir gjort etter at det er gjort vedtak i reguleringsplansaka.</p>
15	Bremanger Senterparti (SP) DokID 24/11534	<p>1 Konsekvensar for kommunal beredskap må vurderast</p> <p>2 Bør ha tiltak/strategiar for tilrettelegging for busetting, og konkrete forslag til bustadtiltak</p> <p>3 Konsekvensar for nettleigekostnadane bør utgreiast</p>	<p>Dette vil avklarast i samband søknad om samtykke etter storulykkeforskriften. Det er satt krav i planforslaget om at det skal ligge føre ein avtale om samarbeid mellom Bremanger kommune og forslagsstillar om beredskap seinast ved søknad om igangsettingsløyve.</p> <p>2 Teke til orientering. Det er kommunen som må styre eit slikt arbeid, men tiltakshavar er positiv til å bidra i prosessen.</p> <p>3 Nettleiga blir bestemt av netteigar basert på tilhøve i nettet, og satsen endrast ut frå endringar i forbruk og produksjon. Korleis nettleiga vil endre seg fram til planlagt oppstart av fabrikk i 2027 vil også avhenge av kva andre prosjekt som vert etablert i same tidsrom, og dette vil vere uråd å seie på førehand. Kostnad med etablering og vedlikehald av straumforsyning frå Svelgen trafostasjon til Holmaneset vil vere tiltakshavar som må ta, og tiltakshavar</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>4 Det bør setjast av eit skogsområde mellom Holmasundet og planområdet og mot fjorden i nord for å avbøte den visuelle verknaden av anlegget.</p>	<p>må betale nettleige på same vilkår som andre abonnentar.</p> <p>4 Merknaden er delvis teken til følge. Vegetasjonsskjermen mot Holmasundet vert utvida i planforslaget til slutthandsaming. Det er avsett eit lite vegetasjonsbelte på neset lengst nord, og om mulig vil dette bli utvida ved utbygging av anlegget. Ytterlegare vegetasjonsskjerm mot fjorden i nord er uråd å få til, med det arealbehovet som tiltaket har og behovet for/plassering av kai.</p>
16	Bremanger Sosialistisk venstreparti (SV) DokID 24/11411	<p>SV går imot ammoniakfabrikken. Nordgulen er alt belasta med mykje industri og kraftutbygging, og vern av attverande natur og friluftsområde må prioriterast. Alternativsvurdering manglar, og lokasjonsvurdering som er gjort, må offentleggjerast. Planen er i konflikt med kommunestyrevedtak i oktober, då SV skriv det der vart vedteke fri ferdsel i Holmasundet med holmane.</p> <p>SV meiner ein lokalt må gjere sitt for å sikre urøyvd natur, jfr naturkrise i verda, og viser til Holmaneset sine mange naturkvalitetar, inkl. gyteområdet for kysttorsken. Dei viser til at føre-var-prinsippet skal leggjast til grunn ved uvisse om konsekvensar for miljøet. Dei peikar på at feltundersøkingar ikkje gjorde i sesong, og at dette må gjennomførast, for å sikre viktig informasjon om raudlista artar og sårbare økosystem. Viss ikkje oppfyller ein ikkje krava i naturmangfaldlova eller FN sin naturavtale.</p> <p>Dei meiner støy og (samla verknader av) lys ikkje er utgreidd, med verknader for folk, skipsfart, og naturmangfald som gytefelt, rekefelt og verneområdet for sjøfugl, Tennøyane.</p> <p>SV peikar på at det trengst mykje straum, og at ca halvparten går til spille. Dei meiner Elkem blir truga, og at ein ikkje bør satse på ammoniakfabrikken med 35 nye arbeidsplassar. Dei viser til at ein treng folk i jobbane, og at det ikkje manglar arbeidsplassar.</p>	<p>Etter KU-forskrifta §19, siste ledd skal konsekvensutgreiinga også gjere greie for for dei alternativa til utforming, teknologi, lokalisering, omfang og målestokk som forslagsstillaren har vurdert, og ei utgreiing av relevante og realistiske alternativ. KU gjer greie på alternativ til utforming, omfang og målestokk som har vore vurdert (alternativ 1, 2A og 2B). Det er også vist til kva utgreiingar forslagsstillar har gjort med omsyn til lokalisering. Sidan det ikkje låg føre relevante og realistiske alternativ i Bremanger kommune er det ikkje gjort ytterlegare utgreiingar. KU-forskrifta set ikkje krav til at alternative planforslag eller løysingar skal utgreiast fullt ut. Kva relevante og realistiske alternativ som skal konsekvensutgreiast fullt ut skal fastsetjast gjennom planprogrammet.</p> <p>Klimagassregnskapet skal vere utført etter føringane i Miljødirektoratet sin rettleiar, M-1941. Ein viser elles til pkt 6.14.11 om Usikkerhet, vedkomande</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>SV peikar på at klimarekneskapan ikkje inkluderer produksjon av kunstgjødsel og utslepp av lystgass, varmtvatn, massetransport, personelltransport, fjerning av skog, nedbygging av myr og habitat for raudlista artar. Dei bed om at det blir gjort ein grundig kost-nytte-analyse. SV meiner ev ulukke kan få fatale konsekvensar, og at fabrikkene ikkje kan liggje på Holmaneset grunna friuftslivsinteresser, urøyvd natur og nærleik til busetnad. Dei meiner ROS-analysen ikkje er god nok, og spør etter kommunal beredskap, analysar knytt til ev evakuering og elles korleis ein skal sikre tilstrekkeleg beredskap. Dei viser til at beredskapen krev spesiell kompetanse, og at det er vanskeleg å besette ledige stillingar. SV fryktar fråflytting, og bed om at ein tek den store motstanden på alvor.</p>	<p>klimagassberekningar i startfasen av eit prosjekt.</p> <p>Vi viser elles til kommentaren til merknad frå Bremanger Arbeiderparti (nr. 13), Bremanger industri- og næringsparti (nr. 14) og Bremanger senterparti (nr. 15)</p>
17	Bremanger Venstre (V) DokID 24/11532	<p>1 Planalternativ 2a, med administrasjonsbygg i Djupevika, er best m.o.t. vegløyning, parkering, nærleik til næringsareala på austsida av Djupevika.</p> <p>2 Fabrikkene må planleggjast med lettilgjengelege koplingspunkt for framtidig ekstern bruk av vame kjølevatn. Koplingspunkt må skildrast i dei endelege plandokumenta.</p> <p>3 Den grønne skjermen mot nord og mot Holmasundet må vere så brei at den er effektiv. V stille spørsmål ved om den er det i planframlegget. Ev løyse ved å fylle meir i Djupevika og dra planområdet lenger aust.</p> <p>4 Det bør etablerast skyssbåtanløp i Djupevika, jfr alt 2a.</p> <p>5 Anlegget må planleggjast slik at det ikkje blir ferdsels- og opphaldsrestriksjonar i Holmasundet og på Storeholmen. Det går ikkje klårt fram om, eller i kva omfang, tiltaket vil gje slike restriksjonar.</p>	<p>1 Tiltakshavar har valt å gå vidare med planalternativ 2 B, som ikkje medfører ei større utfylling i Djupevika.</p> <p>2 Dette er ivareteke, jf. krav til plan for bruk av overskotsvarme i føresegnene, nytt pkt. 2.12 e).</p> <p>3/4/5 Vi viser til kommentaren til merknad frå Bremanger Arbeiderparti (nr. 13), Bremanger industri- og næringsparti (nr. 14) og Bremanger senterparti (nr. 15)</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>6 Utbetring av fylkesvegen må skje uavhengig av ev tunnel Svelgen - Indrehus, og vere rekkjefølgjekrav, då tiltaket vil gje vesentleg auke i trafikken.</p> <p>7 I tillegg til planlagde utbetringstiltak bør følgjande leggast til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rydde vegetasjon langs strekningen Langeneset - Kjelkenes, for betre sikt</li> <li>- Utbetre fv-strekningen vegkryss Kringomvegen til busslomme vestre Langeneset, ved vegutviding og gang-/sykkelveg.</li> <li>- P-plass vest for Holmaneset, for friluftsliv Kvieneset og stranda v Holmane.</li> <li>- Utviding av 60km-sone frå Kjelkenes til Tretteskjervika.</li> <li>- P-plass i Djupevika, for tursti til Gulebrystet og vidare innover i fjellet.</li> </ul> <p>8 Avbøtande tiltak ved skogvern bør skje i Bremanger kommune</p> <p>9 Legg til grunn at merknader frå Fiskeridirektoratet om gytetider m.v., blir tekne til følgje.</p>	<p>6/7 Krav til å gjere utbetringstiltak som Vestland fylkeskommune har vurdert som nødvendige i høve prosjektet er innarbeidd i føresegnene. Ytterlegare utbetringar av fylkesvegen må vere Vestland fylkeskommune, evt. kommunen i samråd med fylkeskommunen, som tek initiativ til. Dei foreslåtte utbetringstiltaka blir spelt inn til vegeigar, Vestland fylkeskommune. Etablering av parkeringsplassar må kommunen evt. vurdere i samband med «Plan for friluftslivets ferdselsårer» og tiltak knytt til denne. Utviding av 60-sona er truleg ikkje realistisk, då vegeigar tidlegare har innsnevra denne pga manglande grunnlag for nedsett fartsgrense, jf. Statens vegvesen sine kriterier for fartsgrenser (Vegnorsal N300 Trafikkskilt, kap. 11).</p> <p>8 Ved ev skogvern som kompensierende tiltak ser ein fortrinnsvis etter verneverdige område med gammalskog i kommunen.</p> <p>9 Merknaden frå Fiskeridirektoratet er teken til følgje.</p>
18	<p>Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakfabrikk på Holmaneset</p> <p>A DokID 24/9808 (underskriftslistar)</p>	<p><u>Folkeaksjonen har tre merknader, nemnde som A, B og C:</u></p> <p>A 1 03.09.2024: Sender 63 lister med fysiske og digitale underskrifter, frå personar som seier NEI til hydrogen- og ammoniakfabrikk. Dei gjer merksam på at det er nokre som har signert fl. gonger. Listene har 814 fysiske signaturar pluss 115 digitale signaturar, dvs til saman 929. Nedst i dokumentet har ein del av dei som har signert digitalt lagt inn sine synspunkt på prosjektet.</p> <p>B 31.10.2024 (1):</p>	<p>A 1 Politiske organ er gjort kjend med protesten/underskriftslista, og må ha denne med i vurderinga si ved handsaming av planen. Merknaden vert ikkje kommentert ytterlegare.</p> <p>B 1 Det er mange merknader som viser til bekymring for tryggleik og bulyst i</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
	<p>B DokID 24/11523 (hovudmerknad)</p>	<p>1 Folkeaksjonen har sterke innvendingar mot at FFI får løyve til å byggje hydrogen- og ammoniakfabrikk på Holmaneset, og ber om at kommunestyret seier nei til planane. Dei skriv at Holmaneset vert øydelagt for all framtid på grunn av FFI sine kortsiktige profittinteresser, og meiner dette er naturvandalisme som må stansast. Meiner ROS-analysen ikkje tek på alvor risikoen for storutslepp av ammoniakken frå fabrikk eller skip og konsekvensane det kan ha for Svelgen og Nordgulen, spesielt for lite fokus på viljestyrte hendingar som krig eller terror. Meiner kommunen ikkje kan ta risikoen ved at fabrikk vil kunne setje arbeidsplassar ved Elkem i fare pga auka energiprisar, noko som også vil redusere verdien på husa i Svelgen. Skriv at utsleppa av CO2 totalt sett vil bli høgare, og at ein ikkje får nye arbeidsplassar knytt til biprodukta. Dei meiner at saka ikkje har vore tilstrekkeleg utgreidd før avgjerd i planutval og kommunestyre, og minner om kommunelova sitt krav om forsvarleg saksutgreiing.</p> <p>2 Merknad til KU Naturmangfald: Manglar i kunnskapsgrunlaget, feil vektning og KU baserer seg på spekulasjonar i høve miljøpåverknad. Redusert/dårleg forfatning på ålegraseng og rekefelt tilseier ekstra aktsemd. Påverknad av ammoniaklekkasje på naturmangfald er ikkje utgreidd, og ikkje NO2 i bakkekonsentrasjon for avrenning til sjø. Rapporten "Seawater Cooling Analyses Report" er mangelfull, og tek bl.a. ikkje for seg mulig påverknad på gyteområde for rognkjeks, oppvekst- og beiteområder for sei og heller ikkje stadeigne arter som krepsdyrbestandar. Kan ikkje sjå at indirekte påverknad som trådalgevekst, påverknad næringsrike blautbotnsområde, straumforhold og saltnivå er vurdert. KU viser til lokal kjelde som ikkje kan verifiserast.</p>	<p>Nordgulen, ved etablering av ammoniakfabrikk. Kommunen må vege fordelar og ulemper ved tiltaket opp mot kvarandre ved handsaming av planen, og vurdere om risikoen ved anlegget er akseptabel.</p> <p>Det er kø for å få tilgang på nettkapasitet og kraft til industriformål, og denne situasjonen vil påverke kraftbalansen i framtida, uavhengig av dette prosjektet.</p> <p>Saka er utgreidd i samsvar med føringane i planprogrammet og i gjeldande regelverk. Utgreiingane er gjort etter kjend og etterprøvbar metodikk, og i samsvar med reglane i plan- og bygningsloven og forskrift om konsekvensutredninger.</p> <p>2 KUen er utført iht. Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 og Statens vegvesen sin rettleiar V712. Som grunnlag for vurderingar som er gjort i konsekvensutgreiinga er det brukt informasjon tilgjengeleg i offentlege databasar, gjennomført feltarbeid (dykkarar og ROV) og modelleringar (straum og utsleppsvatn, gjennomført av Norconsult), i tillegg til møter med myndighetene (blant anna Fiskeridirektoratet og HI). Viktige naturtypar som ålegras, tare og blautbotnsområde har blitt verdivurdert, i tillegg til fiskeri (gytefelt og rekefelt) og vassmiljø. Konsekvensutgreiinga ser på permanente endringar som følgje av tiltak, ikkje akutte utslepp. Konsekvensar ved lekkasje av giftige stoff er omtalt i ROS-analysen. Krav til avbøtande tiltak er</p>



Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>3 Påpeikar at insekt ikkje er utgreidd.</p> <p>4 Det stemmer ikkje at myrar ikkje er råka, jf. massehandteringsplan/geoteknisk notat.</p> <p>5 Tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til Tennøyane naturreservat og at Nordgulen allereie er ein hardt belasta fjord der synergieffektane av ytterlegare påverknad på økosystem må vurderast særskilt.</p>	<p>konkretisert i forslag til endra føresegner, for å sikre at dei marine naturtypene ikkje vert utsett for negativ påverknad som følgje av tiltaket.</p> <p>3 Det stemmer at insekt ikkje er kartlagt med eigne kartleggingar, og dette er nemnt som ein usikkerheitsfaktor i KU. Insekt vert sjeldan utgreidd i felt i KU-samanheng, og det er vanleg å nytte «hot-spot»-kart for å finne ut om viktige område vil bli råka av tiltaket. Det er ikkje tilfellet i dette prosjektet. Kartlegginga av naturtypene gammal furuskog med ståande/liggande død ved kan tene som ei «paraply»-kartlegging av insekt gjennom kartlegginga av nøkkelbiotopar. Dette veg opp for at artane ikkje i seg sjølv er kartlagt.</p> <p>4 Berekninga av areal med organisk jord framgår i figur 6-114 i Konsekvensutgreiinga. Denne føreset at arealet med myr blir nedbygd også i 0-alternativet (reguleringsplanen frå 2010). Endring i klimagassutslepp i høve dagens miljøtilstand er også vurdert. Areal og djupne på myr framgår i geoteknisk rapport. Berekninga syner at det vil gje vèl 15 000 tonn CO<sub>2</sub>e utslepp over ein 75-årsperiode, dersom ein byggjer ut ammoniakkanlegget, samanlikna med å la skog og vegetasjon vere urøyyvt.</p> <p>5 Tennøyane naturreservat er vurdert som eige delområde i KU-en. I samband med utsleppsløyve frå ammoniakkanlegg skal det gjerast ei risikovurdering, basert på tilstrekkeleg og oppdatert kunnskap om</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>6 Nedbygging av viktige/sårbare naturområde er i strid med samfunnsplanen til kommunen. Tap av natur er undervurdert.</p> <p>7 Kulturmiljø har feil vektning i KU. Viser til at det er 5 registrerte verna kulturminne på området, der det eine krev ytterlegare utgreiing. Påpeikar at fråflytting av gardar på nordsida av fjorden vil ha store verknader på kulturlandskapet.</p> <p>8 Friluftsliv har feil vektning i KU. Meiner bruken av området ikkje kjem godt nok fram, og viser til at det er brukt data frå ein app som få kjenner til. Meiner det er total mangel på</p>	<p>miljøstatus i Nordgulen. I denne vurderinga må synergieffektar også inngå.</p> <p>6 Kunnskapsgrunnlaget er vurdert å vere tilstrekkeleg for å kunne vurdere konsekvensane av tiltaket for naturmangfaldet i området. Usikkerheita knytt til vurderingane er relativt lav (jf. eksisterande kunnskapsgrunnlag og Rambøll sitt feltarbeid). Forutsett at dei tilrådde avbøtande tiltaka vert gjennomført er sannsynet lav for at planen kan medføre alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Krav til avbøtande tiltak i samband med anleggsfasen er ivareteke gjennom føresegnene. Vi er samde i at det er viktig å ta vare på natur. Samfunnsplanen peikar også på at det framover ligg ei utfordring i å leggje til rette for vekstnæringar som representerer høg verdiskaping og samstundes spelar på lag med Bremanger kommune sine naturgjevne fortrinn.</p> <p>7 Eitt automatisk freda kulturminne må utgravast som fylgje av planen. Dei fire andre vert ivaretekne. Universitetsmuseet i Bergen har tilrådd frigjeving/utgraving av kulturminnet som er råka. Det er vanskeleg å forutsjå om konsekvensane av planen vil vere fråflytting, og såleis ikkje relevant å vurdere verknader dette kan ha på kulturlandskapet.</p> <p>8 Brukarstatistikk frå Strava (ein app som er mykje brukt til registrering av turar og trening, og ein av fleire foreslåtte kjelder til</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>respekt for folkeviljen og born og unge sine oppvekstvilkår at framtidige generasjonar ikkje skal få nytte dette området.</p> <p>9 Totalbelastninga av støy er ikkje sett på, t.d. støy frå steinbrot på Dyrstad og ekkoeffekten frå fjellet. Meiner Havforskningsinstituttet skulle vore involvert i vurderinga av påverknaden på marine artar.</p> <p>10 Viser til at lysureining ikkje er utgreidd i KU, og at verknaden på sjøfugl og gyteområde må utgreiast.</p>	<p>kunnskapsgrunnlag, (jf. håndbok M-1941) er ei av fleire kjelde som er brukt for å finne brukarfrekvens for friluftslivsområda innanfor influensområdet. Denne gjev ikkje eit fullstendig bilde av bruken av område til friluftsliv og aktivitet, og er ikkje brukt åleine. Kartlegging av friluftsområde gjennomført i av kommunen i samråd med lokale lag og foreiningar i 2020, og dialog med kommunen om viktige og mykje brukte friluftsområde er også brukt. I tillegg er innspel frå høyring ved planoppstart teke med i vurderinga av brukarfrekvens og kva aktivitetar områda vert brukt til. At områda rundt Holmaneset vil gå heilt eller delvis tapt er det teke høgde for i vurderinga av påverknaden av dei to alternativa. For dei omkringliggende områda er det teke høgde for at tiltaket vil forringe opplevinga på grunn av synlegheit, men at desse områda ikkje vil gå tapt.</p> <p>9 Eksisterande støykjelde som steinbrotet på Dyrstad og Hennøy vindkraftanlegg er plassert 2 og 3 km unna Holmaneset i luftlinje, i tillegg til stor høgdeforskjell i høve steinbrotet og vindkraftverket. Det er vurdert at avstanden til disse støykjeldene er for langt unna til å påverke det totale støybildet frå Holmaneset. Støy frå utskipingsstaden ved sjøen på Dyrstad er ikkje inkludert i støyberekningane, sidan det ikkje er kunnskap om støysoner for dette anlegget.</p> <p>10 Lyssetting av anlegget er vanskeleg å planlegge før anlegget er detaljplanlagt, men lysforureining er likevel teke høgde for i KU landskap. Det satt krav om at det skal ligge føre ei lyssettingsplan til søknad om</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>11 Meiner utslepp kan gje stor skade på omgjevnadane, og at NOx påverknad på regnskog og fossegrimsrose må utgreiast.</p>	<p>rammeløyve, der det er dokumentert korleis anlegget skal lyssettast for å sikre minst mulig sjenanse for omkringliggende eigedommar og naturområde.</p> <p>11 Grenseverdiar for konsentrasjonar i utandørs luft, sett med omsyn til vern av økosystem og vegetasjon generelt, er sett i forurensningsforskriften kap. 7. For nitrogenoksid (NOx) er grenseverdien sett for økosystem og vegetasjon samanfallande med luftkvalitetskriteriet for nitrogendioksid (NO2) på 30 µg/m<sup>3</sup>, begge gjeldande som årsmiddelverdiar. Berekna årsmiddelkonsentrasjonar av NOx/NO2 (NO2-konsentrasjonene ved bustader i området er sett konservativt til NOx) er i kapittelet om utslepp til luft (6.11 i KU?) samanstillt med luftkvalitetskriteriet på 30 µg/m<sup>3</sup>, for planalternativ 1 i Tabell 6.43 og alternativ 2 i Tabell 6.44. Som det går fram av Tabell 2 og 3, er berekna konsentrasjonar av NOx/NO2 som årsmiddel på maks. 24 % av grenseverdien ved nærliggande bustadar, og det er lagt fleire konservative antakelsar til grunn for desse berekningane. Det er dermed vurdert at NOx-utsleppa frå prosessfakling ved anlegget ikkje medfører skadelege effektar på vegetasjon i området. For propan er det ikkje sett grenseverdiar med omsyn på økosystem/vegetasjon som vi kjenner til. Propanutsleppa frå faklinga er samanstillt med grenseverdi for propan sett som 24-timersmiddel med omsyn på helseisiko. Berekna propankonsentrasjonar ved bustader i området er lave, på maks. 0,02 % av grenseverdien, og ein vurderer</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>12 Klimagassutslepp Viser til at nedbygging av natur er ein av dei store trugslane mot klimaendringar og at planframlegget medfører hogst av sjeldan og viktig kystfuruskog på enormt areal, og truleg påverknad på regnskogen. Meiner tiltaket vil gje ein auke i CO2-utslepp på mellom 0,7-2 millionar tonn årleg, ikkje redusere utsleppet slik det blir påstått i KU. Skriv at fabrikkjen på Holmaneset vil gje ein netto utsleppsauke i Europa på mellom 17,2 – 34,4 millionar tonn i fabrikkjen si levetid (25 år). Meiner grunngevingane for fabrikkjetableringa er feil og må avvisast.</p> <p>13 Inntrykket FFI og kommunen har gjeve av at restprodukt som oksygen og overskotsvarme skal inngå i ein slags sirkulærøkonomi stemmer ikkje, ein ser ingen konkret plan for bruk av restprodukta varmt vatn og oksygen. Viser til at kommunen bør dei sette seg inn i forskning på området dersom motivet er å få ned karbonutsleppa på jorda. Viser til «Forskrift om kost-nytteanalyse av mulighetene for å utnytte overskuddsvarme», som blir sett i kraft 01.04.2025, og</p>	<p>dermed at risikoen er lav også for skadelege effektar på vegetasjon.</p> <p>12 Rambøll har fulgt Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 Kap. 6 for klimagassutrekningane. Det er teke høgde for oppstraums utsleppseffektar for produksjonen av straum som tiltaket vil kreve. FFI har teke ansvar for sitt utslepp frå straumforbruket ved å sikre opphavsgaranti på straumen dei skal bruke. Dette er brukt som utgangspunkt i konsekvensutgreiinga for klimagassutslepp. Rambøll tolkar det slik at rettleiaren verken krev eller anbefalar at vidare oppstraums effektar, som tap av kraft i nettet, skal inkluderast. Dersom Noreg sitt forbruk vert auka med 2,6 TWh er det uansett usikkert kva ringverknader dette vil ha i kraftnettet. Utan ein detaljert fagspesifikk analyse kan ein ikkje gå ut frå at Noreg dermed eksporterar 2,6 TWh mindre til Europa. Ein kan heller ikkje legge til grunn at Europa utelukkande vil byggje ut fossile kraftverk for å dekke over dette eventuelle «tapet» av kraft. Straummiksen i Europa er mindre og mindre avhengig av fossile kilder og består mer og mer av fornybare kilder</p> <p>13 Det er riktig at klimagassutrekningane ikkje inkluderer bruk av restprodukt, sidan slik bruk ikkje er avklara. Uansett ville bruk av restprodukta, ved ei slik inkludering dersom mulig, gje reduserte utslepp frå tiltaket.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>meiner det framstår som lite tillitvekkande at denne ikkje er nemnt i planomtala.</p> <p>14 Meiner dei samfunnsmessige verknadane er feil vekta, og at vern om eksisterande arbeidsplassar, at folk er negative, bekymringar frå Elkem og negative verknader for bulyst kjem for dårleg fram. Meiner effekt for naboar eller øvrig næringsliv ikkje er utgreidd.</p> <p>15 Merknad til ROS-analyse Meiner skildringa av ammoniakk underkommuniserer den faren mengdene av ammoniakk som skal lagrast på Holmaneset vil utgjere, og at opphald i svært høge gasskonsentrasjonar kan gje ein svært smertefull død. Dei viser til døme på alvorlege hendingar ved utslepp av ammoniakk. Meiner det er direkte uansvarleg at ikkje verst tenkeleg scenario ikkje er teke med i verksemda sin ROS-analyse, og peikar på at kommunen må utarbeide informasjon til innbyggjarar og besøkande om risiko ved anlegget, varslingsrutinar, kva ein skal gjere ved eventuelle gasslekkasjar og om rømningsvegar. Meiner det er ein vesentleg mangel at ROS-analysen til planen ikkje dekkjer influensområdet for ei mogeleg storulykke, og gjev såleis ikkje oversikt over utfordringar knytt til samfunnsikkerheit og beredskap i Nordgulen og</p>	<p>For alle anlegg som blir omfatta av plikta til å gjennomføre kost-nytteanalyse, jf. forskrifta, vil det vere krav om at tiltakshavar skal ha gjennomført ei kost-nytteanalyse av moglegheitene for å utnytte overskotsvarme seinast før bygging vert sett i gang. Dette regelverket gjeld uansett uavhengig av reguleringsplanen, og tiltakshavar er i dialog med NVE om dette. Ein viser elles til pkt 6.13.11 i KU-en; Usikkerhet, der det er omtala uvisse kring utgreiing av temaet klima, på eit tidleg tidspunkt i prosjektet.</p> <p>14 Mange merknader formidlar frykt for verknader for Elkem og anna næringsverksemd, og negative verknader for naboskap og bulyst. Det er signal som må takast med i vekting av positive og negative sider ved ei etablering.</p> <p>15 Vurdering av risiko og sårbarheit er utført i samsvar med gjeldande rettleiarar frå DSB, både ROS-analysen som er gjennomført for planforslaget og den kvantitative risikoanalysen (QRA), knytt til reglane i brann- og eksplosjonsvernloven, som er lagt til grunn for ROS-analysen.</p> <p>I ROS-analyse for området i arealdelen til kommuneplanen er det teke utgangspunkt i at planlagt verksemd er storulukkeverksemd og dermed kan medføre potensiell fare knytt til beredskap og ulukkesrisiko. Det er lagt til grunn at beredskap/risiko må avklarast og samfunnstryggleiken ivaretakast gjennom deltaljregulering.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>omliggande område som kan bli påverka. Dei viser til at ROS-analysen til arealdelen til kommuneplanen foreløpig ikkje omfattar ei storulykkesverksemd på Holmaneset, og gjev ikkje oversikt over eventuelle utfordringar kommunen står overfor. Dei meiner den heilskapelege ROS-analysen til kommunen seier lite om tiltak knytt til beredskapsbehov ved til dømes ei storulykke på Elkem, og at kommunen må legge fram ein eigen ROS-analyse knytt til ein ammoniakfabrikk av denne storleiken før ein kan vedta ei områderegulering. Meiner bl.a. at risiko rundt samtidige uønska hendingar i same fjord, brann, eksplosjonsfare, spreiding av giftige gassar, skredfare mot veg, skipsulukker og tilsikta hendingar ikkje er godt nok utgreia m.o.t. sikkerheit og beredskap for folket i Nordgulen, og listar opp moment dei meiner bør takast med vidare i planprosessen. Meiner ein uavhengig tredjepart bør gå gjennom kunnskapsgrunnlaget. Viser også til informasjon frå DSB om at befolkninga bør førebu seg på terror og krig, i høve eigenberedskapsveka 2024.</p> <p>Meiner omsynssonene framstår som minimale i høve til konsekvensar av ulukker ved skipstrafikk, lekkasjar, uhell ved lasting, grunnstøyting, sprekk i røyrleidningar og ikkje ønska hendingar kan ha for omgjevnadane, og dei er i strid med intensjonen i ny arealdel til kommuneplanen. Skriv at ROS-delen seier lite om varsling og beredskap/evakuering for folk innanfor/utanfor ei omsynssone, og at ei avgjerd om etablering ikkje kan takast før ein har full oversikt over tryggleiken og beredskapen.</p> <p>Viser til at kommunen har eit særleg ansvar for tryggleiken til innbyggjarane, og stiller spørsmål ved om kommunestyret kan seie ja til fabrikkens dersom dei manglar kunnskap om konsekvensane ved storulukker.</p> <p>Brann:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Brann i skip ved lasting av ammoniak er ikkje vurdert</li> <li>- Stiller spørsmål ved om det vil vere nok tilsette til å ivareta industrivernet tilstades til ei kvar tid</li> <li>- Meiner det berre er ein tilkomstveg til anlegget, fv. 614, og at kravet frå DSB om to tilkomstveggar er misforstått.</li> </ul>	<p>Kravet om ny heilskapeleg ROS-analyse før politisk handsaming av reguleringsplan for Holmaneset vart handsama av kommunestyret 17.12.2024, sak KST-102/24. Det vart konkludert med at det ikkje var grunnlag for å utarbeide ny heilskapeleg ROS-analyse før handsaming av reguleringsplanen, og at den heilskapelege ROS-analysen skal reviderast med omsyn til storulukke i samband med søknad om oppstart av drift av anlegget på Holmaneset. Formålet med den heilskapelege ROS-analysen for kommunen er å etablere ei felles forståing av risikobiletet og behov for beredskap innanfor kommunen sitt geografiske område og verksemd. Analysen skal bidra til å identifisere og vurdere potensielle truslar og sårbarheiter, slik at kommunen kan iverksette tiltak for å redusere risiko og styrke beredskapen. Den heilskapelege ROS-analysen skal oppdaterast regelmessig for m.a. ved endringar i risikobildet.</p> <p>Storulukkeverksemdene sine eigne ROS-analysar er viktig grunnlag for kommunen når vi skal vurdere aktuelle scenario, sannsyn og konsekvensar i kommunen sin heilskapelege ROS-analyse. Kommunen må ha tiltru til at overordna mynde (DSB) har ei kvalitetssikring som er tilfredsstillande og ikkje vil gje samtykke til etableringa dersom risikoen ikkje er akseptabel.</p> <p>Samstundes viser Statsforvaltaren i sitt innspel ved planoppstart til at kommunen skal ta aktivt stilling til kva ein aksepterer av risiko.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Konsekvensane av brann i produksjonsanlegget er for lite utgreidd</li> <li>- Straumstans kan hindre sløkkevatn og automatisk sløkkevern</li> <li>- Utrykkingstid for brannvesen er ikkje tilstrekkeleg dokumentert</li> <li>- Kostnader for kommunen ved å styrke brannberedskapen må klargjerast før vedtak av planen.</li> <li>- Ordlyden «Vidare oppfølging i detaljprosjektering» for dei ulike tiltaka seier ikkje noko om korleis problema faktisk vert løyst</li> </ul> <p data-bbox="577 603 775 630">Eksplisjonsfare:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Brann- og eksplisjonsfare knytt til transformator- og likerettarstasjon og konsekvensar for straumtilførsel og kjølinga av ammoniakktanken er ikkje utgreidd</li> <li>- Viljestyrte handlingar som terror og krig er ikkje vurdert som orsak.</li> <li>- Etterlyser simuleringar som viser korleis ei ammoniakksky frå ein totalkollaps av tanken vil spreie seg.</li> <li>- Kva vil «følgjescenaria» ved brann- /eksplisjonsfare vere?</li> <li>- Meiner risikoen ikkje er mogleg å kvantifisere, kan ikkje ha lit til sannsynet som er nemnt når kollaps av tanken ikkje er teke med.</li> <li>- Konsekvensar av eksplisjon med påfølgande storutslepp av ammoniakk vil truge biltrafikk og skipstrafikk (stabilitet).</li> <li>- Meiner konsekvens ved eksplisjon kan verte svært alvorleg og fatal for kanskje hundrevis av menneske dersom ammoniakktanken kollapsar.</li> <li>- Omsynsonene i ROS-analysen bagatelliserer dei reelle farene ved anlegget</li> <li>- Beredskapsplanar og varslingsrutinar må på plass før eventuelt løyve blir gjeve. Kommunen må ha kunnskap om kva dette inneber før avgjerd.</li> </ul>	<p data-bbox="1339 233 1861 507">Total kollaps av ammoniakktanken er etter DSB sine kriteria ikkje med i underlaget for fastsetting av omsynssoner. Dette er fordi sannsynet for at slike store utslepp kan inntreffe er for liten, vurdert ut frå sikkerheita i tankdesignet. Analysar av slike hendingar vil leggjast til grunn for utarbeiding av beredskapsplaner i samsvar med DSB sine retningsliner.</p> <p data-bbox="1339 544 1861 842">Det er ikkje vurdert konkrete scenario, med eit visst føresettt omfang, for dei ulike uønskete hendingane i ROS-analysen. Fleire merknader syner til ønskje om slik konkretisering, for å kunne få betre kunnskap om mulege konsekvensar, før ein gjer vedtak om reguleringsplanen. Dette gjeld også planar for beredskap, og konsekvensar for kommunen i samband med desse.</p> <p data-bbox="1339 847 1861 1066">I samband med søknad til DSB om godkjenning trin 2, vil det liggje føre meir detaljerte risikovurderingar og avbøtande tiltak for alle uønskete hendingar, inklusive verstefallsscenario for ammoniakkslepp. Denne søknaden vil bli send til DSB etter at det er gjort vedtak om reguleringsplanen.</p> <p data-bbox="1339 1098 1861 1214">Mange merknader peikar på frykt for uhell, og dette må ein ta med til vurderinga av ulempar og fordelar med etablering av tiltaket.</p>



Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>Spreiing av giftige gassar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Saknar vurdering av konsekvensane ved ei storulukke med utslepp av 10-30.000 tonn flytande ammoniakk, viser til Universitetet i Aarhus si vurdering av konsekvensar ved storutslepp av ammoniakk frå fabrikkar på Grønland.</li> <li>- Kommunen må få gjennomført uavhengige simuleringar som viser konsekvensane av evt storutslepp før avgjerd.</li> <li>- Bør ha med risiko for hending på ammoniakktanken.</li> <li>- Seier ikkje kor store utslepp av ammoniakk som er vurdert.</li> <li>- Eit stort utslepp av ammoniakk i sjøen vil reagere kjemisk med vatn og danne N4OH (Ammoniumhydroksid) som er svært giftig for alt liv i sjøen.</li> <li>- Informasjon om risikoen tek ikkje bort risikoen, men kunnskap om risikoen, dersom fabrikken blir bygd, vil auke kjensle av utryggleik og føre til redusert bulyst.</li> <li>- Meiner mindre enn 1 % sannsyn er høgt viss ein reknar samfunnsmessige konsekvensar</li> <li>- Omsynssonene tek ikkje omsyn til simuleringar av verstefalls-scenario.</li> <li>- Vist til stader der skade kan medføre straumbortfall og dermed øydeleggje kjølinga på ammoniakktanken</li> </ul> <p>16 Akutt forureining: Stiller spørsmål ved om det er plass til / teke høgde for oppsamlingsmuligheit for ammoniakk. ROS-analysen: «Tankanlegg og overføring til skip må ha oppsamlingsmulighet, slik at man unngår avrenning/utslipp til sjø». Oppsamling må min ivareta tankkapasitet + buffer (buffer eks +10%).</p> <p>17 Skipsulukke:</p>	<p>16 Tanken har to skrog, og i mellomrommet mellom tank og ytterskrog er det plass til alt innhaldet i tanken.</p> <p>17 Skipsulukke er vurdert i ROS-analysen, og vil bli nærare utgreidd i samband med samtykkesøknad til DSB, trin 2.</p> <p>18 Trafikkuhell med materielle skadar ikkje er registrerte, og dermed ikkje talfesta slik at dei kan nyttast. Slike uhell skjer relativt ofte</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>Risiko/konsekvensar ved skipsulykke, navigasjonsfeil og under lasting/lossing framstår mangelfullt utgreidd.</p> <p>18 Trafikkulukke: Vektinga er undervurdert ved at berre tal personskadar i ein tiårsperiode er teke med, og ikkje møteulukker og utforkøyningar.</p> <p>19 Tilsikta hendingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Viser til at konfliktnivået i verda er høgare enn tidlegare, og at eit terroranslag der tanken vert sprengd vil få katastrofale følgjer.</li> <li>- Meiner det er metodefeil ved at ROS-analysen konkluderer med eit kvantitativt sannsyn når rettleiaren gjeld ei systematisk kvalitativ vurdering av risiko for uønska hendingar.</li> <li>- Meiner gjerde og tilgangskontroll ikkje er tilstrekkeleg for å hindre terrorhandlingar</li> </ul> <p>Skade på viktig infrastruktur: Kva konsekvensar eit langvarig straumbrot vil ha for kjøling av ammoniakktanken må vurderast grundig.</p> <p>20 Merknad til sakshandsaminga</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Meiner omsynssonene i planen vil setje avgrensingar for opphald og bruk av sundet og Storeholmen, i strid med intensjonen i kommunestyrevedtaket for KPA.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 21 Meiner Storeholmen ikkje kan ha føremål grøntstruktur, naturområde då det ikkje oppfyller formålet med ein grøntstruktur men heller vil avgrense ferdselen.</li> <li>- Planen fyl ikkje høyringsinnspel frå fylkeskommunen eller Statsforvaltar.</li> </ul>	<p>på strekningen Svelgen – Grov. Det kan ha påverknad på framkomme for alminneleg ferdsel og utrykking, ved stenging grunna bilberging f eks.</p> <p>19 Vurdering av tilsikta hendingar er del av totalvurderinga for etablering. I Nasjonal trusselvurdering 2025, er det vist til fare for etterretning og påverknad, og muleg sabotasje på f eks eigedom og infrastruktur, frå statlege aktørar.</p> <p>Dette blir vurdert nærare i risikoanalysar for anlegget</p> <p>20 Endeleg av klaring av kva restriksjonar det blir på ferdsel og opphald i sundet og Storeholmen, blir fastsett av DSB ved søknaden om godkjenning trin 2, som kjem etter vedtak av reguleringsplan. DSB har signalisert at ein reknar med det kan vere ferdsel utan opphald, i sundet. Ein skjønar det slik at det heller ikkje er ønskjeleg med opphald på Storeholmen.</p> <p>21 Delvis teke til følgje. Formålet grøntstruktur, naturområde vart brukt på Storeholmen då det både er intensjonen å ta vare på naturverdiane på øya og avgrense varig opphald innanfor arealet som er omfatta av faresone brann/eksplosjonsfare (H350). Føremålet er endra til LNF, naturområde, då grøntstrukturføremålet kan misforståast.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> <li data-bbox="622 233 1312 352">- 22 Meiner det er i strid med KU-forskrifta §19d at det ikkje er ei gjort ei reell og realistisk alternativsvurdering, og at det i realiteten berre er Holmaneset som er utgreidd.</li>   <li data-bbox="622 695 1312 783">- 23 Viser til at grunneigarar tett på Holmaneset aldri er blitt spurt, slik grunneigarar i Ålfoten blei, trass i at ein no må ta høgde for at Dyrstadsida blir fråflytta.</li>   <li data-bbox="622 967 1312 1110">- Meiner at det at kommunalsjef for samfunn og utvikling er grunneigar i Ålfoten saman med manglande lokasjonsstudie, gjev svekka tillit til planprosessen.</li>   <li data-bbox="622 1142 1312 1230">- Meiner det er usakleg forskjellsbehandling at det er gjort alternativvurderingar m.o.t. lokasjon i sak om Aksla og gjenbruksstasjon.</li> </ul>	<p data-bbox="1335 233 1865 568">22 KU-forskrifta set ikkje krav til at alternative planforslag eller løysingar skal utgreiast fullt ut. Kva relevante og realistiske alternativ som skal konsekvensutgreiast fullt ut skal fastsetjast gjennom planprogrammet. Planen er supplert med at det er gjort greie for lokalitetsvurdering i regi av FFI, i førekant av planarbeidet med reguleringsplanen. Kommunen har i tillegg gjort ei overordna vurdering av Ålfoten og Smørhamn i høve plassering av ammoniakfabrikk.</p> <p data-bbox="1335 600 1865 903">23 Tiltakshavar for ammoniakfabrikk er grunneigar av gbnr. 41/8 som utgjer hovuddelen av arealet som vert regulert. Tiltakshavar har også hatt dialog med gbnr. 41/1 som er grunneigar av resterande areal som er omfatta av reguleringsplanen. Saksbehandlinga følgjer reglane i plan- og bygningslova, og dei aktuelle naboane er tilskrivne i direkte, i dei ulike stega i planprosessen.</p> <p data-bbox="1335 935 1865 1302">I vedtak av kommuneplan, arealdelen, vedteken i KST 15.10.2024 heiter det: «Bandleggingssona og næringsområdet ved Holmaneset vert redusert tilsvarande det som ligg i planforslaget frå tiltakshavar, der Medholmen, Storholmen og sundet ikkje er med.» Kva restriksjonar det blir for ferdsel og opphald blir endeleg klart ved DSB si behandling av FFI sin søknad om godkjenning trinn 2, som tiltakshavar vil fremje etter at plansaka er endeleg vedteken.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> <li data-bbox="622 560 1305 715">- Meiner at kommunen ikkje har tilstrekkeleg fagleg eller politisk kompetanse til å ta stilling til om planforslaget er tilstrekkeleg utgreidd eller ikkje, og at planarbeidet bør bli vurdert av ein uavhengig tredjepart.</li>   <li data-bbox="622 1090 1305 1209">- Viser til at det gjennom media, innsyn, folkemøte etc. kjem fram at kommuneleiinga har vore udelt positive til satsinga, og at dette er gjeve uttrykk for før KU var utført.</li> <li data-bbox="622 1214 1305 1305">- Viser til grunngjeving i konsesjonsvedtaket for FFI sitt kjøp av Holmaneset, som vart gjort før kommunestyret si handsaming.</li> </ul>	<p data-bbox="1335 233 1865 443">Det er ingen av dei involverte i administrasjonen si handsaming av plansaka som er inhabile, jf. forvaltningslova §6. Kommunalsjef for samfunn og utvikling har ikkje vore involvert i avgjerda FFI har teke om å ikkje gå vidare med planar om etablering i Ålfoten.</p> <p data-bbox="1335 448 1865 879">I reguleringssaka for steinbrot på Aksla vart det ikkje gjort fullstendig alternativvurdering, då det ikkje var relevante og realistiske alternativ. For gjenbruksstasjonen kom det opp fleire alternative lokaliseringar gjennom planprosessen. Ein slik gjenbruksstasjon krev vesentleg mindre areal, og kunne difor vere mulig å plassere fleire stader. Det vart ikkje gjort ei fullstendig alternativvurdering for dette føremålet i arealdelen til kommuneplanen, og det vart difor gjort ei forenkla alternativvurdering i samband med detaljregulering for gjenbruksstasjon på Nygård.</p> <p data-bbox="1335 911 1865 1031">Samarbeidsavtale mellom Bremanger kommune og Fortescue Future Industries AS (FFI) om områderegulering av Holmaneset vart godkjent av formannskapet 02.02.2023.</p> <p data-bbox="1335 1094 1865 1393">Planforslaget med konskvensutgreiing og ROS-analyse er utarbeidd av fagkunnige i større konsulentfirma, og med sidemannskontroll. Kommunen har ikkje, verken i denne saka eller i andre tilsvarande saker, fagkompetanse til å overprøve dei fagkunnige innanfor alle ulike fagfelt, og vi må ha tillit til at utgreiingane som er gjort er fagleg utførte. Planarbeidet har vore svært omfattande, og ei vurdering av planarbeidet</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> <li data-bbox="622 480 1272 568">- Skriv at ordførar skreiv under på samarbeidsavtale med FFI om områderegulering før saka blei teken opp i kommunen til handsaming.</li> <li data-bbox="622 743 1285 858">- Er kritisk til at det ikkje er blitt teke på alvor at det store fleirtalet av dei som bur i området er skeptiske og gjev uttrykk for bekymring eller bekymringar frå fagmiljø.</li> <li data-bbox="622 967 1279 1086">- Meiner kommunen si handsaming framstår som lite demokratisk, at det er utfordringar knytt til truverd i planprosessen og at saka ikkje har vore godt nok opplyst i politiske vedtaksorgan.</li> <li data-bbox="622 1190 1301 1374">- Meiner det er feilaktig framstilt av kommunen at planframlegget er i samsvar med overordna plan og at dette er døme på korleis administrasjonen føregrip vidare prosess og undergrev omsynet bak heile planprosessen. Dei viser til at det i føresegner til gjeldande kommuneplan er uttrykkeleg presisert at</li> </ul>	<p data-bbox="1335 233 1861 440">av ein uavhengig tredjepart vil måtte bli like omfattande. Når det gjeld tryggleiksrisiko er det eige regelverk og faginstans (DSB) som tek endeleg avgjerd om det er tilstrekkeleg trygt å etablere denne typen verksemd. Kommunen sjølv skal likevel ta stilling til kva ein aksepterer av risiko.</p> <p data-bbox="1335 448 1861 687">Kommunen prøvar å vere positive til alle som ynskjer å etablere næring i kommunen, men det har heile tida vore informert om at det er planprosessen og resultatet av utgreiingane som blir gjort i samband med denne som skal leggjast til grunn for ei avgjerd. Utfallet av planhandsaminga har ikkje vore forskottert.</p> <p data-bbox="1335 727 1850 807">Kommunestyret godkjende 27.04.2023 oppstart av planarbeidet i medhald av plan- og bygningslova.</p> <p data-bbox="1335 847 1872 1054">Ein merkjer seg at det er mange merknader som viser til bekymring for tryggleik og bulyst i Nordgulen, ved etablering av ammoniakfabrikk. Kommunen må vege fordelar og ulemper ved tiltaket opp mot kvarandre ved handsaming av planen, og om risikoen ved anlegget er akseptabel.</p> <p data-bbox="1335 1094 1872 1390">Planprosessen er utført i samsvar med krava i plan- og bygningslova, og planframlegget er utarbeidd av fagkunnige. Det er kommunestyret som planmynde som skal ta endeleg avgjerd i saka, og eventuelt må utsetje saka dersom dei meiner at saka ikkje har vore godt nok opplyst. Planframlegget var i hovudsak i samsvar med overordna plan frå 2004 (KPA2004), som var gjeldande då planarbeidet vart</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>industriarealet som ein gong blei avsett mot aust på Holmaneset ikkje var tiltenkt farleg industri, transport m.v. Nemnde føresegner (frå 2010) er det ikkje gjeve opplysning om på noko stadium, verken i konsesjonsvedtaket, eller elles i planprosessen frå kommunens side.</p> <p>- Viser til at Holmanes-området har fått ulik vekting frå gang til gang kommuneplanen har vore på høyring, og meiner vektinga ber preg av vilkårlegheit, sidan området har blitt vekta ulikt alt ettersom kva kommuneleiinga har ønska med bruk av området. Dette gjer at tilliten til planavdelinga sine faglege vurderingar gitt i tidlegare høyringar fell vekk, og at vektinga framstår som politisk motivert heller enn fagleg (t.d.konsekvens for naturmangfald, born- og unge sine oppvekstvilkår, folkehelse).</p>	<p>starta opp. Føresegnene til KPA2004 seier ikkje noko om farleg industri. I føresegnene til reguleringsplanen frå 2010 står det at «Området er ikkje tiltenkt verksemd med forureinande/farleg produksjon i høve til utslepp, transport, mm.». Planlagt tiltak medfører både større arealbeslag og avvik frå denne føresegna og føresegn om planeringshøgde, og det vart difor igongsett prosess med planending/ny reguleringsplan. Det er ved handsaming av den nye planen det vert teke endeleg stilling til om det kan tillatast storulukkeverksemd på området. Planframlegget er i samsvar med arealdelen til kommuneplanen som vart vedteken i kommunestyret den 15.10.2024.</p> <p>Vurdering av konsekvensane for naturmangfald, friluftsliv, landskap etc. er ikkje endra frå 1. til 3.gongs høyring av arealplanen, sjølv om vurdert bruk av området har blitt endra. Vurderinga knytt til overordna arealstrategi er i stor grad knytt opp mot formålet, og vil naturleg nok endrast ut frå dette. Dette påverkar også totalvurderinga/konklusjonen.</p> <p>Konsekvensane for folkehelse og barn og unge sine oppvekstvilkår er reduserte frå 2. til 3. gongs høyring, og riktig verdi for desse områda er vanskeleg å fastsetje. Det er ikkje berre friluftsliv som påverkar folkehelse og born og unge sine oppvekstvilkår, sjølv om det er ein viktig faktor. Ved kartlegging av friluftsområda i kommunen som vart fullført i 2022 etter offentleg høyring, var området ved Holmane/Holmaneset berre meldt inn/registrert som viktig for dykking.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>- Meiner planomtalen manglar vesentlege føringar og lovverk i høve naturmangfald, m.a. St. 29 (2020–2021) «Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur», stortingsmelding nr. 35 (2023-2024) om «Berekraftig bruk og bevaring av natur - Norsk handlingsplan for naturmangfold», Forvaltningsplan for Tennøyane og forskrift om vern av Tennøyane naturreservat.</p> <p><u>Merknad til føresegnene</u>  Kap 2: ROS-analyse og beredskapsplan godkjent av DSB og Statsforvaltar/fylkeslege for heile influensområdet må inn som eit krav som bør framkomme av føresegn, samt krav om årlege revisjonar av denne.</p> <p>Pkt. 2.4: Vurderast krav til eigne ROS-analysar for drikkevassforsyning og straumtilførsel, med krav om årlege revisjonar og systemkontroll/avviksregistrering etc.</p> <p>Pkt. 2.1: Krav til maks lydnivå ved fakling bør endrast då fakling ved høgare lydnivå bør vere lovleg ved ulukker.</p> <p>Pkt. 2.12 d): Lysforhold skal ligge føre før reguleringsplan blir godkjent</p> <p>Pkt. 3.1 b): Tillaten høgde for faklingstårn må endrast til 48 m (frå kote +63) då det er lagt til grunn i KU.</p> <p>Pkt. 3.2: Sprengingsarbeid må ikkje skje i gyteperioden for torsk (januar-mai)  Nye punkt:  - krav om bruk av spillvarme, jf. forskrift</p>	<p>Innspelet er teke til orientering. Relevant og gjeldande regelverk er lagt til grunn for planframlegget.</p> <p>Kap 2: DSB handsamar og følgjer opp tiltaket etter eige regelverk.</p> <p>Pkt. 2.4: Krav om drikkevatn og internkontroll/ revisjonar er ivareteke gjennom eige regelverk.</p> <p>Pkt. 2.1: Ved eventuelle ulukker vil brot på støykrav i føresegnene ha mindre betydning. Føresegna må ivareta akseptabelt støynivå i ein normalsituasjon/det som er pårekeleg.</p> <p>Pkt. 2.12 d): Merknaden er ikkje teken til fylgje, jf. tidlegare kommentar.</p> <p>3.1 b) Kotehøgden som er fastsett i reguleringsplanen inkluderer høgde på terreng og installasjonar. Det blir då feil å bruke 48 meter.</p> <p>Pkt. 3.2 Delvis imøtekomme, jf. endring av føresegn etter dialog med Fiskeridirektoratet. Nye punkt: Krav om bruk av spillvarme er delvis imøtekomme gjennom nytt punkt i</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- forbode med utslepp av spillvarme i gyteperioden for kysttorsk</li> <li>- ta høgde for eventuelt forbod mot inngrep i myr</li> </ul> <p>Pkt. 3.3: Naturområde GN1 Storeholmen må utgå, då det ikkje er i samsvar med intensjonen bak «grøntstruktur», eventuell omsynssone på Storeholmen forutset endring av kommuneplanen. Skilting vil vere i strid med pbl. §1-8.</p> <p>31.10.2024 (2): Merknaden er ei presisering kring ROS-analysen, der dei peikar på at ein total kollaps av ammoniakktanken, f eks ved viljestyrt handling, ikkje er tilstrekkeleg dokumentert. Dei peikar og på ev store utslepp ved skipshavari, og at kommunen må kjenne konsekvensane av desse hendingane. Dei ønskjer innsyn i korrespondanse med DSB og Statsforvaltaren vedkomande overnemnde.</p> <p>Folkeaksjonen meiner det er uvisse kring planstatus for Holmasundet og holmane, etter vedtaket som vart gjort av kommuneplan, arealdelen. Dei bed om at kommuneplanen med plankart blir gjort tilgjengeleg.</p>	<p>føresegnene (2.12 e). Dei andre punkta vert ivareteke gjennom eige regelverk.</p> <p>Pkt. 3.3: Delvis imøtekomme, jf. tidlegare kommentar. §1-8 gjeld ikkje tilhøve som er heimla i reguleringsplan. I vedtak av kommuneplan, arealdelen, vedteken i KST 15.10.2024 heiter det: «Bandleggingssona og næringsområdet ved Holmaneset vert redusert tilsvarende det som ligg i planforslaget frå tiltakshavar, der Medholmen, Storholmen og sundet ikkje er med.» Kva restriksjonar det blir for ferdsel og opphald blir endeleg klårt ved DSB si behandling av FFI sin søknad om godkjenning trin 2, som kjem etter at plansaka er endeleg vedteken.</p> <p>31.10.2024 (2). Det er mange merknader som viser til ønskje om kunnskap om nærare konkretiserte uhellsscenario før vedtak av plan. Påpeika uønskete hendingar vil bli nærare utgreidde i samband med FFI sin søknad til DSB om godkjenning trin 2.</p> <p>Kommuneplanen som er vedteken 15.10.2024, viser Holmanesområdet som bandlagt område for regulering. Dei underliggjande, farga arealføremåla, er rettleiande. Det er reguleringsplanen som blir vedteken som blir gjeldande for området, framfor kommuneplanen. Vedtak av kommuneplan, arealdelen er utlyst offentleg, og plandokumenta er tilgjengelege via nettsida <a href="https://arealplaner.no">https://arealplaner.no</a>.</p>



Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
	C DokID 24/11533	<p>C Folkeaksjonen peikar på at det i planen er nemnt sal av hydrogen direkte til forbrukarar, og at det trengs ein eigen tank til dette. Dette kan avsendar ikkje sjå at det er planlagt for, eller gjort risikovurdering av, i planen.</p> <p>Avsendar meiner at alternativ 1 bør utgå, då det ikkje er aktuelt for Fortescue å bygge det.</p> <p>Folkeaksjonen ønskjer at planforslaget skal sendast ut på ny høyring, då dei synest premissene for forslaget er endra og uklare, og at det er stor uvisse rundt innhaldet i planforslaget.</p>	<p>C Det skal berre etablerast ein tank, for flytande ammoniakk. Det skal ikkje lagrast hydrogen, men den skal omgjerdast til ammoniakk ved hjelp av nitrogen. Det er ikkje planlagt å lagre hydrogen eller oksygen ved anlegget. Det aktuelle avsnittet (kap. 6.13.11) i konsekvensutgreiinga er oppdatert for å unngå misforståingar med omsyn til lagring av hydrogen.</p> <p>Alt 1 er del av utgreiingsarbeidet som er gjort, og som er dokumentert i planframlegget.</p> <p>Ei vurderer at nytt ettersyn ikkje er nødvendig, då det ikkje er gjort vesentlege endringar eller endringar i arealbruken. Premissar og endringar er gjort greie for i plandokumenta.</p>
19	Forum for natur og friluftsliv (FNF) DokID 24/11561	<p>1 FNF meiner det ikkje kjem godt nok fram at konsekvensutgreiinga ikkje samanliknar det planlagde tiltaket med dagens miljøtilstand, men med ein gammal reguleringsplan (<i>for industri</i>).</p> <p>2 FNF viser til at all produksjon kan sjå bra ut om ein samanliknar med uønskt teknologi og metodar, og ikkje tek med alle samanhengar. Dei meiner verknader av bruk og utslipp av energi og materialar må takast med, og det må gjerast i ein livssyklusanalyse (LCA), slik at ein får eit betre fundament for å gjere vedtak på. FNF viser her til slik livstidsanalyse hos NTNU, for innføring av grønt hydrogen i Europa («Hydrogen Pathways 2050»). FNF minner om at klimakrisa og naturkrisa er sterkt knytte til kvarandre, og at ein ikkje løyser den eine utan den andre. FNF meiner det må gå tydelegare fram at dei reduserte utsleppa det er vist til i planen, føreset redusert produksjon av grå ammoniakk, og at om det ikkje blir slik reduksjon, sit ein att med ein energikrevjande prosess der mykje energi blir</p>	<p>1 Det er gjort greie for i plandokumenta at konsekvensutgreiinga har reguleringsplanen for 2010 som 0-alternativ (samanlikningsgrunnlag). Oversyn over verknader av planlagt tiltak samanlikna med dagens miljøtilstand (urøyd natur), ligg med som vedlegg til konsekvensutgreiinga.</p> <p>2 Ein viser til konsekvensutgreiinga for temaet klima, der det under pkt 6.13.11 er vist til at det alltid vil vere uvisse knytt til klimagassberekningar i startfasen av eit prosjekt, men at ein reknar med resultatet gjev eit rimeleg anslag over klimagassutsleppa knytte til prosjektet.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>borte, og ein får negative verknader av auka press på utbygging av nye og eksisterande kraftverk.</p> <p>FNF meiner planen må vise til fleire relevante planar og føringar; handlingsplanen «Berekraftig bruk og bevaring av natur – «Norsk handlingsplan for naturmangfald», sett i lys av ein livssyklusanalyse. Vidare planar for fornybare energikjelder, sidan energibehovet for tiltaket er stort; Stortingsmelding 28 om «Vindkraft på land—Endringer i konsesjonsbehandlingen», «Klima i endring – Sammen for et robust samfunn», «Natur for livet» og «Heilskapleg plan for bevaring av viktige område for marin natur».</p> <p>3 FNF ønskjer ikkje sprenging el utfylling i dette området, og stussar over at tida der planen ikkje tillet sprenging og utfylling er avgrensa til januar – april, medan Havforskningsinstituttet i liknande saker tilrår 1. jan–15. juni.</p>	<p>Ei utbygging vil gje auka press på utbygging av ny fornybar energi, som vindkraft f eks., og naturkrise og klimakrise må sjåast saman. Nemnde planar og føringar er relevante, men satsing på hydrogen-/ammoniakkproduksjon er i samsvar med nasjonale strategiar for grøn omstilling.</p> <p>3 Ein viser til kommentar til motsegn frå Fiskeridirektoratet (merknad nr 8), og til krav i føresegn i høve arbeid i og ved sjø. Perioden for arbeid i sjø er endra i føresegnene.</p>
20	Nesbø-Dyrstad Grendalag DokID 24/11504	<p>Grendalaget er negative til at området er valt, trass Statsforvaltaren si oppmoding om å finne annan lokalitet. Dei viser til manglande alternativsvurdering jfr krav i forskrift om konsekvensutgreiing, og at det ikkje er innsyn i lokalitetsvurderingar som alt er gjorde.</p> <p>Dei peikar på feltundersøkingar av flora og fauna på land og i sjø er gjort til feil tid på året, og at det må gjerast til rett tid for å få reelle tal. Dei peikar på dei store utsleppa av varmtvatn og er bekymra for langtidsverknadane av dette. Dei meiner langtidsverknader må overvakast. Dei meiner verknadane for livet i sjøen ikkje er nok utgreidde, og fryktar redusert fiskebestand og dyreliv, og konsekvensar for tradisjonelt kystfiske og fritidsfiske, som har betydning også for turismeverksemd, m.a. på Flåtegrunnen og Dyrstad. Dei skriv at friluftslivsinteressene i området er undervurderte, og viser til hyppig bruk av folk i Svelgen og grendene i Nordgulen. Dei meiner tiltaket vil øydeleggje naturopplevingane i heile Nordgulen.</p>	<p>Planforslaget er supplert med lokaliseringsstudie gjort i regi av FFI, før planoppstart områderegulering. Kommunen har også gjort ei overordna vurdering av Ålfoten og Smørhamn.</p> <p>For feltundersøkingane er det under pkt 6.4.10 i KU-en vist til at vegetasjonsstudiar ikkje vart gjort til optimalt tidspunkt i vekstsesongen, men at fagkunnige likevel vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg. Det er vist i KU til at det er vanskeleg å vurdere korleis dyreliv vil reagere på støy og lys, og difor er det noko uvisse knytt til konsekvensgrad for Tennøyane, havørnreir, og fugleliv elles. I vurdering av naturmangfaldlova pkt 6.4.9. i KU er det vist til at ein ved uvisse har lagt føre-var-prinsippet til grunn ved vurdering av konsekvens. For naturmangfald i sjø blir uvisse knytt til naturmangfald vurdert til å</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>Grendalaget skriv at ei utbygging vil gje reduksjon i reiselivsinntekter, og meiner at å lukkast med reiseliv ville kunne auke busetnaden. Dei meiner det ikkje kjem fram korleis det blir sikra at inntekter frå prosjektet skal gje kommunen skatteinntekter, og kva som skal gjerast for å få tilsette til å busetje seg her.</p> <p>Grendalaget er bekymra for støy i anleggsfasen og driftsfasen, her også støy frå flammearn. Dei meiner støy frå eksisterande verksemder må inkluderast i støysoneberekningar.</p> <p>Dei meiner dominoeffekt av hendingar på Forcit og Holmaneset ikkje er godt nok ugreidde, og viser til årlege hendingar og evakueringar på Herøya. Dei opplever at innbyggjarane i Gulenfjordane ikkje stolar på lovnad om låg risiko med ein ammoniakfabrikk, og at kommunen prioriterer nye arbeidsplassar framom alle ulempane ved plassering av anlegget. Grendalaget viser til bruken av grendahuset i Leirvika, der det kan vere inntil 130 personar samla, og spør etter kva avbøtande tiltak FFI vil gjere i høve folkemengder, i tilfelle desse kjem i risikosone ved ev uhell. Dei lurar på om skipstrafikk til anlegget kan stansast ved arrangement i grendahuset.</p> <p>Grendalaget viser til at det vart teke omsyn til innbyggjarar i sak om utskipping for Aksla, og meiner Dyrstad vil kunne få mykje større ulempar med fabrikk på Holmaneset. Grendalaget ser med redsle, bekymring og maktesløyse på den planlagde ammoniakfabrikken, og er redde det gjev fråflytting og færre arbeidsplassar. Dei meiner prosessen må stoppast, og konsekvensutgreiing gjerast på nytt i samsvar med KU-forskrifta og ved ein gjennomsiiktig prosess.</p>	<p>vere låg, sjølv om kunnskapen om dagens situasjon kunne vore styrka med meir data, jfr KU-en. Det er derfor også her lagt til grunn føre-var-prinsippet i høve tiltak og gjennomføring.</p> <p>Den økologiske tilstanden i Nordgulen er <i>moderat</i>, og kjemisk er den <i>dårleg</i>. Målet er at den skal oppnå <i>god</i> tilstand i framtida, og det vil difor vere ein føresetnad for eventuelle løyve at ein unngår ytterlegare ureining frå det planlagde tiltaket. Dette omsynet er prøvd ivareteke i føresegnar til planen, og vil bli følgt opp i plan for miljøoppfølging i anleggsfase, og seinare for driftsfase. I samband med utsleppsløyve etter ureiningslova er det vanleg at det vert sett krav til oppfølgjande miljøundersøkingar.</p> <p>Tiltaket vil endre landskapet og påverke det lokale friluftslivet i fjorden, herunder føresetnadene for turismeverksemd. Fleire merknader viser til bekymring og frykt for uhell, og mange meiner det blir fråflytting og færre arbeidsplassar. Dette må vurderast ilagmed andre sider ved saka.</p> <p>Støy frå utskipping Dyrstad er ikkje inkludert i vurdering av støyureining, grunna manglande data.</p> <p>For risiko med anlegget, viser ein til ROS-analysen som følgjer reguleringsplanen. Det er fleire merknader med ønskje om nærare utgreiingar. Dette vil inngå i søknad til DSB om godkjenning trin 2, som blir send til DSB etter at det er gjort vedtak om reguleringsplanen. DSB vurderer om dei meiner risiko er akseptabel, og kommunen</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
			skal på si side gjere ei eiga vurdering av kva risiko ein ønskjer å akseptere.
21	Norges Miljøvernforbund (NMF) DokID 24/11621	Miljøforbundet stiller seg klart negative til planforslaget og krev at det blir avslått. Dei meiner planområdet er feil for prosjektet og at natur- og miljøkonsekvensane av tiltaket er betydelege. Viser til at kunnskapsnivået i 2024 er betre enn i 2010, og at det ikkje er eit argument at området då var avsett til industriføremål. Meiner området heller burde ha LNF-status, og viser til pliktene Noreg har etter FNs naturavtale. Meiner påstandane om «grøn energi», nærleik til kraftnettet og hamneforhold som er lagt til grunn for lokaliseringa er misvisande, og at anlegget kunne vore plassert andre stader i Europa. Viser til at hydrogen/ammoniakk er lite effektiv energiberar, og meiner anlegget medfører unødig stort energiforbruk, kan svekke øvrig næringsliv si konkurransevne pga høgre straumprisar og at det vil legge stort press på ytterlegare nedbygging av viktig natur i kommunen og andre stadar for å auke kraftproduksjonen. Påpeikar at viktige deler av kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilgjengeleg på norsk, og at det gjer rapportane vanskeleg tilgjengelege, spesielt for dei som skal avgjere plansaka.	Ein viser til kommentar til merknad 14, frå Bremanger Industri- og Næringsparti (INP).
22	Sandvika Grendalag og Kjelkenes kvinne- og familielag DokID 24/11458	Dei to organisasjonane er opptekne av vegen gjennom bygda i Midtgulen, som er mykje trafikkert i dag. Det tyngre køyretya blir lenger og større, og mange stader er det ikkje passering. Dei bed om at det straks blir sett i gong utbetringstiltak som utvida veg, gang- og sykkelveg, veglys, utbetring av busslommar. Dei peikar på at vegen er skuleveg, der born ned til 6 -7 år skal til og frå skulebussen. Dei er og bekymra for mange farlege punkt på vegen til Svelgen, og nemner Tennøysundet og muleg bereevne til vegen, som er frå 50-talet. Vegen bør synfarast, også murar og vegfyllingar frå sjøsida. Det ligg med kart over kritiske punkt der dei meiner det må gjerast tiltak. Dei håpar det kan bli byggjefelt for bustader i bygda, som ligg skjerma for ev fabrikk i Holmaneset.	Strekningen Holmaneset – Svelgen er prioritert i høve rekkjefølgjekrav for utbetring av nokre kritiske punkt i samband med auka trafikk i anleggsfasen. I plan for gjennomføring av anleggstida må det og vurderast tiltak for å betre trafikktryggleiken i Midtgulen. Forslag om tiltak blir tekne vidare som innspel til kommunen sin trafikktryggingssplan.  I kommuneplan, arealdelen, vedteken 15.10.2024, er det lagt inn utviding av byggjefeltet i Sandvika, både ovanfor og nedanfor vegen.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
	<b>Grunneigarar, privatpersonar og næringsliv</b>		
23	Birkelid, Svein DokID 24/10148	Birkelid har fritidseigedom i Birkelia, og er sterkt imot ammoniakkfabrikken, grunna bekymring for eksplosjon og utslepp, og forstyrning av lys og støy og auka skipstrafikk. Han meiner det er feil å øydeleggje eit urøyvt naturområde som vi ikkje har så mange av, og han meiner gyteområde for lyr, torsk, krabbe og hummar og vil bli øydelagt. Han fiskar sjølv i området, som er fint for friluftaktivitetar.	Svein Birkelid er eigar av gbnr. 40/13. Eigedommen vert ikkje omfatta av omsynssone rundt ein hydrogen- og ammoniakkfabrikk. Det er ikkje godkjende bygg på eigedommen i dag. Ein viser til kommentar til Fiskeridirektoratet si motsegn, vedkomande avbøtande tiltak i sjø for å unngå skade på livet i sjøen. Utbygging av området blir ei avveging som må gjerast, av ulike interesser. Vedkomande Spreiing av giftige gassar seier ROS-analysen at det er lite sannsynleg at ev ammoniakklekkasje vil råke område utanfor planområdet. Det er likevel teke atterhald om muleg behov for varsling/evakuering, avhengig av ver- og vindforhold. Framherskande vindretning er forøvrig sørvest.  Tiltaket vil gje ein viss auke i skipstrafikken. Eigedommen ligg ikkje innanfor støysoner rundt verksemda, jf. støykart i planomtalen, fig. 80 s. 96).
24	Bjørnsen, Anne DokID 24/11526	Bjørnsen har fritidseigedom nær planområdet. Ho meiner 0-alternativet er feil framstilt, i høve retningslinene til Miljødirektoratet. Ho meiner og at planforslaget er i strid med nyss vedteken arealdel til kommuneplanen. Kommuneadministrasjonen verkar forutinntatt, og forskotterer ein planprosess som er prega av hastverksarbeid. Bjørnsen viser til skjerpa nasjonale føringar for bevaring av naturmangfald, til Miljødirektoratet si bekymring for miljøstatus	Det er nytta reguleringsplanen frå 2010 som samanlikningsgrunnlag for konsekvensutgreiinga. Konsekvensutgreiinga har likevel vurdert områdereguleringa i høve dagens miljøtilstand, som er urøyvd natur. Denne vurderinga framgår i vedlegg til planomtalen.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>i fjorden, og til at Nordgulen alt er sterkt prega av industri. Ho viser til inngrep i myr og gammalskog, og meiner dei samfunnsmessige verknadane ikkje står i forhold til risiko og kostnader med ei slik etablering. Det er nemnt sal av oksygen og hydrogen, utan at dette er nærare utgreidd, og at planen ikkje tek høgde for nye krav om kost/nytte ved utslepp av overskotsvarme.</p> <p>Bjørnsen peikar på manglande alternativsvurdering av plassering av ammoniakfabrikken, og meiner alle konsekvensar ikkje er utgreidd. ROS-analysen meiner ho er mangelfull og ikkje kan behandlast slik den ligg føre. Ho meiner risiko for liv og helse er sterkt underkommunisert, og viser til at kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere risiko og sårbarheit for befolkninga. Ho meiner tiltaket på ingen måte fremjar bulyst, og den store motstanden gjev uttrykk for dette.</p> <p>Bjørnsen meiner området er ueigna til planlagd fabrikk, og at det er uforståeleg at kommunen vil rasere den unike naturen som er att i Nordgulen, og sette på spel hjørnesteinsbedrifta Elkem med sine arbeidsplassar.</p> <p>Ho peikar på at kommunen i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har trekt fram sårbar natur og betydning av folkehelse og born og unge sine vilkår, i samband med Holmane. Ei utbygging vil føre til at desse verdiane går tapt for framtida.</p>	<p>Reguleringsplanprosessen er ein demokratisk prosess, og det er kommunestyret som bestemmer om dei ønskjer å vedta planen, eller ikkje, når det utgreidd planframlegget ligg føre.</p> <p>Den økologiske tilstanden i Nordgulen er <i>moderat</i>, og kjemisk er den <i>dårleg</i>. Målet er at den skal oppnå <i>god</i> tilstand i framtida, og det vil difor vere ein føresetnad for eventuelle løyve at ein unngår ytterlegare ureining frå det planlagde tiltaket. Dette omsynet er prøvd ivareteke i føresegner til planen, og vil bli følgt opp i plan for miljøoppfølging i anleggsfase, og seinare for driftsfase. I samband med utsleppsløyve etter ureiningslova bør det setjast krav til oppfølgjande miljøundersøkingar.</p> <p>KU-forskrifta set krav til alternativsvurdering av relevante og realistiske alternativ. Det er ikkje vurdert å vere andre relevante og realistiske alternativ i Bremanger kommune. Det er gjort ei overordna vurdering av Ålfoten og Smørhamn, og ytterlegare utgreiing av FFI sitt tidlege arbeid med lokalitetsvurdering, er lagt til planen.</p> <p>I samband med søknad til DSB om endeleg godkjenning av anlegget, vil det bli teke stilling til om tryggleiken er god nok. Kommunen skal på si side aktivt ta stilling til kva risiko ein ønskjer å akseptere.</p> <p>Innspel om negative verknader for folkehelse, friluftsliv og bulyst må takast med til vektinga av fordelar og ulempar med tiltaket.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
25	Bu og fritid A/S, Bremanger fjordhotell A/S og Svelgen bygg A/S v/ Jostein Eimhjellen DOKID 24/11508	<p>Eimhjellen er redd ein slik stor kjemisk fabrikk vil auke industripreget og ha ein negativ påverknad på bygda sitt omdømme, besøksnæringa og framtidig busetting. Meiner at prosjektet ikkje vil medføre auka busetting, då ein ammoniakkfabrikk, med tilhøyrande sikringssone, ikkje framstår tiltalande. Uttalar at bygda ikkje har lukkast med tilflytting, trass mykje industri og næringsverksemd. Skriv at hotellet sikkert vil kunne tene mykje i en anleggsfase, men meiner at dei negative sidene er så store at kommunen bør takke nei.</p> <p>Selskapa hans er imot storulukkeverksemda og rasering av flott natur. Med ev industritomt i Holmaneset, bør det stå att store skjermingar mot sundet, og ytste deler av Hl.neset med Olavika må stå att. Industriområdet må knyte seg austover til Tretteskjervika (gml Bossovn).</p> <p>Eimhjellen meiner planane som ligg føre er svært inngripande for naboar til anlegget, og peikar på at det ikkje er sagt nok om erstatning for tap innanfor reiseliv, og svært redusert eigedomsverdi.</p> <p>Han viser til at Elkem si suksesshistorie gjennom 100 år i Svelgen, har vore at ein støttar opp om verksemda sine rammevilkår, og ikkje svekkar desse. Han meiner vi bør støtte annan, ikkje kraftkrevjande industri, som Bremanger Quarry. Holmane bør få varsam opparbeiding som nærmiljøanlegg for friluftsliv, med t.d. parkeringsplass og flytebryggje. Han peikar på kommunen si behandling av kommuneplanen sin arealdel, der ein i 2022 ikkje rådde til utvida industriområde i Holmaneset, men seinare snudde.</p>	<p>Dette gjeld i hovudsak samfunnsmessige verknader som kan vere vanskeleg å vurdere, men mange merknader vedkomande negativ påverknad på attraktivitet, busetting, eigedomsverdi og eksisterande næringverksemd m.v. må ein ta med i totalvurdering av planframlegget.</p> <p>Planframlegget er utvikla undervegs i planprosessen, og har no betre skjerming mot Holmasundet. Tiltakshavar ønskjer no å gå vidare med alt 2b, som ikkje har fylling inst i Djupevika. Ei større omarbeiding av planframlegget er ikkje aktuelt.</p> <p>Kommuneplan arealdelen, og planarbeidet med områdereguleringa, har til dels gått parallelt, der initiativ for regulering til ammoniakkproduksjon har kome inn undervegs og endra føresetnadene. Ammoniakkproduksjon er eit nasjonalt satsingsområde.</p>
26	Cirotzki, Leo A DokID 24/11540  B DokID 24/11541	<p>Cirotzki har 18 separate merknader.</p> <p>A 31.10.2024 (24/2251-68): Etterlyser utgreiing og modellering av konsekvensar av lys, for dyreliv, natur og miljø.</p> <p>B 31.10.2024 (24/2251-69): Girotzki meiner konsekvensar av fakling ikkje er utgreidd for natur, miljø og dyreliv, eller for naboar eller andre med utsyn til anlegget. Etterlyser modellering av støy, kjemiske utslepp, støv og lys/flamm.</p>	<p>A Lyssetting blir gjort i detaljplanlegginga, og ligg ikkje føre i reguleringsplanfasen. For verknader av lys er det jfr KU-en lagt til grunn føre-var-prinsippet, og dette vil då gjelde for detaljplanlegginga.</p> <p>B Fakling er vurdert i KU kap 6.11. Ammoniakkfakling vil skje sjeldan, og avvik frå støygrenser kan bli aktuelt. H2-bluss vil vere få gonger årleg. Fakling vil kunne</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
			<p>støyreducerast, og dette er sett krav til i føresegnene. Det vil ikkje vere bygningar som blir utsette for støy frå anlegget. KU-en viser til at det ikkje vil bli luftforureining av betydning, av fakling, og dette vil bli konkret utgreidd med spreingsanalysar, i den vidare detaljprosjekteringa. Verknader av lys, støy og luftureining på terrestrisk biologisk mangfald på dei ulike delområda i planområdet (revidert Figur 6-24), Tennøyane inkludert, er vurdert i KU, og oppsummert i revidert tabell 6-12. KU for påverknad på marin økologi er utgreidd, og oppsummert i tabell 6-21 i KU.</p>
C	DokID24/11542	C 31.10.2024 (24/2251-70): Meiner det ikkje er vist design for anlegget på Holmaneset, og at dette må gjerast for å gje rammer for tilkomst, belysning, lokasjonar av tank, hensynssoner og beredskap.	C Tiltakshavar har valt prinsipp for designet av anlegget, som gjer at dei vèl å gå vidare med alt 2b. Forøvrig blir dei nemnde forholda del av vidare detaljplanlegging.
D	DokID 24/11543	D 31.10.2024 (24/2251-71): Meiner ROS-analysen er mangelfull og ikkje kan erstatte ein QRA. HAZOP og QRA må leggjast fram før planen kan behandlast, for å få innspel om risikoar. ( <i>HAZOP- metode nytta i designfasen for prosessanlegg, for å identifisere tryggleiksmessige farar. QRA – simulering og risikovurdering av spesifikke scenarier som kan oppstå ved storulukkeverksemder, ringverknader av desse, og tiltak.</i> )	D Analysane som merknamen viser til, vil vere meir detaljerte enn ROS-analysen til reguleringsplanen. Dei nemnde analysane er ikkje del av planframlegget, då dei er graderte. Det er mange merknamen som peikar på ønskje om meir kunnskap om risiko før vedtak av reguleringsplan.
E	DokID 24/11544	E 31.10.2024 (24/2251-72): Jfr samfunnsplanen skal kommunen gjere sine vedtak basert på berekraftsstrategi, og meiner det må leggjast fram ein berekraftsanalyse før plansaka kan behandlast.	E Produksjon av grønt hydrogen er svært enegikrevjande, men bruk av elektrisitet til hydrogen- og ammoniakkeføremål er i samsvar med nasjonale strategiar. Planframlegget baserer seg på det vedtekne planprogrammet.
F	DokID 24/11545	F 31.10.2024 (24/2251-73): Det er ingen plan for korleis biprodukta varmtvatn og oksygen skal brukast. Han skriv at	F 3MW av energien i kjølevatnet er tenkt nytta ved anlegget, og det blir arbeid med planar for annan bruk. Det er per no ikkje



Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
	G DokID 24/11546	det er estimert over 200 000 t oksygen, og han spør etter kvar lagringstank for dette, skal plasserast.  G 31.10.2024 (24/2251-74): Cirotzki meiner bulyst må vere del av konsekvensutgreiinga (KU), og at det ikkje framgår korleis etableringa skal gje dette. Industrietableringar siste 20 åra har ikkje verka til det. Han viser til at bulyst er eit uttalt mål i samfunnsplanen.	planar for lagring av oksygen. Det vil bli lagt til rette for ev framtidig utnytting av oksygen, ved etablering av ein tilkoplingsmodul.  G Under tema Samfunnsvirkningar (6.14) i KU er helse og trivsel (6.14.4.3) vurdert til å bli noko negativt påverka, medan tryggleik (6.14.4.4) ikkje er vurdert til å bli endra. Sistnemnde er føresett at ein unngår uhellsutslepp av ammoniakk. For befolkningsvekst og attraktivitet er tiltaket vurdert til å gje middels positiv effekt på lang sikt. Det vil vere knytt ein del uvisse til vurdering av samfunnsverknader. Ein ser at mange peikar på negative verknader for bulyst og tryggleik, i sine fråsegner.
	H DokID 24/11547	H 31.10.2024 (24/2251-75): Peikar på at konsesjonssøknaden til NVE inneheld linealternativ for straumforsyning, og at dette må utgå av søknaden, dersom det no berre er sjøkabelalternativet som gjeld.	H Det er berre sjøkabel som er konsesjonssøkt.
	I DokID 24/11548	I 31.10.2024 (24/2251-76): Meiner det i utgangspunktet ikkje kan fyllast masse i sjø, og at anlegget må tilpassast området og ikkje omvendt. Syner til krav sett til sjøfyllingsarbeid, i sak til SFE tidlegare i 2024.	I Tiltaket er arealkrevjande, men har i planprosessen fått mindre fotavtrykk. Ein viser til kommentar til Fiskeridirektoratet si motsegn, med krav til føresegnene.
	J DokID 24/11549	J 31.10.2024 (24/2251-77): Skriv at industriutleppsdirektivet set krav til BAT - best tilgjengeleg teknikk (best available techniques), og kan ikkje sjå at dette er del av utgreiinga.	J Ein viser til at naturmangfaldlova § 12 har krav til driftsmetodar og teknikk som gjev dei beste samfunnsmessige resultat, og legg dette til grunn.
	K DokID 24/11550	K 31.10.2024 /24/2251-78): Meiner det er svært uheldig at etableringa skal ha forretningsadresse i Sandnes, og at det må utgreiast kva forretningsadresse Svelgen vil seie for skatteinntektene.	K Dette forholdet er ikkje noko ein kan sikre i, eller følgje opp, i reguleringsplansaka.
	L DokID 24/11552	L 31.10.2024 (24/2251-80): Meiner konsekvensutgreiinga (KU) ikkje tek nok omsyn til mengda varmtvassutslepp til sjø,	L Norconsult har i 2023 gjennomført modellberekningar for utslepp av kjølevatn. Vi har ikkje grunnlag for å meine at utgreiinga ikkje er forsvarleg utført.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
	DokID 24/11553	<p>og at det manglar modellering. Meiner det er meir synsing enn kvalifisert vurdering.</p> <p>M 31.10.2024 (24/2251-81): Meiner ROS-analysen er mangelfull, då hending med gasslekkasje ikkje er med i analysen. Viser til at det er 6-10 gasslekkasjar på offshoreanlegg pr år i Norge, og tilsvarande tal for on-shore anlegg. Denne frekvensen må takast omsyn til i ROS-analyse for anlegget. Det er heller ikkje teke høgde for kaskadehendingar der ein får følgjehendingar ved dei ulike scenario.</p>	<p>M ROS-analysen vurderer hendinga «Spredning av giftige gasser», der utslepp med ammoniakk som fordampar til gassky er vurdert som største faren. Sannsynet for hending er sett til mindre enn 1 gong per 100år. Det vil vere meir inngåande risikoanalysar i FFI sin søknad til DSB om godkjenning trin 2, i etterkant av vedtak om reguleringsplan.</p>
N	DokID 24/11554	<p>N 31.10.2024 (24/2251-82): Meiner det er innlysande at 0-alternativet for vurdering av områdereguleringa må vere den urørte naturen som er der i dag.</p>	<p>N KU-en er gjort i samsvar med planprogrammet. Ein viser til at vurdering av tiltaket samanlikna med dagens miljølstand framgår i vedlegg til planomtalen.</p>
O	DokID 24/11555	<p>O 31.10.2024 (24/2251-83): Meiner kommunen si saksutgreiing for arealdelen viser at Holmaneset har fått større naturverdi, og at dette no er endra utan prosess eller politisk behandling. Meiner og at saksbehandlinga ikkje er nøytral eller belyser alle sider.</p>	<p>O Arealdelen til kommuneplanen, og reguleringsplansaka, har hatt til dels parallell prosess, der initiativ om ammoniakfabrikk har kome inn, og endra føresetnadane sidan ammoniakproduksjon er eit nasjonalt satsingsområde.</p>
P	DokID 24/11556	<p>P 31.10.2024 (24/2251-84): Meiner at det i kommuneplanens arealdel er vedteke å regulere holmane og Holmasundet til LNF-område. Meiner dermed at tiltaket som legg restriksjonar på bruken av desse områda, er i strid med kommuneplanen.</p>	<p>P Arealdelen til kommuneplanen (KPA) har ei bandleggingssone for utarbeiding av reguleringsplan. Arealbruken som er synt i plankartet til KPA, under bandleggingssona, er rettleiande. Det er reguleringsplanen som blir vedteken, som blir gjeldande for området.</p>
Q	DokID 24/11557	<p>Q 31.10.2024 (24/2251-85): Viser til at eit industrivern for beredskapen ved dette anlegget må vere særst godt drilla og utstyrt, og at scenarioet er dramatisk med omsyn til dei ulike sonene og evt eksponering for ammoniaklekkasje med ein tank med plass til 45 millionar liter med ammoniakk. Viser til</p>	<p>Q Kommunen skal i samarbeid med FFI utarbeide detaljerte planar for beredskap, der all risiko og mulege konsekvensar skal ivaretakast. Ein føreset at modelleringar av større og mindre hendingar av konkret</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
	R DOKID 24/11558	<p>at det dagleg er transport av barnehageborn og skuleelevar på fv. 614 tett ved Holmaneset.</p> <p>Meiner det må modellerast kva område ein lekkasje av ammoniakk vil påverke, med scenario for lekkasje på mest ugunstig tidspunkt, verforhold og størrelse på lekkasje. Spør om vegen blir stengt ved lasting eller hendingar på anlegget, og om fjorden vil bli stengt ved lasting eller hendingar. Cirotzki spør og etter kva som er typiske beredskapstiltak for befolkninga som blir eksponert for ammoniakk.</p> <p>R 31.10.2024 (24/2251-86): All byggeaktivitet må foregå utan ulempe for dei som bur langs fjorden. Korleis skal ein overhalde krav om støv, støy og slam til sjø i byggeperioden? Det er sannsynlig at det blir skiftarbeid i byggeperioden for eit slikt prosjekt. Kva er typisk arbeidstid i anleggsperioden? Korleis vil anleggsverksemda påverke trafikktryggleiken på vegane?</p>	<p>storleik, blir modellerte og analyserte. Det framgår av ROS-analysen, hending med spreining av giftige gassar, at det kan bli oppretta tryggleikssone som gjev mellombels stenging av fv 614, avhengig av vind og ver. Slik tryggleikssone kan og gje omdirigering av skipstrafikk. Rettleiing om beredskapstiltak føreset ein blir utarbeidd i seinare fase.</p> <p>R Det er krav til utslepp av støy, støv m.v. i samband med anleggsarbeid. Ein viser til krav i føresegnene vedkomande dette, og det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan for anleggstida, og miljøtilstanden i sjø skal overvakast i denne perioden. God oppfølging er avgjerande, då anleggstida vil kunne strekkje seg over fleire sesongar med gyting/yngeoppvekst. Det må vurderast tiltak for tryggare trafikk, som f eks fartsreduksjon. Forhold som arbeidstid vil bli avklara nærare i samband med planlegging av anleggsfasen.</p>
27	Dyrstad, Liv Wenche DokID 24/11529	Ho ønskjer ikkje øydelegging av Holmaneset for å byggje ut endå meir industri. Industrietableringa vil bestemt ikkje auke bulyst i kommunen. Peikar på risiko for problem for Elkem ved for høge straumprisar, og at folk ikkje ønskjer auka prisar. Etableringa gjev frykt for ulukker, som vil vere ein alvorleg konsekvens av ei etablering. Viser til at det er nok arbeidsplassar i kommunen, men at det er mangel på arbeidskraft i t.d. skule, helse- og omsorg, og Elkem.	Holmaneset har viktige natur- og friluftslivsverdiar som blir skadelidande, og merknadene som peikar på frykt for uhell og tap av bulyst og arbeidsplassar, skal ta med til avveginga av interesser i saka. Problem med å rekruttere tilsette innanfor fleire sektorar, er eit forhold fleire merknader viser til, og noko som både kommunen og næringslivet må arbeide aktivt med.
28	Dyrstad, Mats DOKID 24/11507	1 Mats Dyrstad meiner det er uroande at planforslaget blir sendt ut på høyring trass Fiskeridirektoratet og Statsforvaltaren si påpeiking av manglar, og meiner det gjev stor uvisse kring konsekvensane av prosjektet. Han meiner det er valt feil 0-alternativ for utgreinga, då området ikkje har	<p>1 Ein viser til kommentar til Fiskeridirektoratet si motsegn, nr 8.</p> <p>Val av 0-alternativ var gjort i planprogrammet for reguleringsplanen.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>blitt bygt ut jfr reguleringsplanen (2010) for industri. Han er kritisk til at kommunen ikkje har kvalitetssikra planen eller stilt kritiske spørsmål til FFI eller konsekvensutgreiinga, og meiner FFI leiger eksterne til å svare på spørsmål på vegner av kommunen. Han er vidare kritisk til manglande kommunikasjon og innsyn i saka.</p> <p>Han meiner at saka må gå vidare i rettslege prosessar, for å tryggje innbyggjarane sine rettar og omsyn til folkehelse, tryggleik og natur. Ser på prosjektet som ei stor belastning for Svelgensamfunnet, og set bulyst, lokalt næringsliv, og utvikling i fare.</p> <p>2 Dyrstad peikar på at fabrikkplanane er i strid med den vedtekte arealplanen, og at det manglar utgreiing av alternative lokaliseringar, slik forskrift om konsekvensutgreiing krev (KU-forskrifta).</p> <p>Dyrstad meiner FFI har prøvd å byggje tillit i lokalsamfunnet ved å påstå f eks støtte frå lokale verksemder og lokalbefolkninga. Han skriv at motstanden frå lokalbefolkninga har vist at dei ikkje har folket med seg, og han meiner dei misvisande opplysningane svekkar tilliten.</p> <p>3 Det er vist til PWC-rapporten (Verdiskapingsanalyse for verknader av ammoniakfabrikk på samfunns- og næringsutvikling, i regi av kommunen), og at denne ikkje har vurdert folketalsnedgang med verknader for oppvekst og helse, og om lokale verksemder ev vil ha høve til å inngå avtalar med FFI.</p> <p>Dyrstad meiner FFI sitt samarbeid med 45-minuttsregionen (Kystvegen) har minska støtta til vegprosjektet frå næringsverksemder, og at planane til FFI generelt påverkar det sosiale samhaldet og framtidsplanane negativt, lokalt.</p> <p>Dyrstad viser til den store motstanden mot prosjektet, og skriv at over 20 personar vil flytte, og tilsvarande antal kanskje likevel ikkje vil flytte heim, ved ei etablering.</p> <p>Dyrstad viser til at fleire lokale gründerar har investert i tilbod innanfor reiseliv og overnatting, og at industrietableringa vil gje tapte investeringar og betydeleg reduksjon for turismen,</p>	<p>Utgreiing av verknader samanlikna med dagens miljøtilstand, framgår i vedlegg til planomtalen.</p> <p>2 Ein viser til kommentar til merknad, første avsnitt, frå Bremanger SV, nr 16.</p> <p>3 Fleire merknader peikar på ulempar for turismeverksemde, ved utbygging av ammoniakfabrikk, og ulempe ved muleg fråflytting og manglande tilflytting. Det vil vere knytt uvisse til vurdering av samfunnsmessige verknader, men merknadene må takast med til den samla vurderinga av ulike omsyn interesser i saka.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>då turistane, både norske og andre, kjem for naturopplevingar og urørt natur. Han skriv at utvikling av turisme i Nordgulen no har stoppa opp, medan ei verksemd har valt å etablere seg annanstad.</p> <p>Han meiner verknader som fråflytting og bulyst, og verknader for turisme, er mangelfullt utgreidd i KU.</p> <p>4 Dyrstad peikar på at Nordgulen og Holmaneset er viktige friluftsområde for unike høve til rekreasjon og naturopplevingar som dykking, padling, fiske, bading og fotturar. Dette vil bli heilt forandra, og ein vil få tilgjengesrestriksjonar og visuell, lyd- og lysmessig forureining, som gjer det mindre attraktivt som friluftsområde. Han viser (i vedlegg til merkningen) til vedteke LNF-føremål for holmane og sundet, og stiller spørsmål ved faresoner i området, jfr innlegg på kommunen si Facebookside, der det framgår at det skal vere fri ferdsel.</p> <p>Dyrstad skriv at eigedomsskatt frå FFI er vurder til 16 mill kr/år, og at dette er mykje mindre enn andre ev lokale prosjekt, eks vindkraft på Bremangerfjellet og Myklebustfjellet, som og kunne ha lenger levetid. Han meiner vidare at inntektene er vurdert til å vere tilgjengelege i berre 20 år, og spør difor om det er verd å setje bulyst og naturopplevingar i fare for dette. Han peikar på at prosjektet ikkje vil få Enova-støtte, og at det svekkar økonomien i det. Han fryktar konkurranse om arbeidskraft med lokale verksemder, som då kan gå konkurs. Han peikar på at kommunen alt i dag har problem med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft, som elektrikarar, mekanikarar, operatørar, oppvekstpersonell, helsepersonell m.m. Han meiner fabrikkjen vil tiltrekkje seg pendlarar, og ikkje styrke lokalsamfunnet. Dyrstad viser til faren for stabiliteten og framtida til lokale verksemder som Elkem, då dei om nokre år må fornye kraftavtale, og uvisse om framtidig tilgang og pris på kraft i regionen.</p>	<p>4 Utbygging vil gje tap av natur og friluftsområde. Vedkomande ferdsel er det frå DSB signalisert at ferdsel utan opphald vil kunne skje i småbåtleia Holmasundet og på Storeholmen. Dette blir endeleg avklara først når FFI søker DSB om godkjenning (samtykke) trin 2, som blir gjort etter at det er gjort vedtak i reguleringsplansaka.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>Dyrstad meiner kommunen vil kunne stå overfor krav om økonomisk erstatning grunna verditap på eigedomar, og ev rettslege tvistar vil svekke omdømet til kommunen.</p> <p>Han viser til planane for Bremanger Quarry, som ville kunne gje 50 arbeidsplassar i 100 år, men der kommunen hadde råd til å prioritere andre omsyn enn arbeidsplassar. Han meiner vidare at å gje løyve til eks Holmaneset og gjenbruksstasjon på Nygård, vil utgjere forskjellsbehandling i høve ivaretaking av natur- og miljøomsyn og krav til alternativutgreiingar, slik at kommunen misser truverde og risikerer rettsleg tvist med Bremanger Quarry.</p> <p>5 Dyrstad meiner kysttorsken og det økologiske mangfaldet vil bli negativt påverka av endra vasskvalitet og vassstemperatur. Vidare hevdar han det manglar nok kunnskap om gytefelt for torsk, og at raudlista artar i sjø og på land ikkje er nok utgreidde i KU i høve utslepp, f eks ammoniakk og nitrogen, og meiner også det er manglande utgreiing av verknader av lys og støy, for både folk og fauna, herunder Tennøyane.</p> <p>Han viser til at store deler av feltarbeid er gjort utanom sesong, og til manglande utgreiing av biologisk mangfald i sjø og på land.</p> <p>6 Dyrstad meiner risiko i samband med ekstremnedbør ikkje er grundig nok vurdert i planen. Det er heller ikkje gjennomført ei heilskapleg vurdering av ev ammoniakk- og nitrogenlekkasjar, som kan gje skade i fleire km avstand. Han viser til tilsvarande anlegg som rapporterer årlege ulukker, og peikar på at det ikkje er klare beredskapsplanar for krisesituasjonar. Han viser her til at det er avgrensa måtar å evakuere frå nordsida av fjorden.</p> <p>Dyrstad skriv at ROS-analysen manglar realistisk vurdering av større og mindre ulukker, og påverknad på omgivnadene.</p>	<p>5 Det er i føresegnene sett strenge krav til førebyggjande tiltak mot ureining i sjø, i samband med arbeid i og ved sjø. Det er avgjerande for eit godt resultat at dette blir nøye følgt opp i anleggs- og driftsfase, slik planen er.</p> <p>Dei fagkunnige som har gjort konsekvensutreiinga meiner at kartlegginga som er gjennomført gjev eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag naturmangfaldet på land og i sjø, sjølv om tidspunktet for undersøkingane ikkje var optimalt. Det vil ikkje vere mulig å garantere at alt naturmangfaldet er kartlagt ved feltundersøkingar nokre få dagar av året, og det vil alltid vere ei viss usikkerheit.</p> <p>6 Overvatn skal ivaretakast i detaljplanlegginga.</p> <p>ROS-analysen ved planframlegget går ikkje nærare inn på konkrete hendingar av spesifikt omfang. Dette er/blir gjort i analysar som ikkje ligg med planen. I samband med søknad om godkjenning trin 2, til DSB, vil det blir gjort detaljerte risikoanalysar, og beredskapstiltak vil bli planlagt i detalj, i samråd med kommunen.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>Han viser til at dominoeffektar av ev ulukke i høve storulukkeverksemda Forcit (Tretteskjervika), ikkje er tilstrekkeleg vurdert.</p> <p>7 I høve miljørekneskap skriv han at denne ikkje tek høgde for alternativ bruk av krafta, og at krafta kunne ha inntil ti gonger større effekt på utsleppskutt dersom den vart brukt til å erstatte kolkraft. Han meiner at manglane ved framstilling av verknadane av kraftbruken for utslepp og miljø, gjer at prosjektet framstår som grønvasking.</p> <p>Han saknar også utgreiing av verknadene av at ev fabrikk kan bli nedlagt.</p> <p>Han peikar på at planen ikkje krev at bruken av ammoniakken skal vere miljøvenleg, og at den kan bli brukt til kunstgjødsel, som ikkje er klimanøytralt.</p> <p>8 Brev om lokalisering av ammoniakfabrikk er vedlagt, og omtalar i hovudsak alternativa Ålfoten og Smørhamn, og krav om at lokasjonsstudiar gjorde før val av Holmaneset, må frigjevast.</p> <p>Brev til kommunen v formannskapet, datert 24.08.2024, ligg ved fråsegna. Denne er oppmoding om utsetting av behandling av reguleringsplanframlegget den 27.08.2024, grunna svært stort omfang, og bekymring om mangelfull konsekvensutgreiing og ROS-analyse. Dette brevet er svara på via sakssystemet, 29.08.2024.</p> <p>9 31.10.2024: Dyrstad er kritisk til at signaturar frå utflyttarar, studentar, hytteigarar og folk som for tida jobbar andre stader, blir fjerna frå underskriftslistene. Han skriv at desse no er avventande i høve heimflytting, og peikar på at underskriftslistene er eit talerøyr for dei i høve skjebnen til heimstaden deira.</p>	<p>7 Ein viser til KU-en si utgreiing kring klima, herunder pkt 6.13.11 om uvisse i utgreiingstemaet, knytt til startfasen for slike prosjekt. Ammoniakkproduksjon er ei nasjonal satsing.</p> <p>8 Planforslaget er supplert med lokaliseringsstudie gjort i regi av FFI, før planoppstart områderegulering. Det er og gjort ei vurdering av Ålfoten og Smørhamn, ved kommunen.</p> <p>9 Meininga mulege heimflyttarar har om det planlagde tiltaket, må takast med i vurderinga av fordelar og ulempar. Kommunen ønskjer at ungdom og andre, flyttar heim.</p> <p>For andre moment i merknaden viser ein til kommentarar til tilsvarande merknader.</p>
29	Dyrstad, Sissel DokID 24/11512	<p>1 Konsekvensutgreiinga held ikkje god nok kvalitet, og planforslaget burde ikkje vore sendt på høyring: Konsekvensutgriinga er ikkje er grundig nok, inneheld feilinformasjon, og manglar viktige vurderingar. Dette kunne</p>	<p>1 Ein viser til kommentar til merknad frå Folkeaksjonen (nr 18) , deira merknad B, pkt 2. Ein viser også til Fiskeridirektoratet si</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>endra konklusjonane. Avsendar stiller spørsmål ved formannskapet si beslutning om å sende områdereguleringa på høyring med dei påpeika manglane, trass at dei blei gjort merksame på dei før høyringsperioden. Avsendar meiner formannskapet ikkje tek saka på alvor, og viser til at Fiskeridirektoratet alt har varsla motsegn mot planen. Påpeikar at det er kommunens ansvar å sikre at alle saker er grundig utgreidde og kvalitetssikra før dei blir sende på høyring, og viser til kommunelova sine krav om dette. Vidare stiller avsendar seg undrande til at formannskapet, etter å ha brukt berre éi veke på å gå gjennom det omfattende materialet, valde å sende det ut på høyring. Avsendar meiner det er uansvarleg av dei folkevalde å overlate til andre å ta ansvaret for å avdekke eventuelle manglar.</p> <p>2 Nullalternativet i konsekvensutgreiinga er basert på feil føresetnader: Avsendar argumenterer for at nullalternativet, som tek utgangspunkt i at Holmaneset er utbygd i samsvar med reguleringsplanen frå 2010, er feilaktig. Ho viser til at kommunen har avvist forslag om næring på Holmaneset i både 2019 og 2022, med grunngjeving om at ei utviding av næringsarealet ville ha negativ innverknad på Holmasundet som friluftsområde, naturmangfald, strandsone, folkehelse og barn og unge. Vidare viser avsendar til at administrasjonen i 2023 konkluderte med at Djupevika ikkje eignar seg for utbygging, blant annet på grunn av fare for ras, manglande plass til ammoniakkeksport, og negativ påvirkning på farleia. Ho meiner det er uklart kva som har endra seg sidan den gang, og etterlyser ei forklaring frå kommunen.</p> <p>3 Konsekvensutgreiinga manglar vurdering av realistiske og reelle alternativ: Avsendar kritiserer konsekvensutgreiinga for å mangle vurdering av realistiske og reelle alternativ iht. krav i forskrift om konsekvensutgreiing, trass at dette tidligare er påpeika av Statsforvaltaren og fylkeskommunen. Påpeikar at</p>	<p>motsegn, og imøtekomning av denne. Sjå kommentar til deira merknad, nr 8.</p> <p>2 0-alternativet vart teke stilling til i planprogrammet, og reguleringsplanen er laga i samsvar med dette. Utgreiing av verknader samanlikna med dagens miljøtilstand er gjort, og finst i vedlegg til planomtalen. Initiativet om å starte planarbeid for ammoniakkeproduksjon har kommunen valt å ta til følgje. Framlegget til områdereguleringsplan ligg no føre, der alle sider ved tiltaket skal vere tilstrekkeleg utgreidde. Det ligg no til rette for å avgjere om ein ønskjer å seie ja til reguleringsplanen, eller ikkje. Alternativet med utfylling i Djupevika ønskjer ikkje tiltakshavar å gå vidare med, og blir derfor ikkje nærare kommentert.</p> <p>3 KU-forskrifta set krav til alternativsvurdering av relevante og realistiske alternativ. Det er gjort tilleggsgutgreiing av Ålfoten og Smørhamn,</p>



Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>konsekvensutgreiinga inneheld feilinformasjon om lokaliseringsstudien, og at Holmaneset ikkje vart valt ut frå ei objektiv vurdering, men etter påtrykk frå kommunen. Utsegna om at "Det fremmes to planforslag, planalternativ 2a og planalternativ 2b" er misvisande, då det ikkje er utført ei reell alternativvurdering. Dyrstad stiller her spørsmål ved om kommunen har lagt ut identiske plankart.</p> <p>Etiske problemstillingar knytte til bruk av ammoniakk til kunstgjødsel: Avsendar stiller spørsmål ved etikken kring etablering av anlegget, og viser til at Fortescue har sagt at ammoniakken også vil bli brukt til kunstgjødsel. Kunstgjødsel er skadeleg for naturen, og Norge prøver å redusere mengda som blir brukt i jordbruk. Avsendar etterlyser ein diskusjon ved kommunen, kring dette.</p> <p>4 Konsekvensutgreiinga (KU) manglar viktige utgreiingar, mellom anna:  <u>Vurderingar av konsekvensane for Tennøyane naturreservat.</u> Avsendar meiner det er underlig at Tennøyane ikke har blitt vurdert som eit eige punkt i KU-en, og at naturmangfoldlova §49 ikke er nemnt. Dyrstad meiner KU-en burde ha referert til forvaltningsplanen for Tennøyane naturreservat. Vurdering av støyforurensing er mangelfull, då støy frå eksisterende verksemder ikkje er tatt med i vurderinga. Ho påpeikar at det manglar planar for handtering av støy frå skipstrafikk til og frå anlegget. Avsendar meiner det er viktig å ha slike planar på plass før kommunen godkjenner utbygging, spesielt med tanke på at det er både fritidsbustader og bustader, mindre enn 600 meter frå skipsleia.</p> <p><u>5 Vurdering av lysforurensning.</u> Meiner konsekvensutgreiinga burde omfatta ei modellering av lys og verknaden på dyreliv, natur, miljø og naboar. Påpeikar at vurdering av lysforurensing også blei lova i merknadsbehandlinga av planprogrammet.</p>	<p>og tidleg arbeid med lokalitetsvurdering, i regi av FFI, er lagt til planen.</p> <p>Planalternativ 2A og 2B viser to løysingar for arealbruken, og er ikkje alternativvurderingar etter KU-forskrifta.</p> <p>Blir teke til vitande. Grunngeving for tiltaket er bruk av ammoniakk som erstatning for fossilt drivstoff, jfr den nasjonale satsinga på dette.</p> <p>4 Tennøyane naturreservat er vurdert som eige delområde i KU-en. KU-en er elles supplert med ei vurdering etter naturmangfoldlova § 49, etter offentleg ettersyn.</p> <p>Med omsyn til støy er vindkraftverket og steinbrotet i fjellet vurdert til ikkje å påverke støybiletet frå Holmaneset. Det kan vere ein viss påverknad frå lasting f eks, ved utskipingsområdet for stein, på Dyrstad, men sidan det ikkje er tilgjengelege støydata frå denne verksemda er det ikkje vurdert. Det er gjeldande støyretningsliner som set krav til utslepp av støy, også for driftsfase.</p> <p>5 Lyssetting blir nærare planlagt i samband med detaljplanlegginga, og det følgjer av konsekvensutgreiinga at føre-var-prinsippet skal nyttast i høve påverknad på natur og dyreliv. Føresegnene set krav til lyssettinga</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p><u>6 Vurdering av utslipp av kjølevatn, ammoniakk, nitrogen og støypåvirkning i sjø.</u> Meiner KU-en ikkje tar høgde for vurdering av negative effektar knytte til utslipp av kjølevatn over tid, og eventuelle tiltak som vil bli iverksette dersom temperaturene overstig forventa nivå. Avsendar kritiserer konsekvensutgreiinga for ikkje å ha vurdert nitrogenutslepp til regnskog og Tennøyane. Meiner også at KU-en manglar tilstrekkeleg vurdering av utslipp av kjølevatn, nitrogen, ammoniakk og støypåvirkning i sjø i samband med fiskeri og gytefelt for torsk.</p> <p><u>Konsekvensutgreiinga manglar vurdering av rekefelt i Nordgulen:</u> Avsendar etterlyser vurdering av konsekvensar for rekefelt i Nordgulen, og meiner konklusjonen om at rekefeltet ikkje vil bli påverka er feilaktig. Viser til rapport frå Havforskningsinstituttet som viser at rekefeltet i Nordgulen framleis kan være verdifullt for rekebestanden.</p> <p>7 Konsekvensutgreiinga manglar vurdering av fråflytting: Dyrstad kritiserer konsekvensutgreiinga for ikkje å ha vurdert fråflytting og konsekvensar av dette, for kulturmiljø, friluftsliv og landskap.</p>	<p>under pkt estetikk, 2.10 og i dokumentasjonskrav i utomhusplan ved søknad om rammeløyve, pkt 2.12 d.</p> <p>6 Ein føreset at konsekvensutgreiinga er tilfredsstillande fagleg utført. Den økologiske tilstanden i Nordgulen er <i>moderat</i>, og kjemisk er den <i>dårlig</i>. Målet er at den skal oppnå <i>god</i> tilstand i framtida, og det vil difor vere ein føresetnad for eventuelle løyve at ein unngår ytterlegare ureining frå det planlagde tiltaket. Dette omsynet er ivareteke i føresegnar til planen, og vil bli følgt opp i plan for miljøoppfølging i anleggsfase, og seinare for driftsfase. Ein viser til krav i føresegnene om arbeid i og ved sjø, kommentar til Fiskeridirektoratet si motsegn (nr 8).</p> <p>I samband med utslippsløyve etter ureiningslova er det vanleg at det vert sett krav til oppfølgjande miljøundersøkingar, for å undersøkje eks langtidsverknader av varmtvassutslepp, kjemiske utslepp m.v. Overnemnde ivaretaking er også viktig med omsyn til rekefeltet i Nordgulen.</p> <p>7 Samfunnsverknad som fråflytting er peika på i fleire merknader, og må vurderast og vektast ilagmed fordelar og ulempar med tiltaket. Ev fråflytting kan m.a. gje tilgroing og følgjeleg tap av kulturlandskap, og endra landskapsbilete, men om tiltaket faktisk fører til fråflytting og tap av kulturlandskap er ikkje råd å forutseie og kan ikkje takast høgde for i konsekvensutgreiinga. For landbruksareal er driveplikta ivareteke gjennom anna regelverk.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>8 Meiner at konsekvensutgreiinga manglar kost-nytte-analyse av korleis ein kan utnytte overskuddsvarme.</p> <p>9 KU-en manglar ei vurdering av konsekvensane av å legge straum- og vassledningar over Elkem sitt deponiområde.</p> <p>10 KU-en manglar ein berekraftsanalyse.</p> <p>11 KU-en manglar plan for lagring av dei store mengdene oksygen som vil bli produsert.</p> <p>12 Konsekvensutgreiinga gjev eit feilaktig bilde av forurensning i området. Avsendar meiner påstanden om at det ikkje er registrert forureina grunn i området, er feilaktig. <b>KU-en tar ikkje hensyn til Forcit si omsynssone.</b> Påpeikar at konsekvensutgreiinga ikkje tar hensyn til at Holmaneset ligg innanfor Forcit si omsynssone. Avsendar etterlyser vurdering av konsekvensar for Forcit, blant anna om de vil bli tvangsflytta. Det er heller ikkje nemnt i planomtalen at naboområdet er regulert for oppbevaring av sprengstoff.</p> <p>13 Konsekvensutgreiinga gir ikkje rett bilde av naturmangfald. Avsendar meiner KU-en ikkje gjev rett bilde av naturmangfald i området, blant annet ved å ikkje ta hensyn til myr på Holmaneset. Avsendar stiller spørsmål ved kvifor myrområda på Holmaneset ikkje er nemnde i KU-en. Meiner også at konsekvensutgreiinga undervurderer verdien av kystfurskog i området. I tillegg står det at feltarbeidet blei utført i feil sesong, som kan ha ført til at viktige arter ikke ble registrert.</p>	<p>8 Konsekvensutgreiinga følgjer planprogrammet. FFI har dialog med NVE om kost-nytte-analyse. Forskrifta om dette er endå ikkje er ikraftsett (01.04.2025).</p> <p>9 Dette blir vurdert i sak som gjeld konsesjon for straumleidningen som skal gå i sjø. Vassforsyning skal vere avsalting av sjøvatn.</p> <p>10 Reguleringsplanen er utarbeidd i samsvar med planprogrammet. Ammoniakkproduksjon er eit nasjonalt satsingsområde.</p> <p>11 Det er per i dag ikkje planlagt lagring av oksygen på området.</p> <p>12 Undersøking for å avklare muleg ureina grunn, land og sjø, er del av utgreiingane, og ev ureina massar skal handterast i høve regelverket jfr ureiningslova. Forholdet til Forcit er vurdert i ROS-analysen, og vil bli utgreidd nærare i samband med beredskapsplanlegging.</p> <p>13 Berekinga av areal med organisk jord framgår i figur 6-114 i Konsekvensutgreiinga. Denne føreset at arealet med myr blir nedbygd også i 0-alternativet (reguleringsplanen frå 2010). Endring i klimagassutslepp i høve dagens miljøtilstand er også vurdert. Areal og djupne på myr framgår i geoteknisk rapport. Berekinga syner at det vil gje vèl 15 000 tonn CO<sub>2</sub>e utslepp over ein 75-årsperiode, dersom ein byggjer ut ammoniakkanlegget, samanlikna med å la skog og vegetasjon vere urøylvt.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>14 Avsendar mener konsekvensutredningen mangler vurdering av konsekvenser for Holmasundet som friluftsområde.</p> <p>15 Avsendar meiner konsekvensutredningen mangler vurdering av avbøtende tiltak for lysforurensning, støypåvirkning for marine arter og nitrogenutslipp, og at tiltak for å minimere avrenning til sjø ikke er tilstrekkelig beskrevet.</p> <p>16 Avsendar mener konsekvensutredningen kan være et bestillingsverk fra Fortescue, og ber om at kommunen engasjerer en uavhengig part for å utføre utredninger</p> <p>17 Planbeskrivelsen inneheld feil og manglar, m.a.: At det ikke er informert om at Fortescue først tok kontakt angående Ålfoten, og at det var kommunen som anbefalte Holmaneset.</p> <p>18 Avsendar mener planbeskrivelsen burde ha inneholdt en vurdering av hvordan det nye anlegget samsvarer med den eksisterende reguleringsplanen. Avsendar viser til at planen ikke tillater forurensende/farlig produksjon. Mener planbeskrivelsen er feilaktig når den hevder at arealet og lokaliseringen er egnet for formålet, da dette strider med gjeldende reguleringsplan.</p>	<p>Det er rett at feltundersøkingar land og sjø ikkje vart gjorde til optimalt tidspunkt på året. Det er derfor jfr KU-en teke høgde for dette ved å leggje føre-var-prinsippet til grunn for tiltak og påverknad.</p> <p>14 Friluftslivsinteressene er tema i KU-en, og høyringa har gjeve endå meir kunnskap om bruk og verknader for desse, i høve nabogrender, og busette i Nordgulen.</p> <p>15. Sjå kommentar pkt 10 og 11, til merknad frå Folkeaksjonen mot ammoniakfabrikk.</p> <p>16 Planarbeidet er utført ved eigna kompetanse og i høve planprogram og gjeldande metodikk for arbeidet. Ein legg dette til grunn. Ei ev ny utgreiing ville ialle høve bli svært omfattande.</p> <p>17 Blir teke til orientering. Valet av Holmaneset som lokaliseringalternativ er no gjort greie for i planomtalen. Informasjon om alternativvurderingar er supplert med egne notat frå tiltakshavar og kommunen.</p> <p>18 I gjeldende reguleringsplan frå 2010 er store deler av området avsett til industri. Ein er no i ein planprosess for ny reguleringsplan, der større del av Holmaneset blir regulert til industri, samanlikna med den eldre reguleringsplanen. Konsekvensar av dette vurderer ein til å framgå tilstrekkeleg i konsekvensutgreiinga. Vurdering av om området er eigna for føremålet vil vere ei interesseavveging basert på mange ulike omsyn.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>19 Avsendar påpeikar at fakkelhøgde i planbeskrivinga må endrast til 48 meter, i samsvar med KU-en.</p> <p>20 Avsendar stiller spørsmål ved hvorfor Djupevika ikke lenger anses som uegnet for utbygging, og viser til Henning Larsens argumenter mot en slik lokalisering i forbindelse med merknadsbehandling av planprogrammet i 2023.</p> <p>21 Avsendar meiner ROS-analysen manglar vurdering av dominoeffekt frå andre storulykkeanlegg i området, som Elkem og Forcit, og konsekvensane dersom det blir utskipning fra Aksla, via Nordgulen. Det er heller ikkje vurdert behov for hensynssoner for skipsstrafikk og konsekvensar ved grunnstøting, motorhavari eller andre ulukker. Elles manglar vurdering av beredskap ved storulykker, m.a. evakuering, beredskap ved dårleg ver, kapasitet på beredskapen, og tilgang til sjukehus og legevakt. Avsendar meiner ROS-analysen ikkje oppfyller krav i PBL §4-3, og at den ikkje tar høgde for worst-case-scenario eller til at vegen på Dyrstad-sida truleg vil bli stengd ved ulukke. Avsendar meiner også at datagrunnlaget om risiko for tilsvarende anlegg i Norge er mangelfullt. Viser til at anlegget på Herøya har fleire ulykker årleg med evakueringar, og at innbyggjarane ikkje stolar på lovnader om lav risiko.</p>	<p>19 Grunnen til at det er to ulike høgdetilvisingar, er at det i planforslaget er regulert total høgde for kotehøgde + installasjon.</p> <p>20 Planforslaget representerer ei balansering av hensyn til landskap, naturmangfald og naturmiljø, tilgjenge, massebalanse og inngrep i sjø. Planalternativ 2a legg til rette for eit mindre utfyllingsareal i Djupevika, som er vurdert som teknisk/økonomisk gjennomførbart.</p> <p>21 ROS-analysen som er gjennomført for planforslaget, har med seg utgreiingar frå den underliggende kvantitative risikoanalysen (QRA) som er knytt til krav i brann- og eksplosjonsvernlova. Det er gjennomført fleire arbeidsmøte med deltaking frå lokale innsatsetatar, der scenario er diskutert. For dei underliggende analysane framgår det frå FFI at det er gjennomført seriar av arbeidsmøte, der både eksterne og interne scenarier er inkluderte. Det er gjennomført analyser for dei konkrete naboverksemdene til Holmaneset, for å avdekke kva effekt dei kan ha på anlegget. Desse underliggjande analysane, QRA-en, er ikkje del av planframlegget, då dei ikkje er offentlege.</p> <p>Dominoeffekter er del av analysane og del av underlaget i søknad om samtykke til DSB. Worst-case-scenario er ikkje lagt fram i samband med reguleringsplan, men vil inngå i samtykkesøknaden til DSB. Fortescue ønskjer å sende søknaden til DSB etter at</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>22 Lagring av hydrogen. Avsender stiller spørsmål ved om DSB (Direktoratet for sikkerhet og beredskap) er informert om at hydrogen skal lagres og skipes ut fra anlegget, og om hensynssonene som er definert tar høyde for dette. Viser til konsekvensutredningen, hvor det står at grønt hydrogen kan selges direkte fra anlegget.</p>	<p>det er gjort endeleg vedtak om reguleringsplanen for Holmaneset. Ein føreset at andre risikoforhold som er tekne opp i merkningen til Dyrstad, blir detaljert utgreidde i søknad til DSB, og i samband med utarbeiding av konkrete planar for beredskap.</p> <p>22 Det er planlagt at hydrogenet skal omgjerast til ammoniakk ved å tilsette nitrogen. Tiltakshavar opplyser at det ikkje planlagt at hydrogen skal lagrast, eller transporterast ut fra området.</p>
30	Dyrstad, Ståle Martin DokID 24/11287	<p>1 Dyrstad er uroa for framtida, særleg med tanke på heimflytta ny generasjon. Kritiserer det han kallar eit hastevedtak om å endre industri på Holmaneset frå lettere, mindre industri, til ein gigantisk ammoniakkfabrikk, spør om det kan vere at dei som gjorde vedtak ikkje blir råka av planane.</p> <p>Meiner at utgreiingane om trygggleikssoner er uinteressant, og at ev store utslepp av ammoniakk vil gje soner på minst 1-3 kilometer og vere til fare for liv og helse.</p> <p>Dyrstad reknar med å leggje bort planar for turismeverksemd, og vil forøvrig vurdere sterkt å flytte frå bygda, dersom planen blir vedteken og fabrikk bygd.</p> <p>2 Meiner en slik fabrikk rett over fjorden for Dyrstad vil vere uetisk, støyande, forstyrrende og ødeleggende, slik vindmøller på Bremangelandet og steinbrot på Aksla vil vere for dei som ville få utsyn til det.</p>	<p>1 Mange innspel tek opp frykt for uhell ved ammoniakkfabrikken, og at det kan gjere at innbyggjarar vurderer å flytte. Dette må kommunen ha med seg ved vurderingane av fordelar og ulemper ved tiltaket. ROS-analysen vedkomande spreining av giftige gassar konkluderer med at det er lite sannsynleg at ev ammoniakklekkasje vil råke område utanfor planområdet. Det er likevel teke atterhald om muleg behov for varsling/evakuering avhengig av ver- og vindforhold.</p> <p>2 Tiltaket vil bli synlig fra Dyrstad, rett på andre siden av fjorden, som vist i KU-en. Det er utført støyanalyse som viser at støyen frå anlegget vil bli moderat, og sett krav om at retningslinene for støy i arealplanlegging (T-1442) blir følgde i prosjektet.</p>
31	Dyrstad, Sverre Magne DokID 24/11384	<p>1 Stiller spørsmål ved sjekk av underskriftslistar i høve om folk er busette i kommunen, og om det er slik at folk i andre kommunar, eks ungdom i utdanning og folk med familie og eigeidom i Bremanger, ikkje skal få meine noko om saka.</p>	<p>1 Det er ein demokratisk rett å ha meiningar om planane, som vedkjem allmenta inkl. dei som f eks har tilknytning til Nordgulen via fritidshus og familie, her også unge som har planar om å flytte heim.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>2 Han meiner m.a. at det er usikkert kva kommunen får att for etableringa, og at det ikkje er rett at politikarar som har tilhald utanfor Nordgulen, skal gå imot den lokale folkeviljen, der folk blir buande i ei risikosone.</p>	<p>2 Samfunnsmessige verknader av den planlagde etableringa er vurdert i kap 6.14 i konsekvensutgreiinga. Det vil vere knytt uvisse til både positive som negative verknader. Lokal folkevilje er eit viktig forhold i vekting av fordelar og ulempar.</p>
32	<p>Dyrstad og Haukeland, Silje Kristin og Bjørn Dyregrov DokID 24/11448</p>	<p>1. Avsendarane kritiserer formannskapet for å sende ei ufullstendig konsekvensutgreiing på høyring, og for å legge ansvaret for å avdekke manglar over på andre. Dei meiner formannskapet ikkje har utført nødvendig kvalitetssikring, og viser til bestemmingar i kommunelova om at kommunen har ansvar for å sikre at saker er grundig utgreidde før dei blir sende på høyring. Dei ønskjer ei ny konsekvensutgreiing der dei faktiske forholda på Holmaneset ligg til grunn for 0-alternativet, og ROS-analyse der "worst casescenario" og nødvendige beredskapsplanar er innarbeidde.</p>	<p>1 Etter offentlig ettersyn er det gjort forbetringar og tilleggsutgreiingar i samråd med plankonsulent, FFI og overordna mynde, med bakgrunn i fråsegner frå Statsforvaltaren, Fiskeridirektoratet og fylkeskommunen. Dei tilrådde endringane framgår i plandokumenta til saka, oppdaterte til behandling av planen med innkomne merknader.</p> <p>Gjeldande reguleringsplan for Holmaneset er lagt til grunn som 0-alternativ for vurdering av konsekvensane av tiltaket, sidan ein såg det som den mest sannsynlege utviklinga av området. Dette er også i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941: «Nullalternativet skal beskrive den sannsynlige utviklingen av området dersom planen eller tiltaket ikke blir gjennomført.» (pkt. 1.1.1). Konsekvensar samanlikna med dagens miljøtilstand, er også gjennomgått for relevante tema, og er vedlegg til planomtalen. Ønskje om ny KU basert på dagens tilstand som nytt 0-alternativet blir ikkje å imøtekome.</p> <p>Verstefallsscenario er ikkje vurdert i ROS-analysen, årsaka er at det er lite sannsyn. Det er mange innspel om at dette scenarioet bør framgå i reguleringsplansaka. Dette scenarioet er del av samtykkesøknaden til DSB, som jfr FFI blir send når det ligg føre eit endeleg vedtak av områdereguleringsplanen. Det er krav til</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>2. Dei bed om at anleggsperioden på 40 månader blir med i berekninga av bu- og driveplikta på landbrukseigedomen deira, då det blir uråd å bu der i anleggsperioden. Dermed meiner dei at de vil ha oppfylt krava til bo- og driveplikt, om anlegget blir bygd.</p> <p>3. Avsendarane meiner konsekvensutgreiinga (KU) og planomtalen har fleire manglar:</p> <p>a) Det manglar vurderingar av risiko ved anløp og samla konsekvensar.</p> <p>b) Konsekvensar for naturmangfoldlova §49 er ikkje vurdert, då det ikkje er gjort ein tilstrekkeleg KU av naturmangfald.</p> <p>c) Data for lysforhold manglar, og dermed er lysforurensing ikkje vurdert for folk eller naturmangfold. Dei viser til at KUen seier at det ikkje er framlagt tekniske data vedkomande belsningsløyisingar, og at eksisterande lysforhold ikkje er inkluderte i KU.</p> <p>d) Dei mener store manglar innanfor naturmangfold burde ha ført til at områdereguleringa ikkje vart send på høyring. Dei kritiserer m.a.at feltarbeid er utført utanfor sesong, og at dette også er nemnt i KU som «usikkerhet» for konsekvensar av tiltaket. Dei peikar på at nokre habitatdata er utdaterte og manglar nye feltundersøkingar.</p>	<p>avtale om brannberedskap mellom FFI og kommunen før det kan gjevast løyve til tiltak i planområdet. Detaljerte beredskapsplanar må utarbeidast i det vidare arbeidet med planane for etableringa. Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse må oppdaterast.</p> <p>2 Spørsmål om berekning av tida for buplikt, blir å behandle etter søknad, dersom vilkår om buplikt ikkje vert oppfylt. Gardsbruket på Dyrstad har til saman knapt 13 daa dyrka mark og ca 12,5 daa innmarksbeite. Dette er det driveplikt på, uavhengig av buplikt. Fritak frå driveplikt blir ev eigen søknad.</p> <p>3</p> <p>a) Risikoen for skipsulukker er behandla i ROS-analysen. Sannsyn er vurdert som lavt, og konsekvensen for liv og helse er vurdert til middels.</p> <p>b) Naturmangfoldlova §49 omhandlar konsekvensar for verna område. Konsekvensar for Tennøyane er vurdert i KU som eit eige delområde. Konsekvensutgreiinga er supplert med ei særskilt vurdering etter NML § 49.</p> <p>c) Det blir opplyst at lyssetting av anlegget noko av det siste som blir detaljplanlagt, og derfor ikkje er klart per no. I planforslaget er det sett krav om at det skal utarbeides en lyssettingsplan til søknad om rammeløyve som skal dokumentere hvordan anlegget skal belyses for å sikre minst mulig lysforurensning.</p> <p>d) Det blei gjennomført feltarbeid for marin økologi i november, februar og august. August er høgsesong for tare og ålegras mtp. veksts sesong, og er ideelt tidspunkt å</p>



Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>Dei stiller seg undrande til konklusjonen om at tiltaket samla sett vil medføre små negative konsekvensar. Dei viser til at tema som støy, lys og variasjonar i naturmangfold gjennom ulike sesonger, ikke er grundig vurdert i KU-en.</p> <p>e) Konsekvensane av utslepp for naturmangfold og naturreservatet er ikkje vurdert. Dei etterlyser vurdering av ammoniakk- og nitrogenutslepp til sjø, nitrogenutslepp til regnskogen og til Tennøyane, konsekvensar av spillvassutslepp, og konsekvensane ved evakuering av befolkninga på andre sida av fjorden, i tilfelle fylkesvegen blir stengd.</p>	<p>gjennomføre feltarbeid. For naturmangfold på land er tiltaksområdet kartlagt ved fleire tidspunkt gjennom vekstsesongen, med hovudvekt i mai måned. Dette er i tråd med veilederen for M-1941 (terrestrisk naturmangfold) der det står <i>"Dersom det er behov for befaring og kartlegging i felt skal kartleggingen gjøres på et tidspunkt hvor det er mulig å observere relevant naturmangfold (i hovedsak i sommerhalvåret april - september)."</i> Det vil ikkje vere mulig å fange opp totaliteten av naturmangfoldet ved å kartlegge berre nokre få dager av året, og det vil alltid vere noko uvisse, slik det er vist til i KU-en. KU er gjennomført i samsvar med planprogrammet.</p> <p>e) Grenseverdier for konsentrasjonar i utandørs luft er gjeve i forurensningsforskriften kap. 7. Grenseverdiene er blant anna sett med omsyn til økosystem og vegetasjon generelt. For nitrogenoksid (NO<sub>x</sub>) er grenseverdien som er sett for økosystemer og vegetasjon samanfallande med luftkvalitetskriteriet for nitrogendioksid (NO<sub>2</sub>) på 30 µg/m<sup>3</sup>, begge gjeldande som årsmiddelverdier. Berekna årsmiddelkonsentrasjonar av NO<sub>x</sub>/NO<sub>2</sub> (NO<sub>2</sub>-konsentrasjonane ved bustader i området er satt konservativt til NO<sub>x</sub>) er i kapitlet om utslepp til luft (kap. 6.11 i KU) samanstilt med luftkvalitetskriteriet på 30 µg/m<sup>3</sup>, for planalternativ 1 i Tabell 6.43 og alternativ 2 i Tabell 6.44. Som det framgår av tabellane er berekna konsentrasjonar av NO<sub>x</sub>/NO<sub>2</sub> som årsmiddel på maks. 24 % av grenseverdien ved nærliggande bustader, og det er lagt fleire konservative antakelsar til</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>f) Dei krev at Fortescue rettar seg etter det nye vedtaket om å skjerme Holmane og sikre fri ferdsel, opphold, fangst og rekreasjon i Holmasundet og på Holmane.</p> <p>g) Det manglar ei vurdering av korleis hyttefeltet i Hessvika skal ivaretakast etter at fabrikkjen kjem.</p> <p>h) Det blir ikkje gitt ei detaljert beskriving av kva slag risikoar som blei vurderte i samband med lokaliseringa, særleg når det gjeld sikkerhetsrisiko knytt til lagring og transport av farlege stoff.</p>	<p>grunn for disse berekningane. Det er dermed vurdert at NOx-utsleppa frå prosessfaklinga ved anlegget ikkje medfører skadelege effektar på vegetasjon i området. Propan har ikkje etablerte grenseverdier med omsyn på økosystemer/vegetasjon som vi kjenner til; propanutsleppa frå faklinga er samanstillt med grenseverdien for propan sett som 24-timersmiddel med omsyn på helseserisiko. Berekna propan-konsentrasjonar ved bustader i området er lave, på maks. 0,02 % av grenseverdien, og det er dermed vurdert at også risiko for skadelege effektar på vegetasjon er lav.</p> <p>f) I vedtak av kommuneplan, arealdelen, vedteken i KST 15.10.2024 heiter det: «Bandleggingssona og næringsområdet ved Holmaneset vert redusert tilsvarende det som ligg i planforslaget frå tiltakshavar, der Medholmen, Storholmen og sundet ikkje er med.» Kva restriksjonar det blir for ferdsel og opphald blir endeleg klårt ved DSB si behandling av FFI sin søknad om godkjenning trin 2, som kjem etter at plansaka er endeleg vedteken.</p> <p>g)Hyttefeltet i Hessvika ligg utanfor faresonene kring planlagt verksemd, og skal heller ikkje få støybelastning utover gjeldande grenseverdier, jf. støyvurderingar. Tiltaket vil ha visuelle påverknader, både for fastbuande og hyttefolk/turistar.</p> <p>h) Avstand til busetnad og tilhøvet til sikker transport blei vurdert i samband med evaluering av lokaliseringalternativ. Faresonene/omsynssonene viser kva</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>i) Det manglar ei alternativvurdering i henhold til krava i forskrift om konsekvensutgreiing.</p> <p>j) Dei meiner vurderingar av støysoner ikkje er realistiske, då støy frå alt etablerte verksemdar ikkje er inkludert.</p> <p>k) Dei meiner det er manglande vurdering av støy på fastbuende, fritids- og friluftsområde. Dei meiner påverknad på nærliggande friluftsområde og turstier ikkje er tilstrekkeleg diskutert.</p> <p>l) Dei etterlyser plan for korleis støy frå anleggsarbeidet skal handterast i anleggsperioden på ca. 40 uker. Dei spør om det vil vere ei støygrense, kva som skjer om anleggsfasen overskrider støygrensa, kva konkrete tiltak som skal settast i gang, og om det vil vere pausar i anleggsfasen når det er lasting/lossing fra BQ, for å hindre at støygrensene blir overskridne.</p> <p>4. Dei etterlyser informasjon om kva av de 36 høyringsuttalane ved varsel om oppstart som blei inkludert i planbeskrivinga.</p>	<p>aktivitetar som kan vere innanfor ulike avstandar frå eit slikt anlegg. Omsyns-sonene som er utarbeidd viser at det ikkje er som er i konflikt med det DSB etter sine retningslinjer vurderer som akseptabel risiko. For transport av farleg gods er det eige regelverk.</p> <p>i) KU er gjennomført i samsvar med planprogrammet.</p> <p>j) k) Støy fra steinbrotet på Dyrstad og/eller Hennøy vindkraftanlegg er ikkje inkludert i støyberekningane. Det ligg ikkje føre støysonkart i gjeldande arealplaner for desse verksemdene. Basert på utførte berekningar for støy (Lden) på Holmaneset er det lite sannsynleg at det å kompensere for usikkerheit mht. sumstøy, med eksempelvis ei skjerpning av grenseverdiane for Lden, vil påverke konsekvensgraden pga. avstand til næraste naboar. Dvs. desse støykjeldene er for langt unna til å påverke det totale støybildet frå Holmaneset.</p> <p>l) Støy fra anleggsfasen er vurdert, men detaljar rundt støyande aktivitet og varigheit i anleggsfasen er ennå ukjent. Entreprenør har krav til å følge opp støykrav gitt i T-1442 mht. støy i anleggsfasen, jf pkt. 2.1 i føresegnene.</p> <p>4. Teke til orientering. Alle høyringsuttalar som kom inn ved varsel om oppstart er oppsummert og kommentert og ligg som en del av plansaken.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>5. Dei kritiserer planomtalen for å ikkje nemne naturmangfoldlova i tillegg til FNs naturavtale. Dei meiner naturmangfoldlova burde spele ei sentral rolle i vurderingane knytt til miljøpåverknad, spesielt i eit prosjekt med risiko for påverknad på viktige økosystem.</p> <p>6. Dei stiller spørsmål ved dei runde hensynssonene knytt til risiko for ammoniakkutslepp, og meiner sonene burde ta hensyn til vindretning og topografi som kan påverke spreiiing av ammoniakk.</p> <p>7. Dei kritiserer kunnskapsgrunnlaget i KUen for å vere mangelfullt:</p> <p>a) Dei meiner tidspunktet for vegetasjonsundersøkingar ikkje var rett, og at feltundersøkingar utnom optimal sesong ikkje gir eit fullstendig bilde av biodiversiteten (naturmangfaldet).</p> <p>b) Dei stiller også spørsmål ved om kunnskapsgrunnlaget for marint naturmangfald er tilstrekkeleg.</p> <p>8. Dei meiner føre-var-prinsippet ikkje er tilstrekkeleg ivareteke i KUen:</p> <p>a) Manglande feltdata frå optimal sesong gir uvisse om effektane på miljøet, og føre-var-prinsippet</p>	<p>5. Teke til orientering. Det er gjort greie for forholdet til naturmangfoldloven både i konsekvensutgreiinga og i planomtalen.</p> <p>6. Teke til orientering. Tiltakshavar understrekar at risikoanalysane er gjennomført i høve til gjeldande rettleiarar frå DSB. Det gjeld både ROS-analysen som er gjennomført for planforslaget, og den underliggande kvantitative risikoanalysen (QRA) som er knytt til reglane i brann- og eksplosjonsvernloven. Risikoanalysen har tatt høgde for vindretning og det er lagt til grunn empiriske modellar for å berekne konsekvensar av ulukkeshendingar.</p> <p>7. Merknaden er teken til orientering.</p> <p>a) Det blei gjennomført feltarbeid for marin økologi i november, februar og august. August er høgsesong for tare og ålegras mtp. vekstsesong, og er eit ideelt tidspunkt å gjennomføre feltarbeid. For naturmangfold på land er tiltaksområdet kartlagt ved fleire tidspunkt gjennom vekstsesongen, med hovudvekt i mai månad. Dette er i tråd med veilederen for M-1941 (terrestrisk naturmangfold) hvor det står <i>”Dersom det er behov for befaring og kartlegging i felt skal kartleggingen gjeres på et tidspunkt hvor det er mulig å observere relevant naturmangfold (i hovedsak i sommerhalvåret april - september).”</i> Det vil likevel aldri vere mulig å fange opp alt naturmangfoldet i eit område ved å kartlegge nokon få dagar av året, og det vil alltid foreligge ei viss usikkerheit.</p> <p>8 Teke til orientering.</p> <p>a) Sjå svar på punkt 7.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>tilseier at ein skal handle som om det verst tenkelege utfallet kan skje.</p> <p>b) Dei meiner også at samla belastning på terrestrisk og marint miljø over tid ikkje er godt nok vurdert, og at det ikkje er foreslått nok førebyggjande tiltak.</p> <p>9. Dei meiner tiltaket strir mot forvaltningsmål for naturmangfald, ved å bidra til nedbygging av gammal furuskog og habitat for raudlista arter. Dei stiller spørsmål ved om tiltaket tek tilstrekkeleg omsyn til forvaltningsmålet om å bevare biologisk mangfald og gammalskog, slik det er krav om i naturmangfaldlova. Dei meiner påstanden i KUen om at tiltaket kun påverkar ein liten prosentdel av gammalskogen i Norge ikkje stemmer, og viser til fokus i nasjonale media på at samla belastning frå andre tiltak i regionen ikkje er godt nok dokumentert. Dei meiner vurdering av samla belastning på sjøfuglbestanden er mangelfull, fordi auka ferdsel til lands og til sjøs kan forsterke belastninga. Dei meiner den samla belastninga på lenger sikt, ikkje er vurdert godt nok, og viser til at det i området finst næringsverksemd som gir store negative konsekvensar for naturen over tid.</p> <p>10. Dei stiller spørsmål ved vurdering av friluftsområde i KU-en:</p> <p>a) Dei etterlyser brukarundersøkingar og analysar av korleis unge kom fram til sine meningar.</p> <p>b) Dei meiner 0-alternativet i KUen er urealistisk.</p> <p>c) Dei meiner Holmaneset og Mevika burde vore inkludert i arealplanen som viktige badeplassar for barn og unge.</p> <p>11. Dei meiner områdereguleringa og planomtalen er utilstrekkeleg:</p>	<p>b) Merknaden vert teken til orientering. Plankonsulent er ueinig i påstandane og meiner dette er grundig vurdert i konsekvensutgreiinga, og at det er foreslått ei rekke avbøtande tiltak som er innarbeidd i planforslaget. Sjå planomtalen kap. 7 for nærare utgreiing.</p> <p>9. Teke til orientering.</p> <p>10. Teke til orientering.</p> <p>11. Teke til orientering.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>a) Dei meiner konsekvensane for miljø, naturmangfald og samfunn ikkje er grundig nok vurdert.</p> <p>b) Dei meiner klimarekneskapan er basert på urealistiske føresetnader av risiko knytt til ammoniakkutslepp, støy, lysforurensing og kumulative effektar.</p> <p>c) Dei meiner planforslaget ikkje gir eit fullgodt grunnlag for å gjennomføre prosjektet, i si noverande form.</p> <p>12. Dei kritiserer beskrivinga av støy og visuelle effektar: Dei meiner det er uklart korleis tiltak skal gjennomførast, og kva effektar dei vil få. Dei etterlyser også ei vurdering av samla støynivå ved knusing/lasting i steinbrotet.</p> <p>13. Dei meiner det manglar krav til oppfølging og kontroll av gjennomføring.</p> <p>14. Dei meiner det er lite omtale av sosiale hensyn som folkehelse og trivsel. Dei meiner analysane av barn og unge sin bruk av området, er mangelfull.</p> <p>15. Dei meiner konsekvensutgreiinga manglar detaljar om gjennomføring av utgreiingar for miljø og samfunn. Dei meiner konkrete miljømessige utfordringar, spesielt for marine økosystem som ålegraseng, krev ein grundigare analyse.</p> <p>16. Dei etterlyser detaljar om trafikktryggleik og påverknad på nærområdet, knytt til ny tilkomst frå fylkesvegen.</p>	<p>12. Teke til orientering. Visuelle effektar av tiltaket er vurdert og illustrert i konsekvensutgreiinga. Tiltaket sin påverknad på støy er gjort greie for i konsekvensutgreiinga. Jf. også kommentar om støy lenger oppe.</p> <p>13. Teke til orientering. Det skal ligge føre planar for anleggsgjennomføring og miljøoppfølging ved søknad om løyve til tiltak.</p> <p>14. Teke til orientering. Konsekvensutgreiinga inneheld ei vurdering av samfunnsverknader, herunder sosiale konsekvensar, men samfunnsverknader er uansett vanskeleg å forutseie.</p> <p>15. Teke til orientering. Konsekvensutgreiinga er gjennomført i av fagkunnige innan eit breitt spekter, og i samsvar med godkjent planprogram.</p> <p>16. Teke til orientering. Tilkomstløysingane er prosjektert etter gjeldande krav om friskt og trafikktryggleik. Til rammesøknad skal det utarbeidast ein plan for anleggsgjennomføring som vil beskrive trafikktryggleiks- og framkommelegheitstiltak i samband med utbygginga.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>17. Dei meiner referatet frå oppstartsmøtet manglar grundige risikovurderingar knytt til handtering av farlege stoff. Dei etterlyser konkrete tiltak for å redusere risikoen for eksplosjonar, brann eller annan fare.</p> <p>18. Dei meiner planområdet er i konflikt med arealformål i kommuneplanens arealdel:</p> <p>a) Dei viser til at vestlege deler av planområdet er sett av som LNF-område og friluftsområde i sjø.</p> <p>b) Dei meiner det burde vore nemnt at området i utgangspunktet ikke er eigna for formålet.</p> <p>19. Dei meiner merknadsbehandlinga av planprogrammet manglar oppfølging av punkt reist av Statens vegvesen og Fiskeridirektoratet. Dei meiner det manglar presise utgreiingar om infrastrukturelle tiltak og påverknad på sjøtransport.</p> <p>20. Dei meiner det er uvisse knytt til samfunnsrisiko ved lagring og handtering av farlege stoff.</p> <p>21. Dei etterlyser informasjon om kraftbehov og konsekvensar for lokalsamfunnet og kraftnettet.</p> <p>22. Dei etterlyser ei detaljert risikovurdering, som inkluderer effekten av støy på kysttorsk og Tennøyane, og som tar hensyn til rett fakkelhøgde. Dei stiller også spørsmål om kvifor myrområdet på Holmaneset er utelate frå KUen.</p>	<p>17. Teke til orientering. Risikoanalysane er gjennomført i samsvar med til gjeldande rettleiingar frå DSB.</p> <p>18. Teke til orientering. Det vert vist til kommentarar lenger oppe i dokumentet.</p> <p>19. Statens vegvesen vurderer at innspela deira til planoppstart er følgt opp, jf. høyringsuttale til planframlegget. Merknader frå Fiskeridirektoratet er følgt opp og imøtekomne.</p> <p>20. Teke til orientering, jf .også tidlegare kommentarar.</p> <p>21. Jf. tidlegare kommentarar.</p> <p>22. Teke til orientering. Føresegnene set ei restriksjonsperiode på arbeid i sjø for å hindre negativ påverknad på kysttorsk i gyteperioden. Myr er teke omsyn til ved utrekning av klimagassrekneskapan. til i uforstyrta tilstand kan Holmaneset gje eit karbonopptak tilsvarande 2.740 tonn CO<sub>2</sub>e (36,5 tonn CO<sub>2</sub>e per år). Karbonet som er lagra i skogen på desse områda tilsvarar 12.350 tonn CO<sub>2</sub>e. Den totale effekten av å ikkje ta opp karbon på over 75 år, og utslepp fra arealbruken ved å byggje ut, blir dermed <b>15.080 tonn CO<sub>2</sub>e</b> for Holmaneset.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>23. Dei meiner påstanden om at tiltaket er vurdert i tråd med anerkjent metodikk, er feil. Dei viser til manglar i vurderingene av lys- og støyforurensning, manglande vurdering av totalbelastning, og at paragraf 49 ikke er nemnt. Dei meiner at manglande vurdering av støyforurensning på fugl på Tennøyane representerer ein grov mangel, og kan være eit eksempel på tilbakehalding av informasjon.</p> <p>24. Dei meiner det burde vore nemnt at det ikkje er planlagt utnytting av biprodukt. Dei meiner dette vil føre til eit større klimaavtrykk enn beskrive i KUen.</p> <p>25. Dei kritiserer rapporten om kjølevasssystemet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Dei meiner rapporten fokuserer primært på spreing i nærfeltet, og manglar ein detaljert analyse av langdistansespreing.</li> <li>b) Dei etterlyser detaljar om kva som skjer ved potensiell tilstopping i inntakssystemet, og ein grundig diskusjon om alternative tiltak for å unngå blokkeringar.</li> <li>c) Dei meiner de potensielle verknadane av avløpsvatn ikkje er tilstrekkeleg modellert eller vurdert.</li> <li>d) Dei meiner rapporten ikkje omtalar langsiktig overvaking av systemet eller korleis negative effektar vil bli handterte over tid.</li> <li>e) Dei meiner konklusjonane i rapporten er generelt uklare og manglar ein djupare analyse av potensielle langsiktige konsekvensar.</li> <li>f) Dei meiner fleire av habitatbeskrivingane er basert på eldre registreringer utan oppdaterte feltundersøkingar.</li> <li>g) Dei meiner rapporten gir lite informasjon om tryggleikstiltak for å overvake rør for lekkasjar, skadar eller blokkeringar over tid.</li> </ol> <p>Dei meiner rapporten ikkje drøftar alternative løysingar eller tiltak som kunne redusert miljøpåverknadane.</p>	<p>23. Verneområdet Tennøyane er vurdert for seg, i konsekvesutgreiinga. Det er gjort supplering vedkomande Naturmangfaldlova § 49.</p> <p>24. Ein viser til kommentar B 13 til fråsegna til Folkeaksjonen mot ammoniakfabrikk.</p> <p>25. Teke til orientering. Vi viser til kommentar frå tiltakshavar: Det er gjennomført modellering av verknadane av utslepp av varmt kjølevatn av tre ulike aktørar, Norconsult, Tecnicas Reunidas og Tecnimont. Dei tre rapportane er i stor grad samstemde i si vurdering av at påvirkningen på temperaturen i fjorden er svært lokal (&lt; 50-60 m framfor utløpspunktet), og at virkningen på fjordsystemet elles er neglisjerbar. Å modellere virkninger i område som ikke blir nemneverdig påverka tilfører ikkje prosjektet meir beslutningsrelevant informasjon.</p> <p>Det blir lagt opp til etablering av to inntaks-ledningar, som begge er overdimensjonerte ift. behovet på anlegget. Hvis den eine blir tilstoppa/sett ut av drift, vil ein kunne redusere produksjonen ved anlegget til ca. 60%. Når ledningen er sett i drift igjen, kan produksjonen aukast til 100%. Hvis begge ledningene mot formodning skulle gå tette eller settes ut av drift samtidig, stoppar ein produksjonen ved anlegget og reparerer skaden, før anlegget blir sett i drift igjen. Vasstraumen i</p>



Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
			<p>ledningene blir kontinuerleg overvaka, slik at ein raskt kan iverksette tiltak hvis noko skjer. Som ein del av miljøoppfølging ved anlegget vil det bli utarbeidd ein plan for miljøovervaking i anleggs- og driftsfasen. Behovet for overvaking av det marine økosystemet vil bli vurdert i denne planen, i samråd med bl.a. Statsforvaltaren og Fiskeridirektoratet.</p> <p>Habitatbeskrivingane i rapporten er baserte på informasjon som var tilgjengeleg på det tidspunkt KU-en vart utarbeidd. Her inngikk bl.a. undersøkingar av marint naturmangfald ved hjelp av ROV, i tillegg til informasjon fra offentlege databasar som Naturbase (Miljødirektoratet) og Yggdrasil (Fiskeridirektoratet). I etterkant av dette er det gjennomført ytterlegare ROV-undersøkingar i området, og denne informasjonen blir innarbeidd bl.a. i søknad om mudring/utfylling og i den pågående spreingsmodelleringa som Norconsult gjennomfører. Informasjon om overvaking/inspeksjon og vedlikehald av inntaksledningane er ikkje relevant for spreingsmodelleringa som er gjort. Vi kan likevel stadfeste at produksjonen ved anlegget treng kontinuerleg tilførsel av vatn frå Nordgulen, og at det vil vere kontinuerleg overvaking og vedlikehald av både inntaks- og avløpsledningane, for å unngå unødvendig driftsstans ved anlegget.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
			<p>Ein har valt eit konsept med høg gjennomstrømning av kjølevatn og lav temperaturdifferanse (ca. 12°C), nettopp for å minimere påvirkning på det marine miljøet. Alternativet med lav gjennomstrømning og stor temperaturdifferanse ville medført mykje større konsekvensar for marine arter og naturtyper i Nordgulen, og det er derfor valt å ikkje gå vidare med denne løysinga. Rapporten fra Norconsult utgreier mao. konsekvensane av det valde konseptet.</p>
33	Eikeland, Kjell DokID 24/11257	<p>1 Han meiner saka om ammoniakkfabrikk gjev negative mediaoppslag, på same måten som Terrasaka, vindkraft på Bremangerlandet m.m., og at den planlagde etableringa ikkje gagnar kommunen. Han meiner det ikkje er realistisk å få auka tilflytting med liknande type stillingar som Elkem har. Både Elkem og andre fagfelt har idag utfordringar med rekruttering, og tilsette på ev ammoniakkfabrikk vil truleg vere innpendlarar.</p> <p>Han meiner kommunen har nok industri, og ein ammoniakkfabrikk vil rasere det finaste naturområde, også for rekreasjon. Området har potensiale for rekreasjon, ved opparbeiding, som ville kunne auke trivsel og omdøme. Han meiner vi kan vinne på å marknadsføre den flotte naturen vi har, og at turisme kan gje tilflytting om staden er attraktiv.</p> <p>Han meiner ein må ta på alvor at ein del innbyggjarar er redde for ammoniakklekkasje. Han peikar på at FFI vil starte opp grunna EU-midlar, og lurar på om dette går bra over tid, og konsekvensane for kraftprisar og konkurranseevna til Elkem.</p>	<p>1 Det er mange som meiner det blir mindre attraktivt å busette seg i Nordgulen ved planlagt etablering. Dette er vanskeleg å vurdere, men merknadene knytt til dette må takast med i totalvurderinga av fordelar og ulempar.</p> <p>Nordgulen har mykje industri, og ivaretaking av natur og friluftsområde er viktige omsyn for dei som bur her, turistar og ev tilflyttarar. Frykt for uhell ved ammoniakkfabrikken skal ein ha respekt for, og ta med i den samla vurderinga av saka.</p>
34	Eimhjellen, Ivana DokID 24/11301	Ho lurar på kva for veg ein skal ta til sykehuset dersom vegen blir stengd. Ho håpar planane kan stoppast før det er for seint.	I samband med FFI sin søknad om godkjenning trin 2, til DSB, vil det bli nærare vurdert beredskap og tiltak, som f eks situasjon med stengd fylkesveg.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
35	Eimhjellen, Jostein DokID 24/11214	<p>Avsendar meiner dei sørlege holmane (<i>reknar m det gjeld Meholmen og Littleholmen</i>) bør overtakast av kommunen og brukast til nærmiljøanlegg.</p> <p>Ønskjer ikkje at Holmasundet blir avsett til omsynssoner i samband med prosjektet, og meiner lagringstanken må gravast ned.</p> <p>Ønskjer at Tretteskjervika og deler av Djupevika blir innlemma i planane, for bruk til næring som kan utnytte varmtvatnet frå planlagd produksjon.</p> <p>Ønskjer at ytste del av Holmasundet med Olavika blir endra til LNF-område, og at det må stå att ei ganske stor skjerming mot Holmasundet.</p>	<p>Ein viser til kommentarar til andre merknader.</p> <p>Merknaden er teken til orientering.</p>
36	Elkem Bremanger DokID 24/11538	<p>Elkem er ueinig i konklusjonane i konsekvensutgreiinga, om at tiltaket ikkje vil ha nokon effekt på industriverksemnda på lang sikt. Dei meiner tiltaket vil kunne medføre betydeleg høgare straumpris for Elkem og private hushald. Elkem meiner at tiltaket vil kunne gje auka straumpris tilsvarende 10 euro pr MWh, og at dette vil kunne føre til auka kraftkostnad på ca 90 millioner kroner, pluss auka nettkostnad, for Elkem. Meiner også at dette vil kunne svekke Elkem si konkurransekraft betydeleg, og medføre risiko for tap av arbeidsplassar. Informerer om at Elkem i dag brukar 1/3 av krafta FFI seier dei vil trenge. Viser til at Elkem har 230 tilsette erfarne operatørar og ingeniørar. Dette har ringverknader som gjev 3 gonger så mange jobbar som tal tilsette.</p> <p>Elkem meiner det må på plass utbygging av ny CO2-fri kraft før tiltaket kan etablerast, slik at Elkem og innbyggjarane i kommunen ikkje blir påført dyrare straumpris. Dei påpeikar at Elkem produserer silisium, og at dette blir produsert med 1/3 av klimagassutslepp samanlikna med det globale snittet, og produksjonen i Norge hindrar såleis utslepp av 400.000 tonn klimagassar årleg. Oppmodar om å nøye vurdere langsiktige</p>	<p>Tiltakshavar påpeikar at påliteleg og stabil kraftforsyning og kraftbalanse er sikra gjennom godkjeningsprosessane til Statnett, Linja og NVE. Det er kø for å få tilgang på nettkapasitet og kraft til industriformål. Denne situasjonen vil påverke kraftbalansen i framtiden, uavhengig av dette konkrete prosjektet. Det er blitt bygd ut betydelig kraftproduksjon utover lokal forbruksvekst i Bremanger i seinere år, og det er rimelig at kommunen får lokal vekst som følgje av desse utbyggingane.</p> <p>Merknaden er elles teken til orientering.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		konsekvensar av ammoniakkproduksjon utan først å byggje ut ny kraft.	
37	Flølo, Tine DokID 24/11363	<p>Avsendar er kritisk til at det ikkje er gjort ei upartisk utgreiing av konsekvensane tiltaket vil medføre.</p> <p>Avsendar er kritisk til meir industriutvikling i området. Ho meiner det er negativt for bulyst i kommunen, og at tilsette vil pendle.</p> <p>Resten av merknaden framgår i merknaden, og er likelydande med merknad frå Svanhild og Rasmus Leirvik. Vi viser derfor til oppsummering av denne.</p>	Merknaden er teken til orientering.
38	Fløtre, John Steinar DokID 24/11510	<p>Avsendar er imot Fortescue sine utbyggingsplanar.</p> <p>Avsendar meiner at utbygginga ikkje vil skape bulyst, men kan føre til fråflytting og vanskar med å få tilsett folk i barnehage, skule og omsorgssenter, mv.</p> <p>Meiner svekka bulyst vil føre til at verdiane på fast eigedom, bustader og fritidsbustader vil falle. Lurer på om Bremanger kommune i så tilfelle vil dekke eit ev verditap.</p>	Det er mange merknader som viser til bekymring for tryggleik og bulyst i Nordgulen, ved etablering av ammoniakkfabrikk. Kommunen må vege fordelar og ulemper ved tiltaket opp mot kvarandre ved handsaming av planen, og vurdere om risikoen ved anlegget er akseptabel.
39	Geithus, Jorunn DokID 24/11503	<p>Geithus er hytteeigar i Bremanger. Ho meiner det er stor risiko for at ammoniakkfabrikken berre er i drift ein kort periode, då drifta kjem an på storleiken og kor lenge subsidieordningar varer. Uttrykkjer at bortfall av subsidiar kan gjere dyr ammoniakk lite konkurransedyktig for skipsfarten.</p> <p>Ho spør om kor mykje eigedomsskatt kommunen vil få frå ein nedlagd fabrikk, og kommenterer at det er fast busette ein får skatt frå, og bedriftsskatt går dit verksemda er registrert.</p> <p>Uttrykkjer at om ein ikkje skaper bulyst, vil arbeidrarar til fabrikkene busette seg i andre kommuner, og Bremanger kommune vil ikkje få inntektsskatt frå arbeidstakarane.</p> <p>Spør om det er lagt inn tilstrekkelig avstand mellom lagringstanken for ammoniakk og fylkesvegen. Meiner kommunestyret bør sjekke dette på førehand, ved bruk av uhilda fagleg kompetanse.</p>	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>Meiner at dersom kommunen vil ha eit slikt anlegg, bør det plasserast ein annan stad. Ved Smørhamn er det plass til tilleggsnæringar som kan gjere nytte av dei store mengdene med varmtvatn. Meiner det ikke er meir problematisk å regulere eit område der, enn på Holmaneset.</p> <p>Meiner at naturområda i Svelgen ikkje berre kan byggjast ned med industri, og at Holmane er det finaste rekreasjonsområdet ved sjøen i Gulenfjordane, og derfor bør utviklast som eit lett tilgjengeleg friområde. Uttrykkjer at et fleirtal av innbyggjarane i Svelgen ikkje ønskjer denne planen. Meiner politikarane bør vere samfunnsbevisste, og ikkje sette Svelgensamfunnet på spel. Eigne flytteplanar til Bremanger, har ho lagt på is.</p>	
40	Haugen, Ingrid Elisabeth DokID 24/11511	<p>Dersom beslutningstakerne er i den ringaste tvil om det er etterspørsel i marknaden etter ammoniakkbasert hydrogen som drivstoff, eks om 20 år, må prosjektet skrinleggjast.</p> <p>Innbyggjarane kan sitte igjen med eit svekka Elkem, ødelagt natur og gytefelt (spillvarme), meir utbygt areal til vindkraft, høgare straumutgifter og et høgrisikoanlegg like ved vegen. Og kanskje arbeidsstokk som pendlar, eller blir teken frå Elkem.</p> <p>Kommunen har mange arbeidsplassar, men manglar søkjarar til desse. Et gigantisk kraftsluk med få arbeidsplassar, er ikkje ei god oppskrift på bulyst.</p> <p>Aksjar, og marknaden knytt til miljøvenleg drivstoff, er i fritt fall, og utviklinga innan miljøvenlege drivstoff går fort.</p>	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merkningar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
41	Haukenes, Liv Hildegunn DokID 24/11537	<p>Haukenes meiner at tolegrensa for industri i Nordgulen er nådd, og er imot tiltaket med ei ny storulukkeverksemd. Tiltaket er eit enormt kraftsløseri, og vil ikkje gje meir enn 35-70 arbeidsplassar.</p> <p>Ønskjer ikkje meir inngrep i naturen enn det som alt finst i Nordgulen, og nemner blant anna kraftmaster og -linjer, steinbrot, vindmøller, regulerte vassdrag, dynamittverksemd, fiskeoppdrett, og Elkem.</p> <p>Peikar på at tiltaket vil byggje ned ein av de få uberørte stedane i Nordgulen, og meiner det vil øydelegge utsikten frå fjella omkring Svelgen og Nordgulen.</p> <p>Bed om at risikoen ved auka båttrafikk i Nordgulen, blir vurdert.</p> <p>Lurer på korleis evakuering skal skje ved ei ulukke, dersom fylkesvegen blir stengd.</p> <p>Meiner at tiltaket ikkje vil auke bulysta i kommunen, og er redd arbeidstakarane vil pendle inn til kommunen. Ho oppmodar politikarane til å satse på etablering av anna enn prosessarbeidsplassar, og elles utvikling av Svelgen sentrum, for å auke bulysta. Ho avsluttar med «Du skal ikkje tole så inderleg vel, den urett som ikkje rammar deg sjølv».</p>	<p>Vi viser til kommentarar til tilsvarende merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering</p>
42	Hessvik, Anita og Jørn DokID 24/11536	<p>Ønskjer ikkje ammoniakkfabrikk, og meiner det er sløsing med fornybar energi, og øydelegg gammal furuskog. Dei meiner det er nok industri i Svelgen og Nordgulen, og trur ikkje tiltaket vil gje bulyst. Dei viser til at ein ikkje treng fleire arbeidsplassar, men folk som vil busette seg her.</p> <p>Dei er bekymra for konsekvensane tiltaket vil kunne ha for hjørnesteinsbedrifta Elkem, og meiner det ikkje er verd å få 35 ekstra arbeidsplassar dersom Elkem må leggje ned.</p> <p>Stiller spørsmål til ordføraren si utsegn på folkemøte 21.10.24 om underskriftskampanjen, og lurar på om hennar søster som ikkje bor i Svelgen, blir fjerna frå lista.</p>	<p>Det er mange merknader som viser til bekymring for tryggleik og bulyst i Nordgulen, ved etablering av ammoniakkfabrikk. Kommunen må vege fordelar og ulemper ved tiltaket opp mot kvarandre ved handsaming av planen, og vurdere om risikoen ved anlegget er akseptabel.</p> <p>Det er ein demokratisk rett å ha meiningar om planane, som vedkjem allmenta inkl. dei som f eks har tilknytning til Nordgulen via fritidshus og familie, her også unge som har planar om å flytte heim.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		Eindelig bebuarar er redde for ammoniakklekkasjar, og avsendarane stiller spørsmål til korleis ein skal kome seg til sjukehus dersom vegen blir stengd.	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering
43	Hessvik-Trøite, Trude og Andreas Hatledal, Toya og Bratland, Kristin Johanna DokID 24/11447	<p>Dei er kritiske til at konsekvensane er utgreidde samanlikna med dagens reguleringsplan (0-alternativet), og ikkje slik området ser ut i dag. Dei meiner at konsekvensutgreiinga burde gjerast av ein upartisk tredjepart.</p> <p>Dei meiner det er urovekkande at utbyggjar står for all utgreiing og handtering av innspel i samband med høyringa, utan kontroll av kommunen sitt fagmynde, eller uavhengig kvalitetskontroll som får sjekka ut manglar.</p> <p>Dei føler at kommunen ikkje høyrer på innbyggjarne, og at det er så hastverk med å kome i gong, at tiltakshavar og kommunen gløymer alle lover og reglar knytte til ivaretaking av lokalbefolkning, natur, miljø og tryggleik.</p> <p>Avsendarane peikar på at det ikkje er sett på kva ei større hending med ammoniakkslepp vil ha å seie for folk og natur i Nordgulen.</p> <p>Dei meiner det er ein mangel at det ikkje ligg ved et oppdatert kommunekart til saka, og viser til KST-vedtaket (kommuneplanen sin arealdel). Det er forvirrande at kommunen i etterkant av kommunestyrevedtaket 15.10.2024 presiserer at det skal sikrast fri ferdsel i Holmasundet og Holmane.</p> <p>Dei er kritiske til at tiltaket medfører nedbygging av natur, og auka støy og lysforurensing, og påverknad for innbyggjarane i Nordgulen. Dei meiner det rette vil vere å oppdatere kunnskapsgrunnlaget med uavhengige undersøkingar, og at konsekvensar av ulike uhellscenario bør inngå, slik at ein får eit betre bilde av konsekvensar for nærområdet. Dei kjenner på uro og risiko i høve tiltaket.</p>	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>Dei meiner konsekvensane for fuglereservatet på Tennøyane ikkje er tilstrekkeleg vurderte, og at dèt bryt med naturmangfaldlova. Dei meiner og at dei negative verknadane lys, støy og utslepp av kjølevatn vil ha for gytedefeltet og fiskebestanden ikkje er tilstrekkelig utgreidd.</p> <p>Avsendarane meiner det ikkje er utgreidd konsekvensar ved et utslepp av nitrogen, eller konsekvensene for livet i sjøen på sikt, som følge av utslepp av kjølevatn i fjorden.</p> <p>De etterlyser en lokaliseringsstudie for valet av Holmaneset som lokasjon, og viser til kravet til alternativsvurdering i konsekvensutgreiingsforskrifta.</p> <p>Dei meiner vern av annan gammalskog ikkje forsvarar å øydeleggje skogen på Holmaneset, og viser til at ein står overfor ei naturmangfaldskrise og klimakrise. Dei er bekymra for påverknad for den truga kysttorsken.</p> <p>Dei er kritiske til at overskotsvarmen skal sleppast ut i Nordgulen, og etterlyser dokumentasjon på kva den skal brukast til.</p> <p>Avsendarane krev at det blir utarbeidd ein heilskapleg og uavhengig risikovurdering som gjev svar på følgjande: Støy og lysforurensing i anleggsfasen. Støy og lysforurensing ved lasting av skip i produksjonsfasen.</p> <p>Korleis kommunen vil sikre at alle i kommunen blir ivaretekne ved uønska hending med utslepp. Korleis beredskapen vil bli rigga for å sikre at konsekvensene ved et utslepp blir minst muleg.</p>	
44	Johansen, Anne-Lise DokID 24/11531	<p>Er uroleg for at ein ammoniakfabrikk kan medføre risiko for ulukke der menneske og dyr kan bli eksponerte for giftig ammoniakk. Avsendar viser til nettstedet <a href="https://farliggodspermen.no/">https://farliggodspermen.no/</a> og er redd for uhell i samband med skipstrafikk med ammoniakk, nær hennar bustad på Kalvåg, og påpeikar at sjølv relativt små ulukke</p>	Merknaden er teken til orientering.



Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>med brot på ein slange eller et rør, kan føre til utslepp som kan vere av risiko for henne og familien.</p> <p>Oppfordrar Bremanger kommunestyre til å ta hennar og andre sine bekymringar på alvor, og seie nei til etablering av ammoniakkfabrikken.</p>	
45	Kjelkenes, Kjersti DokID 24/11485	<p>Avsendar er imot at området på Holmaneset blir regulert for ammoniakkfabrikk. Syner til underskriftslistene frå alle dei som ikkje ønskjer fabrikk.</p> <p>Meiner det er mangelfulle planar for beredskap dersom det skulle skje ei ulukke.</p> <p>Avsendar er bekymra for konsekvensane for Tennøyane fuglereservat;, støy og ev andre verknader. Ho håpar folket i Svelgenområdet blir lytta til i denne saka.</p>	Merknaden er teken til orientering.
46	Leirvik, Linda DokID 24/11515	<p>Merknaden er likelydande med merknad nr 17 (Svanhild og Rasmus Leirvik), og inneheld i tillegg underståande: Skriv det blir totalt fråvere av fridom grunna uvisse, og nærleik i tilfelle storulukke.</p> <p>Ein fabrikk vil øydeleggje naturopplevingane i heile Nordgulen.</p> <p>Meiner verksemda hennar, Mestringsgården, med friluftslivsaktivitetar for barnefamiliar, blir utsett for fare ved ev uhell, og er sterkt imot den planlagde utbygginga, som også vil redusere inntekter for reiselivsnæringa. Meiner fråfallet blir større enn ev bereikna tilflytting, i Svelgen og omegn.</p>	Merknaden er teken til orientering.
47	Leirvik, Thea DokID 24/11230	<p>Leirvik er oppvokst i Bremanger, men er per no student annanstads i landet. Ho har skrive under på underskriftskampanjen som er imot utbygging av hydrogenfabrikken, og har fått høyre at kommunen går gjennom underskriftene for å luke ut dei som ikkje er busatte i kommunen. Ho har ønskje om i framtida å kunne flytte tilbake til heimstaden, men er usikker på korleis heimkommunen vil vere i framtida. For nokre vil kanskje motstanden mot fabrikkene vere avgjerande for om ein flytter heim eller ikkje. Synest også at dette er dårleg heimflyttarpolitikk av</p>	<p>Merknaden er teken til orientering.</p> <p>Det er ein demokratisk rett å ha meiningar om planane, som vedkjem allmenta inkl. dei som f eks har tilknytning til Nordgulen via fritidshus og familie, her også unge som har planar om å flytte heim.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		kommunen, dersom ho og andre i same situasjon ikkje får høve til å ytre seg.	
48	Leirvik, Svanhild og Rasmus DokID 24/11360	<p>Avsendarane meiner at planforslaget ikkje er godt nok utgreidd: Konsekvensutgreiinga følgjer ikkje forskrifta, då det ikkje er utgreidd realistiske og reelle alternativ, og det manglar innsyn i lokasjonsstudie som er gjort. Peikar på at feltundersøkingar på land og i sjø ikkje er gjort til rette tidspunkt på året, og at dette gjev feil kunnskapsgrunnlag.</p> <p>Meiner at plasseringa gjev dominoeffekt mtp faresona til Forcit, og at dette ikkje er utgreidd i ROS-analysen.</p> <p>Meiner det ikkje er likebehandling av saker i kommunen. Peikar på at omsyn til innbyggjarane vart vektlagt i sak om utskipingskai ved Aksla, medan ein i denne saka vil få mykje større ulemper</p> <p>Avsendarane meiner det ikkje er grunnlag for å kunne seie at sannsynet for ei ulukke er lite, då det i planen ikkje er data for tilsvarande anlegg. Samanliknar med Herøya. Føler utryggleik m.o.t. mulege ulukker.</p> <p>Dei meiner konsekvensar og risiko for Tennøyane ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, og meiner det ikkje er utgreidd kva en nedgang i fiskebestanden vil seie for fuglelivet på Tennøyane.</p> <p>Skriv at politikarane ikkje ser ut til å skjønne den store motstanden mot fabrikk, og stiller spørsmål om korleis evakuering skal foregå fra bygda dersom ei storulykke inntreffer. Spør etter konkrete beredskapstiltak og etterlyser worst case-scenario.</p> <p>De meiner at sosiale forhold er undervurdert i planforslaget, og skriv at fleire har varsla flytting, om fabrikk blir bygd. Dei lurar på kvar informasjonen om at Holmaneset er lite brukt til friluftsliv, er henta frå. Dei meiner dette er feil, og at</p>	<p>Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering.</p> <p>Det er mange merknader som viser til bekymring for tryggleik og bulyst i Nordgulen, ved etablering av ammoniakfabrikk. Kommunen må vege fordelar og ulemper ved tiltaket opp mot kvarandre ved handsaming av planen, og vurdere om risikoen ved anlegget er akseptabel.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>dei lokale friluftinteressene ikkje er godt nok kartlagde. Dei skriv at ei utbygging kan stoppe bruken av småbåtleia i Holmane, og vil gjere at lokalbefolkninga misser badeplassar, fiskeplassar og rekreasjonsområde.</p> <p>Peikar på det store energitapet ved store utslepp av varmtvatn, og meiner det ikkje kjem fram i planforslaget eller konsekvensutgreiinga, kva dei langsiktige konsekvensane av utslepp i sjøen er.</p> <p>Dei meiner det ikkje er tilstrekkeleg utgreidd konsekvensar for gytefelt, anna naturmangfald i sjø, og fiske. Dette relaterer seg til temperaturauke som følgje av utslepp av kjølevatn, og korleis dette påverkar overlevinga til torskeyngel. Dei fryktar at grunnlaget for tradisjonelt kystfiske og fritidsfiske blir skadelidande, og dermed turismeverksemd m.a. på Flotegrunden og Dyrstad.</p> <p>Meiner det ikkje er kartlagt korleis støy frå anlegget vil påverke nærområdet. Avsendarane meiner og at det ikkje er sikra korleis støy frå anleggsfasen skal handterast, og poengterer at anleggsperioden på ca. 40 veker kan gje stor påverknad på nærområdet.</p> <p>Meiner det er uheldig at det ikkje er omtala korleis ein skal sikre auka inntekt for kommunen som følgje av tiltaket, og spør etter kva som ev vil bli gjort for å sikre at arbeidstakarane ved anlegget skal busette seg her i kommunen. Dei meiner kommunen ikkje har noko å vinne på å byggje ned endå meir natur og ta frå innbyggjarane rekreasjonsområde og setje dei i meir fare med endå ei storulukkeverksemd i Nordgulen.</p> <p>Peikar på at det er uheldig med dokument på engelsk</p>	

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
49	Mjåseth, Tamara, Tine og Tor DokID 24/11559	Stiller seg bak innspela om for stor risiko, svekka trivsel, øydelagt natur, økonomiske konsekvensar, straumbruk og svekka tillit til kommunen. Er bekymra for risiko for liv og helse ved ei ulukke, og meiner det er uforståeleg å satse på ein så opplagt potensiell fare. Ser det som uforståeleg at vi ikkje tek betre vare på naturen og dyrelivet, og meiner at risikoen for Tennøyane naturreservat ikkje er tilstrekkeleg utgreidd (lite topografi som stoppar lys eller lyd frå Holmaneset). Negativ til forstyringa for menneska, og meiner ein vil setje stopp for turismenæringa. Meiner kommunen kan hjelpe til med å gjere det meir attraktivt å besøke Svelgen, framfor å presse inn meir industri. Tiltaket gjer det mindre fristande å flytte til Svelgen eller kjøpe hus her, og gje negativ utvikling for bustadprisane og straumprisane. Meiner bulysta vil bli svekka, og har svekka tillit til at kommunen har innbyggjarane sitt beste i tankane. Ynskjer ikkje ein slik fabrikk nokon stad i kommunen.	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering.
50	Myklebust, Aksel DokID 24/11551	Myklebust meiner tiltaket ikkje vil ha positiv verknad for bulyst, og at ein ikkje har noko å vinne på det. For å lokke studentar heim må ein ha arbeidsplassar. Det har ein flust av. I tillegg har ein fin natur rundt seg. Han peikar på at høgrisikoanlegget vil øydeleggje masse fin natur og utsikt, og synest det er respektlaust ikkje å lytte til den yngre generasjonen. Forøvrig har merknaden i hovudsak same momenta som merknad nr 48, frå Svanhild og Rasmus Leirvik. Ei viser til oppsummering av denne.	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er teken til orientering.
51	Myren, Grethe og Silje DokID 24/11535	Myren peikar på manglande alternativsvurdering jfr konsekvensutgreiingsforskrifta, og manglande innsyn i lokalitetsvurderingar som er gjorde. Det er unnlata å gå inn på fleire konsekvensar og tenkjelege scenario som kan skje ved ein fabrikk som planlagt. Dei peikar på at innbyggjarane vart høyrde i Akslasaka, trass i at dette langt ifrå var farleg for folk, slik ammoniakfabrikken kan vere. Myren viser til kravet om oppdatering av heilskapleg ROS-analyse og at det blir sett på risikopotensiale av verste scenario, i lys av at det kan bli 3 storulukkeverksemder i fjorden. Dei spør om politikarane kan godta at verstefallsscenario ikkje er tilstrekkeleg kartlagt, og at det ikkje er planlagt nødvendig infrastruktur, bemanning og	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>utstyr, før vedtak blir gjort. Dei minner om at det er kommunen som kan bestemme kva risiko dei vil utsetje innbyggjarane for.</p> <p>Myren opplever det som misbruk av makt dersom dei som har signert imot fabrikkjen ikkje blir høyrde.</p> <p>Dei viser til at kommunen ikkje treng arbeidsplassar, men folk til dei ledige jobbane. Det er derfor bulystiltak som må til. Dei meiner den planlagde fabrikkjen vil gje det motsette av bulyst, grunna risiko, lyd, lys, ureining og øydelagt rekreasjonsområde. Dei meiner utbygginga vil øydeleggje perla som er att i fjorden, og gje økonomisk tap for reiselivet. Mange har tankar om å flytte men fryktar at dei må bu her, grunna vanskar med å selje. Dei spør om kommunen ev vil betale erstatning for tapt salsverdi.</p> <p>Dei meiner ein gjerne kan arbeide for arbeidsplassar, men ikkje verksemd som går ut over eksisterande arbeidsplassar i kraftkrevjane industri, og aukar nettleiga for innbyggjarane.</p> <p>Myren meiner det enorme energitapet ved framstilling av hydrogen og ammoniakk er grunn nok for å seie nei, og at det store kraftbehovet krev auka produksjon av kraft frå kol i Europa, ev auka produksjon av fornybar energi, med følgeleg nedbygging av natur. Dei spør om kommunen er innstilt på slik auka produksjon, av vindkraft el havvind.</p>	
52	Nygård, Nina Andersen DokID 24/11359	Ho ønskjer ikkje hydrogenfabrikk i kommunen ei det heile, m.a. fordi det er uforsvarleg bruk av straum, og gje auka press på utbygging av meir vindkraft og vasskraft og endå større naturøydeleggingar enn det området som no blir planlagt utbygt. Nygård er ofte på Bremangerlandet, og skriv at dei der er i risikosone for lekkasjar frå skip, og ikkje vil ha slik risiko hengande over seg. Ho kan ikkje skjønne at kommunen ønskjer ei slik verksemd tett på befolkninga i Svelgen, og trur det set arbeidsplassane ved Elkem på spel.	Merknaden er teken til orientering.
53	Rogne, Atle DokID 24/10866	Rogne meiner det er nok industri i Nordgulen. Det er ikkje slik at ein seier nei til alt, men har sagt ja til meir enn nok. Han meiner ei regulering av Holmaneset er eit overgrep mot folket i Nordgulen, og vil ikkje ha storulukkeverksemd i begge	Merknaden er teken til orientering.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		endar av fjorden. Han peikar og på rasering av natur, og spør om politikarar tenkjer Svelgen er ein plass ein pendlar til og frå, dersom ammoniakfabrikken ikkje skapar bulyst.	
54	Roland, Sissel Breivold DokID 24/11513	<p>Høyringsuttalen er omfattande, og berre hovudpoenga er trekt fram her:</p> <p>Roland meiner det er store manglar ved konsekvensutgreiinga og ROS-analysen når det gjeld naturtap og helse/beredskap, og at det er fleire forhold som er villeiande, m.a. at feltarbeid er utført utanfor sesong. Ho stiller spørsmål ved kompetansen og uavhegigheita til fagfolka som har utført konsekvensutgreiinga. Påpeikar dei negative konsekvensane auka sjøtemperatur, lys- og lydpåverknad og eventuelle ammoniakkslepp kan ha for Tennøyane naturreservat, og meiner det ikkje er gjort pålagde alternativvurderingar.</p> <p>Meiner Bremanger kommune har ikke søkt tilgjengelig og lovpålagt kompetanse (brann/redning/kommuneoverlege) i sitt forberedende arbeid med folkehelse- og beredskapstema i sin ROS-analyse, noe som er vesentlige aspekt om en ønsker å legge til rette for en kjemikaliebedrift.</p> <p>Peikar på at «worst-case» scenario som tankbrot eller skipulukke ikkje er sett på i ROS-analysen.</p> <p>Viser til DSB sin rapport « Analyser av krisescenarioer 2019», der eit vurdert scenario er gassutslepp som følgje av tenkt kollaps av ammoniakktanken på Herøya, og konsekvensane av dette. Det blir også vist til Porsgrunn kommunen sin overordna ROS-analyse, der røyrbrot på ammoniakkleidning er eit vurdert scenario, og til mulige konsekvensar ved skipsulukke der ammoniakktanken blir lekk. Ho stiller spørsmål ved om kommunen sin helse-/redningsberedskap og Helse Førde er rigga til å støtte tilbodet til befolkninga ved ulukke/krise ved eit slik anlegg.</p> <p>Meiner at kommunen og FFI har under-kommunisert risiko i planlagt handtering og frakt av ammoniak, og at dette er</p>	<p>Konsekvensutgreiinga er utført av eit breitt spekter av fagkunnige, etter kjend metodikk. Konsekvensane for Tennøyane naturreservat er vurdert i konsekvensutgreiinga (delområde 7 i vurderinga av naturmangfald på land kap. 6.4). Støy og lysforureining er ikkje vurdert å kunne påverke naturreservatet i vesentleg grad. I føresegnene til planen er det sett krav om lyssettingsplan, og gjennom denne kan det kontrollerast at det blir gjort nødvendige avbøtande tiltak for å unngå at lyset «blør ut».</p> <p>Ved utarbeiding av ROS-analysen vart det gjennomført arbeidsmøter der representantar frå brannvesen, folkehelseavdelinga, beredskapskoordinator m.fl. deltok, og analysen vart lagt fram for desse før den offentlege høyringa. Planframlegget og ROS-analysen er drøfta med kommuneoverlegen, og det er ikkje komme fram spesielle merknader til arbeidet som er gjort.</p> <p>I DSB-rapporten «Sikkerheten rundt anlegg som håndterer brannfarlige, reaksjonsfarlige, trykksatte og eksplosjonsfarlige stoffer» ( juni 2013) går det fram kva akseptkriterier DSB legg til grunn ved vurdering av risiko rundt anlegg med farleg stoff. Den kvantitative risikoanalysen (QRA) som ROS-analysen byggjer på er utarbeidd i samsvar med DSB sine føringar, og omsynssonene er fastsett i samsvar med desse. I DSB sin rapport « Analyser av krisescenarioer 2019»</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>svært urovekkjande. Ho meiner det er stor usikkerheit rundt konsekvensane av anlegget og at kommunen ut frå eit «føre var-prinsipp» må seie nei til planane. Roland skriv at det er ein hån til grunneigarar i nabolag og over fjorden at designet av anlegget og endelege omsynssoner ikkje er klart før høyring av reguleringsplanen. Arealplan, tilpassa FFI sine planer for Holmaneset blir vedteken utan at DSB har fått kome med innspel til FFI sine fastsette omsynssoner meiner ho er urovekkjande, sidan DSB kan kome med strengare omsynssoner som vil råke naboar meir enn det FFI er villege å opplyse kommunen i denne fasen.</p> <p>Viser til at kommunen ved høyring av arealdelen til kommuneplanen i 2019 og 2022 var negative til utvida industriaktivitet på Holmaneset, på grunn av folkehelseperspektivet, og meiner det påverkar folkehelsa negativt at kommunen no har endra syn på arealbruken på området.</p> <p>Skriv at Bremanger kommune sin administrasjon ikkje framstår som kompetent nok til å kome med kritiske vurderingar i saka og at administrasjon og folkevalde ikkje synes å ha nok ressursar og verkar generelt svake i møte med ein internasjonal gigant. Ho meiner det burde vore heilt andre mynde som skulle ta avgjerder om konsekvensane av slike etableringar skal kunne godkjennast. Ho undrar seg over at kommunen ikkje har valt å skaffe ein nøytral instans for vurdering av omsynssonene.</p> <p>Roland lurar på om det er sett av plass til ein ekstra tank for ammoniakk eller hydrogen, jfr teikningar.</p>	<p>er det vist til akseptkriteria som DSB har fastsett og som gjev grunnlag for omsynssonene, og påpeika at det er viktig at desse blir følgt opp i kommunane der det er aktuelt med storulukkeanlegg.</p> <p>Omsynssonene viser kva aktivitetar/tiltak som vil kunne tillatast innanfor dei ulike sonene.</p> <p>Sjølv om friluftsliv kan vere ein viktig faktor er det ikkje berre friluftsliv som påverkar folkehelse og born og unge sine oppvekstvilkår. Planføremålet medfører ikkje tap av tilrettelagde friluftslivs- eller aktivitetsområde, verken for folkehelse eller for barn og unge, og det er gode høve til friluftsliv elles i området.</p> <p>Det er DSB som fagmynde som gjennom si handsaming av samtykkje-søknader avgjer om omsynssonene som er fastsett rundt anlegget er riktige, og om anlegget er tilstrekkeleg trygt for omgjevnadane.</p> <p>Kommunen skal ta stilling til arealbruken, m.a. at ikkje det er eller blir planlagt aktivitet innanfor dei fastsette omsynssonene utover det som er tilrådd frå DSB. I høve totalberedskapen må også kommunen ta stilling til om ein ynskjer å ta belastninga med ei storulukkeverksemd til, i Nordgulen.</p>
55	Sande, Oddgeir DokID 24/11530	Sande er sterkt imot tiltaket, som vil øydeleggje natur og friluftsliv i området. Han fryktar konsekvensar for dyreliv og fisk, og naturreservatet Tennøyane, og nemner spesielt spillvassutslepp. Han lurar på korleis ein skal komme seg unna ved ev uhell, f eks evakuering av eldre og uføre. Han meiner mange fryktar verdien på eigedomar vil stupe endå	Ein merker seg at det er mange merknader som viser til bekymring for tryggleik og bulyst i Nordgulen, ved etablering av ammoniakfabrikk. Kommunen må vege fordelar og ulemper ved tiltaket opp mot kvarandre ved handsaming av planen, og om risikoen ved anlegget er akseptabel.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		meir, og at ein må sjå etter meir berekraftig etablering. Hen meiner prosjektet ikkje vil skape bulyst.	
56	Standal, Aase Turid DokID 24/11225 24/11314 (foto)	<p>Standal er imot prosjektet, som vil øydeleggje finaste området i Nordgulen, og som er mykje brukt friluftsområde til lands og til sjøs. Mange ønskjer å utvikle det til denne bruken, og det kunne vere tiltak for bulyst. Ho fryktar også for livet i sjøen, grunna forstyrringar og spillvarme.</p> <p>Standal peikar på at ammoniakk er eit giftig og etsande stoff, som er farleg for menneske og vassorganismar, og kan gje utslepp av den kraftige klimagassen lystgass (N<sub>2</sub>O). Ho er bekymra for at beredskapsplan ikkje er klar, og ho fryktar uhell og lurar på kva helsemessig risiko dette ev vil ha.</p> <p>Standal er bekymra for kva risiko ein kan bli utsett for, og meiner tolegrensa er nådd i høve industriutbygging i Nordgulen. For henne betyr naturen mykje, men ho ser naturen blir bygd ned. Standal er bekymra for Elkem, med si lange historie i Svelgen og 250 tilsette, og at ein må ta deira tilbakemelding om konsekvensar ved auka straumprisar, på alvor. Standal viser til at kommunen har mange ledige stillingar innan ulike bedrifter, også kommunen, og at det trengst tiltak for bulyst, som ho meiner ammoniakfabrikken ikkje vil bidra til.</p> <p>Ho håpar kommunen stoppar prosjektet.</p>	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering.
57	Steinset, Frode DokID 24/11300	<p>Avsendar har følgjande innspel til planforslaget:</p> <p>Meiner grunnlaget for konsekvensutgreiing av utslipp av klimagassar er misvisande. Han meiner 0-alternativet må inkludere at krafta (300 MW el 2,6 TWh), som skal brukast til å drive anlegget kunne gått til den europeiske marknaden og peikar på at denne må erstattast med gass- el kolkraft.</p> <p>Steinset meiner derfor at den reelle konsekvensen er at planalternativ 1 og 2A/B gjev ein auke på mellom 17,2 og 49,7 mill tonn CO<sub>2</sub> ekvivalentar over ein 25-årsperiode.</p>	Blir teke til orientering. Konsekvensutgreiing av klimagassutslipp er gjennomført iht. Miljødirektoratets veileder M-1941 kap. 6. Det er teke høgde for oppstrøms utsleppseffektar for produksjonen av straum som tiltaket vil kreve. Tiltakshavar har tatt ansvar for utslepp fra straumforbruk ved å sikre <a href="#">opprinnelsesgaranti</a> på sin straum. Tiltakshavar tolkar det slik at rettleiaren verken krev eller anbefalar at vidare oppstraumseffektar, som tap av kraft i nettet, skal inkluderast. Uansett er det slik at det er usikkert kva ringverknader det vil ha i kraftnettet dersom Noreg sitt forbruk aukar med 2,6 TWh. Utan ein detaljert fagspesifikk



Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>Steinset meiner planane for biprodukta oksygen og varme ikkje er gode nok. Alt oksygenet (320.000 t/år) går til atmosfæren, medan min 95% av energien i kjølevatnet går tapt.</p> <p>Sidan planen er grunngeven med reduksjon av CO2 og bruk av biprodukta, meiner Steinset at fabrikkene ikkje bør byggjast. Han viser til verneverdige naturtypar på land og i sjø, og til stor verdi for rekreasjon, og meiner området bør regulerast til LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsliv) og utviklast vidare for friluftsliv.</p>	<p>analyse kan ein ikkje utan vidare anta at Norge dermed eksporterer 2,6 TWh mindre til Europa. Det er heller ikkje klart at Europa vil bygge ut utelukkande fossile kraftverk for å dekke over dette eventuelle «tapet» av kraft. Straummiksen i Europa er mindre og mindre avhengig av fossile kjelder og består i aukande grad av fornybare kjelder.</p> <p>Tiltakshavar har vurdert mulige bruksområde for biprodukta. 3MW varme skal gjenvinnast internt på anlegget i ein damp turbin og det skal installerast ein tilkoplingsmodul (Tie-in) som tilrettelegg for framtidig utnytting av biprodukta. Det vil vere dialog med næringslivsaktørar og andre interessentar for å få til gjenbruk av biprodukta.</p> <p>Merknaden er teken til orientering.</p>
58	Strandos, Janne Britt Vik og Hans Rune DokID 24/11325	<p>Dei peikar på manglande alternativsvurdering av plassering av ammoniakfabrikken. Dei meiner det er feil at tiltaket vil gje auka bulyst og tilflytting, då det blir ein høgrisikofabrikk, øydelagd natur, og industri på alle kantar. Eigedomar vil få mindre verdi, og mange seier dei vil flytte. Det manglar idag folk til ledige stillingar i kommunal og privat sektor.</p> <p>Dei er bekymra for Elkem, og spør om politikarane vil ta risikoen for at tiltaket slær negativt ut for denne bedrifta.</p> <p>Dei meiner risikovurderingar ikkje er gode nok, og spør kva som skjer ved utslepp, evakuering, og om beredskapen er dimensjonert for eit worst casescenario.</p> <p>Dei syner til stor motstand mot fabrikkene, og bed om at politikarane stemmer nei til utbygging på Holmaneset.</p>	<p>Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet.</p> <p>Merknaden er elles teken til orientering.</p>
59	Valberg, Hege DokID 24/11527	<p>Ho er sterkt imot utbygginga, og har følgjande innspel til planforslaget:</p> <p>05.10.2024: Avsendar meiner at etablering av tiltaket i den finaste perla i Nordgulen vil påverke bulysta i kommunen</p>	<p>Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet.</p> <p>Merknaden er elles teken til orientering.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>negativt, som ho meiner er eit problem i dag. Det er fleire ledige stillingar i kommunen som ikkje blir bemanna, og ho meiner det er fordi kommunen ikkje prioriterer tiltak for bulyst i Svelgen sentrum.</p> <p>Meiner at Bremanger og Svelgens beste eigenskap er urørt natur, flotte fjell og fine turstiar, og som ein kan byggje vidare på i høve bulyst. Ho meiner storulukkefabrikken vil vere øydeleggjande for Svelgen. Ho viser til underskriftslistar, og at politikarane bør høyre på kva folket ønskjer.</p> <p>31.10.24: Stiller spørsmål til om politikarane som ønskjer industrietableringa har vurdert negativ påverknad på eigedomsmarknaden, og kven som skal kompensere for dette.</p> <p>Registrerer at dei fleste politikarane som ønskjer industrietableringa, og er villige til å øydeleggje natur og bulyst, ikkje sjølve bur i Svelgen.</p> <p>Frykt for ulukker ved fabrikk vil forringe livskvaliteten for mange innbyggjarar.</p>	
60	Øvrebotten, Reidun DokD 24/11525	<p>Øvrebotten har fritidseigedom på Dyrstad, og har følgjande merknader:</p> <p>Meiner områdereguleringa er ei total feilsatsing av Bremanger kommune og bør avvisast.</p> <p>Uttrykkjer at Holmane er eit unikt naturområde i Nordgulen, og at det bør regulerast til LNF-område.</p> <p>Ved behandling av gjeldande reguleringsplan for området ble det lagt føringar om at området ikkje skal brukast til forurensande/farleg produksjon, og at Holmasundet som viktig friluftsområde skal skjermast. Avsendar meiner derfor at planforslaget er i strid med tidlegare føringar.</p> <p>Øvrebotten stiller spørsmål ved val av Holmaneset, og peikar på at Ålfoten ikke blei ferdig utgreidd. Meiner det heller ikkje vart gjort andre lokaliseringsvurderingar. Holmaneset vart av kommunen framstilt som ferdig tilrettelagt for etablering, og manglande samsvar med gjeldande plan vart sett på som uproblematisk. Ho stiller spørsmål ved om Holmaneset blei</p>	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering.

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>valt istadenfor Ålfoten fordi fleire i kommuneadministrasjonen ikkje ønskte industrietableringa i sitt eige nærmiljø. Meiner ein trong fjord ikkje kan vere eigna, at fjorden alt har mykje industri, og ein bør bevare det som er att av bukvalitetar. Ein høgrisikofabrikk på Holmaneset vil øydeleggje for friluftslivsbruken av Holmane, Sagevika, Hessvika og Leirvikneset. Holmane vil også bli øydelagde, då ein uansett LNF-føremål ikkje kan gå i land grunna omsynssoner frå fabrikk.</p> <p>At det ikkje er gjort seriøse konsekvensutgreiingar og tryggleiks- og beredskapsanalysar, meiner avsendar bør vere grunn nok til at planen blir forkasta.</p> <p>Meiner etableringa vil bety ei ofring av livskvalitet for innbyggjarane i Svelgen og Nordgulen. Ein misser eit viktig friluftsområde, etableringa fører til utryggleik i høve konsekvensar av ev ammoniakkutslepp, turistnæringa blir lite attraktiv, gammal kystfuruskog og myr går tapt trass nasjonale føringar, kulturlandskap og kulturminne misser sin verdi, og eigedomsverdi blir forringa.</p> <p>Poengterer at realitetane i høve bruk av vasskraft til produksjon av grønt hydrogen er høgst usikre. Synest det er skremmande at kommunen vil gamble med eksistensen til hjørnesteinsbedrifta ved å tillate etablering av ammoniakkanlegget.</p> <p>Innsendar er medlem av Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset, og ho håpar at alle ser dei negative konsekvensane for innbyggjarane og miljøet, og konkluderer med eit NEI til områdereguleringsforslaget.</p>	
61	Leirvik, Anne Karin og Karsten DokID 24/11505	Likelydande merknad som nr 48, Svanhild og Rasmus Leirvik. Ein viser til oppsummering av denne.	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering.
62	Dyrstad, Marit Nyvang DokID 24/11421	Ho uttrykkjer sterk motstand mot prosjektet, og meiner planen, med konsekvensutgreiing og ROS-analyse, ikkje er godt nok utgreidd. Ho peikar på visuell ureining, lys og støy, støvutslepp til sjø, og fare med nærleik til fabrikk. Ho	

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		<p>meiner det er brukt manipulering av fakta, feilinformasjon og undergraving av folkerøyster, og at det må nyttast oppdatert forskning og kunnskap om langsiktige konsekvensar av tiltaket, frå uhilda ekspertar, og spør også etter erfaring med slike anlegg.</p> <p>Ho viser til manglande alternativsvurdering for lokalisering av ammoniakkfabrikken, og viser til at det ikkje er innsyn i lokasjonsstudien til FFI. Ho spør om kommunen har råd til å ofre liv, helse, tryggleik og skatteinntekter, i tillegg til natur og dyreliv, for å gje tilgang for FFI til det unike området, og meiner og at straumprisane vil gå i veret og ramme andre næringar og verksemder hardt. Ho viser til at omsyn til innbyggjarar vart vektlagt i sakene om steinutskiping på Aksla og vindkraft på Bremangerfjellet, og meiner dei lokale ikkje blir høyrde i Holmanessaka. Ho peikar på at området i Holmane har eigenverdi, og at konsekvensane er for lite utgreidde kring risiko og verknader for dyre- og fuglelivet i fjorden og holmane, inkl naturreservatet Tennøyane. Ho nemner det rike og viktige dyre- og plantelivet, med ålegrasenger, sårbar skog og natur som er bustad for mange artar, også raudlista, og at fuglane vil forsvinne dersom gyteplassar blir borte. Hjort og andre dyr vil forsvinne, og folk i nærleiken vil flytte.</p> <p>Dyrstad fryktar restriksjonar på småbåttrafikken og fritidsfiske, og til tap i høve friluftsliv og bulyst. I grendene nær Holmaneset vil det bli kort tid for evakuering dersom det skjer uhell i produksjonen. Ho samanliknar med Herøya, der dei harulukker og evakueringar kvart år. Ho skriv at alt kan skje slik verda er i dag, og oppmodar om at ROA-analysen må vurderast nøye og konkret, også beredskapsplanar, i tilfelle lekkasje eller eksplosjon.</p> <p>Dyrstad tek og opp at det planlagde tiltaket er svært kraftkrevjande. Andre verksemder må vike, prisane blir høgare for abonnentane, og det må byggjast ut ny kraftproduksjon.</p>	<p>Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering.</p>

Nr.	Avsendar	Merknad	Kommentar
		Dyrstad peikar på at rapportar på teknisk engelsk er udemokratisk.	
63	Hatledal, Toya Therese DokID 24/11424	Merknaden er likelydande med merknad frå Svanhild og Rasmus Leivik (nr. 48). Ein viser til oppsummering av denne.	Vi viser til kommentarar til tilsvarande merknadar tidlegare i dokumentet. Merknaden er elles teken til orientering.